


***”Inn i noko endå djupare”***

***Metaforbruk om sinnet og stemningslidingar***

**Av**

**Helga Mannsåker**



**Mastergradsoppgåve ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier  
Universitetet i Bergen  
Hausten 2010**

**Studentnummer 62765**

Hva er altså sannhet? En bevegelig hær av metaforer, metonymier og antropomorfismer; kort sagt, en sum av menneskelige relasjoner, poetisk og retorisk forsterket, som er blitt overført og smykket, og som etter lang bruk nå forekommer folket kanoniske og bindende. Sannheten er illusjoner man har glemt er det, de er utbrukte metaforer som har mistet kraften til å virke på sansene, mynter som har mistet sitt bilde, og som nå bare gjelder som metall og ikke lenger som mynter.

Friedrich Nietzsche

Frå *Om sannhet og løgn i en utenommoralsk forstand* (1873), (Nietzsche 2001, s. 335)

## **Forord**

Eg ønskjer å takka følgjande personar for å ha hjelpt meg med masteroppgåva mi:

Rettleiaren min, **Torodd Kinn**, som har ytt uvurderleg hjelp i alle fasar av prosjektet mitt:

Han introduserte meg for kognitiv lingvistik i emnet *Semantikk og biletleg språk* og inspirerte meg dermed til å skriva ei oppgåve med basis i dette fagfeltet.

Han hjelpte meg i prosessen med å velja tema og problemstilling for oppgåva.

Han har vore raus med si eiga tid når det gjeld rettleiing og har tolmogig lese gjennom store mengder tekst som til dels har vore lite gjennomarbeidd m.o.t. layout og korrektur.

Han har evna til å halda oversyn over alle nivåa i og aspekta ved ein tekst, frå dei store linjene til den mest mikroskopiske detaljen, og frå innhald til språkføring til layout.

Han har lese tekstane grundig og gjeve konstruktive og vel grunngjevne tilbakemeldingar, og han har komme med gode framlegg til løysingar når eg sjølv har stått fast.

Han har nærast fungert som eit kompass når eg har vore som mest desorientert i teori, tekst og disposisjon, altså ein ekte "rett-leiar".

**Knut**, som har måtta vera "åleinefar" for dei to ungane våre mang ei helg medan eg har vore på lesesalen, som har hjelpt meg med det datatekniske og vore positiv til overgangen min frå helsevesen til HF. Takk for god støtte!

**Sylfest**, som tok på seg rolla som den ideelle målgruppelesaren og gav meg mange nyttige innspel m.o.t. språkføring og presentasjon av stoffet.

**Bård**, som gjennom kombinasjonen lege og lillebror var den perfekte medisinske fagkonsulenten.

**Foreldra mine**, som har oppmuntra meg og gjeve meg støtte på så mange vis.

**Svigermor**, som har køyrt Odda–Bergen mang ein gong, passa ungane og stilt opp med praktisk hjelp.

Og sist, men ikkje minst, **medstudentane mine på lesesalen**. Takk for alle saklege og usaklege diskusjonar i pausane!

# ***Innhaldet***

<b>1</b>	<b>INNLEIINGA</b>	<b>1</b>
1.1	Presentasjon av tema	1
1.2	Grunngjeving for tema og avgrensing av oppgåva	2
1.3	Problemstilling og forskingsspørsmål	4
1.4	Hypotese	5
<b>2</b>	<b>TEORIKAPITTELET OM KOGNITIV LINGVISTIKK OG METAFORTEORI</b>	<b>6</b>
2.1	Kognitiv lingvistikk	6
2.1.1	Den kognitive lingvistikken sine rettesnorer	7
2.2	Om kognitiv semantikk	9
2.2.1	Meininga til ord	10
2.2.2	Kategorisering	10
2.3	Om metaforar	11
2.3.1	Tradisjonelt syn vs. KL sitt syn	11
2.3.2	OMT sin definisjon av metafor	12
2.3.3	Forståing og bruk av metaforar	13
2.3.4	Språkbruk er val	14
2.3.5	Typar av omgrepsmetaforar	14
2.3.6	Kva er primære metaforar?	16
2.3.7	Primære metaforar og psykologi	17
2.3.8	Universelle vs. kulturspesifikke metaforar	17
2.4	Forholdet mellom metafor og metonymi	18
2.4.1	Kva er kva?	19
2.4.2	Metonymiar vs. primære metaforar	19
2.4.3	Interaksjon mellom metafor og metonymi	20
2.4.4	Makro- og mikrostruktur	21
2.4.5	Grammatiske metaforar	22
2.4.6	Kvifor bruker ein grammatiske metaforar?	23
2.5	Oppsummering	24
<b>3</b>	<b>KAPITTELET OM FAGSPRÅK/VITSKAPSSPRÅK</b>	<b>25</b>

<b>3.1</b>	<b>Kva er vitskapsspråk?</b>	<b>25</b>
3.1.1	Grensene for språket	26
3.1.2	Språket er verdiladd	27
3.1.3	Språket sin "brillefunksjon"	28
<b>3.2</b>	<b>Metaforbruk i vitskapsspråk</b>	<b>28</b>
3.2.1	Metaforane sin innverknad	29
<b>3.3</b>	<b>Metaforbruk i ulike akademiske sjangrar</b>	<b>30</b>
<b>3.4</b>	<b>Popularisering av fagspråk vs. læreboktekst</b>	<b>30</b>
3.4.1	Overtyding av lesaren	31
3.4.2	Nettdiskusjonen	31
<b>4</b>	<b>TEORIKAPITTELET OM PSYKIATRI SOM FAG</b>	<b>32</b>
<b>4.1</b>	<b>Kva er psykiatri?</b>	<b>32</b>
4.1.1	Psykiatrien sine problem	32
4.1.2	Psykiatrien sitt språk	34
<b>5</b>	<b>MATERIALE- OG METODEKAPITTELET</b>	<b>36</b>
<b>5.1</b>	<b>Presentasjon av analysetekstane</b>	<b>36</b>
5.1.1	Grunngjeving for val av tekstar	37
<b>5.2</b>	<b>Framgangsmåte</b>	<b>38</b>
5.2.1	Identifisering av biletlege språklege uttrykk	39
5.2.1.1	Direkte språkbruk, indirekte tyding	40
5.2.1.2	Metaforsignalisering	41
5.2.1.3	Å finna metaforar i diskurs	41
5.2.2	Identifisering og eksplikering av mål- og kjelddomene	42
5.2.2.1	Frå språklege uttrykk til omgrepsmetaforar	42
5.2.3	Oppbygging av tilordningsoversyn	43
5.2.4	Drøfting og vurderande tolking	44
<b>5.3</b>	<b>Atterhald</b>	<b>44</b>
<b>5.4</b>	<b>Oppsummering</b>	<b>45</b>
<b>6</b>	<b>ANALYSE- OG DRØFTINGSKAPITTELET</b>	<b>46</b>
<b>6.1</b>	<b>Praktiske opplysningar</b>	<b>46</b>

<b>6.2</b>	<b>Sinnet</b>	<b>47</b>
6.2.1	SINNET ER KROPPEN	47
6.2.2	PSYKISK TILSTAND ER SOMATISK HELSETILSTAND	48
6.2.2.1	Sjukdomsmetaforen i psykiatri	48
6.2.2.2	Diagnosemetaforen i psykiatri	50
6.2.2.3	Psykiatri og funksjon	52
6.2.3	EFFEKT PÅ SINNET ER KONTAKT MED KROPPEN	54
6.2.3.1	Psykopatologi som fysisk åtak	54
6.2.3.2	Intimitet som nærleik	54
6.2.3.3	Psykofarmaka som støtte	55
6.2.4	REGISTRERING AV INTRASUBJEKTIVE PROSESSAR ER PERSEPSJON	56
6.2.4.1	Syn og kognisjon	56
6.2.4.2	Psykopatologi som forstyrningar i sanseapparatet	57
6.2.5	SINNET ER KROPPEN (SOM BEHALDAR)	59
6.2.5.1	Behaldarmetaforen	59
6.2.5.2	Leidningsmetaforen	60
6.2.5.3	Sinnet som behaldar for intrasubjektivt materiale	61
6.2.6	KOGNISJON/PSYKISK TILSTAND ER Å HANDTERA/EIGA EIT OBJEKT	63
6.2.6.1	Kognisjon som objekthandtering	63
6.2.6.2	Psykisk tilstand som eigedom	63
6.2.6.3	Psykopatologi som mangel på kontroll	64
6.2.7	SINNET ER EIN ENTITET MED ROMLEG PLASSERING, ORIENTERING OG FORFLYTTINGSEVNE	66
6.2.7.1	Psykopatologi som ustabilitet	66
6.2.7.2	Mental tilstand som plassering	66
6.2.7.2.1	Affektive tilstandar som vertikal plassering og rørsle	67
6.2.7.2.2	Normalitet som rett plassering	69
6.2.7.3	Problem med depresjonsomgrepet	70
6.2.7.3.1	Depresjon vs. melankoli	72
6.2.7.3.2	Styron om depresjonstermen	73
6.2.8	SINNET ER EIT FYSISK OBJEKT	76
6.2.8.1	Vekta til sinnet	76
6.2.8.2	Styrken til sinnet	76
6.2.8.3	Sinnet si form	77
6.2.8.4	Sinnet som maskin	79
6.2.9	SINNET ER FLEIRE DISTINKTE INDIVID	81
6.2.9.1	Det delte sjølvvet	81
<b>6.3</b>	<b>AFFEKTIVE LIDINGAR</b>	<b>84</b>
6.3.1	AFFEKTIV LIDING ER FYSISK KRAFT	84
6.3.1.1	Psykopatologi som kraft	84

6.3.1.2	Talmy sitt kraftdynamikksystem	85
6.3.1.3	Kraftdynamikk og mentale prosessar	86
6.3.1.4	Freud og kraftdynamikksystemet	88
6.3.1.5	Kraftdynamikksystemet sine avgrensingar	88
6.3.1.6	Affektiv liding som kraft	89
6.3.2	<b>AFFEKTIV LIDING ER INDIVID</b>	91
6.3.2.1	Affektive lidingar som individ	91
6.3.2.1.1	Kva slags "individ"?	91
6.3.2.2	Motivering av metaforen	92
6.3.2.3	Implikasjonane av metaforen	93
6.3.2.4	Drøfting av døme frå teksten	94
6.3.3	<b>AFFEKTIV LIDING ER FYSISK OBJEKT</b>	96
6.3.3.1	Affektive lidingar som fysiske objekt	96
6.3.3.2	Vekta og storleiken til depresjonar	96
6.3.3.3	Relativitet	97
6.3.3.4	Forma til psykiske lidingar	97
6.3.3.5	Forklaring vs. skildring av psykiske lidingar	99
6.3.3.6	Psykiske problem er bærer	99
6.3.3.7	Mani som mangel på bærer	100
6.3.3.8	Psykisk liding som behaldar	101
<b>7</b>	<b>OPPSUMMERINGS- OG KONKLUSJONSKAPITTELET</b>	<b>104</b>
<b>7.1</b>	<b>Samanlikning av funna</b>	<b>104</b>
7.1.1	Å vera sjuk vs. å ha ein sjukdom	105
7.1.2	Affektiv liding som kraft – kunstnarmyten	108
<b>7.2</b>	<b>Oppsummering av undersøkinga</b>	<b>109</b>
<b>7.3</b>	<b>Konklusjon</b>	<b>110</b>
<b>8</b>	<b>LITTERATURLISTA</b>	<b>114</b>
	<b>VEDLEGG 1: DEI TO STORE METAFORSYSTEMA</b>	<b>120</b>
	<b>VEDLEGG 2: ANALYSEUTDRAGET FRÅ NETTDISKUSJONEN</b>	<b>121</b>
	<b>VEDLEGG 3: ANALYSEUTDRAGET FRÅ RETTERSTØL</b>	<b>127</b>
	<b>VEDLEGG 4: ANALYSEUTDRAGET FRÅ KRINGLEN</b>	<b>130</b>

**SAMANDRAG**

**135**

**ABSTRACT**

**136**



# 1 Innleiinga

der tema, problemstilling og hypotese for oppgåva vert presenterte, og val av tema og problemstilling vert grunnleggjande.

## 1.1 Presentasjon av tema

- Har du høyrte kva som har skjedd med P? Han har hatt eit samanbrot!
- Har han implodert, meiner du?
- Nei, han har møtt veggen!
- Åja, han har treft ein vegg og fått kompresjonsbrot i ein knokkel?
- Nei, han er utbrend!
- Utbrend? Då må han jo ha livstruande brannskadar! Er han på brannskadeavsnittet på Haukeland?
- Nei, han har kjørt seg for hardt på jobben, og no er han heilt knekt, han har gått i kjellaren.
- Har han kjørt gale og skadd seg alvorleg? Kvifor er han nede i kjellaren? Meiner du likkjellaren?
- Fattar du ikkje kva eg meiner, då? Eg blir sprø av deg!
- Du kan vel ikkje skulda på meg for at du blir beinskjør?!
- !!!

Metaforiske uttrykk for psykiske vanskar florerer i daglegtalet. Dei er så innarbeidde i språket at vi til vanleg ikkje tenkjer på dei som metaforar. Men at uttrykk som å *knekkja saman* er eit døme på overført tyding, vil dei færreste nekta for når dei får tenkt seg om.

Eit utbreidd syn på metaforar er at dei er eit stilistisk verkemiddel og ikkje ein naudsynt del av kommunikasjon. Dersom dette stemmer, bør det finnast uttrykk for t.d. 'å knekkja saman' som ikkje er metaforiske. Den beste staden å finna slike ikkje-metaforiske uttrykk på skulle ein tru må vera i vitskapen om psykiske sjukdommar, i psykiatrien. Nyttar fagfolka i psykiatrien ein meir presis og mindre metaforisk terminologi for psykisk sjukdom? Det er slike spørsmål eg vil ha svar på i oppgåva mi. Når det gjeld dømet med uttrykket å *knekkja saman*, vil fagfolka gjerne omtala fenomenet som "ein sterk psykisk reaksjon". Dei snakkar t.d. om å "gå inn i ein djup depresjon" eller å "bli ramma av eit kraftig angstanfall". Men finn vi bokstaveleg, konkret språkbruk i desse døma? I kva forstand er ein psykisk reaksjon "sterk"? Det er korkje snakk om fysiske krefter eller slitestyrke. Og kor "går" vi for å "komma inn i" depresjonen, og kor "djup" kan han verta? Er angst eit slags flygande objekt som rammar vilkårleg?

Metaforbruk støyter vi på overalt. Det kan vera konvensjonelle, upåfallande metaforar eller meir vidløftige og blømande. Opp gjennom historia har ulike retningar i psykiatrien nytta

ulike metaforar for å skildra menneskesinnet. Det har blitt samanlikna med mellom anna ei klokke, ei maskin og eit isfjell. Termodynamikk, kybernetikk og IT-teknologi er blant vitskapane som har blitt "lånte inn" for at vi betre skal forstå den kompliserte menneskelege psyken (Skårderud, Finn i Aaslestad 1997, føreord).

I oppgåva ønskjer eg å undersøka kor ofte fagfolk nyttar metaforar når dei snakkar om menneskesinnet, og kva slags metaforar dei tek i bruk. Temaet er altså metaforbruk om psykiske lidingar i fagspråket, nærare bestemt psykiatrien sitt fagspråk. Eg vil analysere metaforbruken i to tekstar skrivne av psykiatriprofessorar, ein tekst meint for fagfolk og ein for lekfolk. Den første teksten er eit utdrag henta frå kapittel 26, *Affektive tilstander*, i Einar Kringlen si bok *Psykiatri*. Den andre teksten er eit utdrag frå kapittel 8, *Stemningslidelser og depresjoner*, i Nils Retterstøl si bok *Menneskesinnets irrganger*. I tillegg vil eg analysere eit utdrag av ein diskusjon henta frå eit internetforum for personar med diagnosen bipolar; *bipolar.no*.

Eg vil sjå om metaforbruken endrar seg med endra grad av formalitet. Dersom det er færre metaforar i den mest "vitskapelege" og formelle teksten, tyder det på at fagfolk korpje treng eller ønskjer å bruka metaforar når dei snakkar om emnet seg imellom, og at dei nyttar metaforar pedagogisk, for å gjere emnet forståeleg for folk flest. Dersom det er heilt ulike metaforar som vert nytta i dei tre tekstane, tyder det på at det er eit skilje mellom fagfolk og lekfolk i måten dei omtaler emnet på, og at forfattaren i den populærvitskapelege boka har måtta ta omsyn til dette. Metaforteorien eg vil bruka, er henta frå den kognitive lingvistikken. Eg har valt ut dei teoriene som eg meiner er mest relevante i høve til det eg skal undersøka.

## 1.2 Grunngeving for tema og avgrensing av oppgåva

Den kognitive lingvistikken ser på metaforar som ein essensiell del av språket og hevdar at dei "strukturerer og påvirker dagliglivets tanker. Vi forstår virkeligheten gjennom metaforer." (Lakoff og Johnson 2003, omslag). Dersom dette er rett, vil studiar av metaforbruk på ulike område kunna gje kunnskap om korleis vi oppfattar, og kva vi tenkjer om ulike livsområde. Mange slike studiar er allereie blitt utførde, med fokus på mellom anna økonomi, politikk, kjensler og religion. Sjå t.d. Chilton (1995), Cameron (2003), Kövecses (2000) og St. Clair (2002). Etter det eg kjenner til, er det gjort lite forskning på psykiatri som fagfelt. Det er fleire grunnar til at dette feltet er interessant å undersøka.

For det første er 'menneskesinnet' i seg sjølv eit abstrakt omgrep. Korleis omtaler ein slike abstrakte fenomen?

At eit omgrep er abstrakt, tyder ikkje at det er fiktivt, men at det manglar materiell eksistens, det er ikkje ein fysisk entitet. Vi kan rekna med tre ulike former for eksistens: fysisk eller objektiv (t.d. ein fotball), psykisk eller intrasubjektiv (t.d. glede over ei skåring) og sosial eller intersubjektiv (t.d. reglane i fotball). Desse ulike fenomen *eksisterer* alle saman, men

berre det fysiske objektet (fotballen) er *konkret*. Dei andre to er abstrakte. Popper seier det slik:

[W]e may distinguish the following three worlds or universes: first, the world of physical objects or of physical states; secondly, the world of states of consciousness, or of mental states, or perhaps of behavioural dispositions to act; and thirdly, the world of objective contents of thought, especially of scientific and poetic thoughts and works of art. (Popper 1979, s. 106)

For det andre er det interessant å sjå korleis fagfolk omtaler emnet, sidan psykiatrar som faggruppe har ein viktig funksjon i samfunnet. Dei har monopol på å avgjera om ein person er tilrekneleg eller ikkje, på å dømme ein person til tvunge helsevern og på å avgjera om ein gjerningsmann er strafferettsleg tilrekneleg. Ei yrkesgruppe som har einerett på å avgjera om ein person er "normal" eller "sinnssjuk", om han eller ho kan gå fri eller må sperrast inne, har stor makt. Det er derfor interessant å sjå om psykiatrar har fundamentalt andre måtar å snakka om menneskesinnet på, eller om skilnadane mellom dei og lekfolk er meir overflatiske.

Psykiatri er ei spesialisering innanfor medisin, det vil seia at ein psykiater er ein lege som har spesialisert seg i psykiske sjukdommar. Kroppen er ein fysisk entitet som høyrer til i den første verda, medan sinnet er intrasubjektivt og høyrer til i den andre verda. Korleis taklar ein person som har seks års grunnutdanning i ein hovudsakleg biokjemisk, positivistisk disiplin, overgangen til eit fagfelt der ein arbeider med noko så abstrakt som menneskesinnet?

Hovudvekta i medisinfaget ligg på diagnostisering og behandling. Rett behandling føreset rett diagnostisering, og dette er ført vidare i psykiatrien, der ein opererer med eit standardisert, internasjonalt diagnosesystem. Psykiatrien sitt diagnosesystem er ein del av ICD-10 (*International Classification of Diseases*), som er utarbeidd under leiing av WHO. Psykiatri har eit eige kapittel i systemet (ICD-10 kap. V). USA har eit eige system, DSM-IV (*Diagnostic and Statistical Manual of Mental Disorders*). Tala 10 og 4 (høvesvis) viser til kva versjon av diagnosesystemet som no er i bruk. DSM får ein ny versjon (nr. 5) i 2012, og ICD-10 vert oppdatert årleg.

Når medisinarar skal arbeida med psykiatri, må dei ta i bruk andre metodar enn i somatikk. Diagnostiseringa støttar seg i stor grad på det såkalla psykiatriske intervjuet. Verktøyet til legen i psykiatri er korkje blodprøvar eller EKG, det er i hovudsak språket. Somatikken er prega av naturvitskapeleg hypotetisk-deduktiv metode, medan psykiatrien i større grad er hermeneutisk. Somatisk sjukdom er lettare å diagnostisera gjennom undersøkingar og målingar og vanskelegare å simulera.<sup>1</sup> Psykiatrisk sjukdom er lettare å

---

<sup>1</sup> Det er sjølvsagt skilnadar på kor lett eller vanskeleg det er å finna ut av fysiske lidingar, t.d. er lårbeinsbrot mykje lettare å diagnostisera enn fibromyalgi.

simulera, det er heller slik at det er vanskeleg å prova at ein er psykisk frisk dersom ein har fått mistanken om psykopatologi på seg. Dette er tema som eg vil ta nærare for meg seinare i oppgåva.

For det tredje er det ikkje minst eit alvorleg problem at tabu og stigmatisering er knytte til psykiatriske pasientar. Mytane rundt psykiske problem er utbreidde, og dette medfører auka lidning for dei som vert ramma. Dette trass i at annankvar nordmann vil oppleva psykiske vanskar i løpet av livet (Kjos 2008). Kan ein sjå spor av desse stigmatiserande tenkjemåtane i metaforbruken? Og kan eventuelle "uheldige" metaforar føra til uheldige haldningar til psykisk sjukdom? I daglegtale florerer det av til dels svært kreative og blømande metaforar om menneskesinnet, særleg om (små og store) avvik frå den avbalanserte psykiske tilstanden som er idealet. Slike metaforiske uttrykk er ofte humoristiske og nedsetjande, t.d. "*å ha ei skrue laus, å vera sprø, koko, skrullete, å ikkje vera på nett, ikkje på stasjonen eller ikkje i vater*". Sjå også Szasz (1993). Kva skil desse kvardagslege metaforane frå fagspråket sine metaforar? Dessutan: Nyttar fagfolk ulike metaforar når dei kommuniserer med fagfolk kontra lekfolk? I spekteret frå daglegtale via populærvitskapelege framstillingar til fagbøker er det aukande faglegheit og formalitet frå førstnemnde til sistnemnde. Endrar metaforbruken seg tilsvarande undervegs?

For det fjerde tyder resultatane oppnådde med behandlingsforma narrativ terapi på at val av metaforar og språkføring har psykisk og kognitiv effekt. Kort sagt er credoet i denne terapiforma at *problemet* er problemet, ikkje personen. (Sjå også avsnitt 7.1.1, der eg drøftar skilnaden mellom uttrykka *å vera sjuk* vs. *å ha ein sjukdom*.) Det er difor interessant å undersøkje om fagfolka er medvitne på å uttrykja seg på ein "terapeutisk" måte.

Termene og modellane i psykiatri og psykologi vert fanga opp og (mis)brukte av lekfolk, noko som kan føra til forvirring og stigmatisering. Eit døme på dette er nemningane *schizofren* og *psykopat*. Lekfolk nyttar t.d. *schizofren* når dei eigentleg truleg meiner 'multipel personlegdomsforstyrning', ein tilstand som er svært sjeldan og omstridd. *Psykopat* er ei nemning som i tillegg til å vera uklar no er blitt så negativt belasta og ukritisk brukt at mange fagfolk ønskjer å byta ho ut, sjå t.d. Retterstøl (1998), Cullberg (1999) og Kringlen (1997).

### 1.3 Problemstilling og forskingsspørsmål

Kva slags eventuelle metaforar nyttar psykiatrar for å formidla faget sitt, til andre fagfolk og til lekfolk? Og kvifor vel dei nettopp desse metaforane? Eg vil undersøkje om det er stor skilnad i metaforbruken hjå fagfolk som vender seg til andre fagfolk, vs. fagfolk som vender seg til lekfolk. Vidare vil eg sjå om det er stor avstand mellom fagfolk og lekfolk i språkbruk. Som nemnt tidlegare, er det gjort ulike studiar om metaforbruk som gjeld kjensler, til dømes Kövecses (2000) og Stefanowitsch (2006), men mindre om metaforar nytta om

psykopatologi. Det er viktig å vera klar over at for eksempel 'trist' ikkje er det same som 'deprimert' og at 'glad' ikkje er det same som 'manisk' (Laird og Flack 1998). Viser dette seg i metaforbruken til fagfolka, eller er det lik metaforbruk om normale og patologiske fenomen?

#### **1.4 Hypotese**

Hypotesen min er at vitskapelege teoriar gjer bruk av mange av dei same underliggjande metaforsystema som daglegspråket gjer. Med det meiner eg at metaforane til ekspertane i stor grad byggjer på dei same tenkjemåtane som lekfolk sine metaforar gjer, men dei språklege uttrykka dei nyttar, er gjerne annleis. Hypotesen er basert på den kognitive lingvistikken sin påstand om at vi forstår røynda gjennom metaforar, og at metaforar er ein essensiell del av både språk og tanke (sjå sitat frå Lakoff og Johnson i avsnitt 1.2). Det er dermed grunn til å tru at vitskapsfolk er like avhengige av metaforar for å tileigna seg og formidla kunnskap som lekfolk er. (I kapitlet om vitskapspråk vert denne påstanden underbygd med teori frå m.a. Darian (2003), Kövecses (2000) og Føllesdal (2002).) I tillegg trur eg at mykje av metaforbruken rundt psykopatologi er samanfallande med metaforbruken om emosjonar generelt, fordi 'psykopatologi' er eit mykje nyare, meir abstrakt konsept enn 'emosjonar', og fordi det er ein emosjonell komponent i dei fleste former for psykopatologi (Laird og Flack 1998). Emosjonar og psykopatologi er begge intrasubjektive tilstandar. Derfor er det rimeleg å gå ut ifrå at eksisterande språkbruk om emosjonar vart teken i bruk for å skildra psykopatologi.

## 2 Teorikapittelet om kognitiv lingvistikk og metafor-teori

der det vert gjort greie for den kognitive lingvistikken generelt og den kognitive semantikken spesielt, med særleg vekt på metafor. Her vert dei lingvistiske teoriane som analysen og drøftinga byggjer på, presenterte.

### 2.1 Kognitiv lingvistikk<sup>2</sup>

Uttrykket *kognisjon* stammar frå det latinske *cognitio*, av *cognoscere*, 'læra å kjenna, erkjenna' og vert nytta om det som har med tenking, persepsjon, minne, språk og problemløysing å gjera, altså *fornuftsbestemd, erfaringsgrunngjeven erkjening*. Kognisjon står i motsetnad til kjensler (emosjonar og affektar) og vilje (behov og motivering) (Malt, Ulrik i *Store norske leksikon*, [http://www.snl.no/.sml\\_artikkel/kognitiv](http://www.snl.no/.sml_artikkel/kognitiv), 12.08.10), (Benson 1999) og (Berulfsen og Gundersen 2003).

Den kognitive lingvistikken har lånt både teori og terminologi frå den kognitive psykologien, og lingvistar og psykologar arbeider med dei same problemstillingane rundt språk og tanke. Begge høyrer til den interdisiplinære kognitive vitskapen, som i tillegg omfattar filosofi, nevrovitskap og vitskapen om kunstig intelligens (AI). I lingvistikken oppstod den kognitive retninga på 1970-talet, som ein reaksjon på den dåverande dominerande teorien, generativ grammatikk, med Noam Chomsky som den førande teoretikaren. Den kognitive retninga i psykologi kom på 1960-talet og var særleg inspirert av gestaltpsykologien. Gestaltpsykologane hevdar at sinnet er aktivt, og at det konstant søker meining. Gestaltpsykologien syner korleis persepsjonsapparatet vårt *aktivt tolkar* sensoriske inntrykk, slik at persepsjonen tilfører element som ikkje kjem frå sansestimuliane. Vi opplever heilskap eller eit mønster (altså ikkje ei rekkje separate sanseintrykk) når vi persiperer eit objekt eller eit fenomen. Gestaltprinsippa gjeld for alle sansane og for alle aspekt ved kognisjon, som språk og emosjonelle, mellommenneskelege og sosiale fenomen. Når objekt er symmetriske, enkle og stabile, opplever vi at dei er "rette" og "gode". Derfor freistar vi umedvite å skapa slike gestaltar av sanseintrykka vi mottek (Benson 1999). Sidan språk er ein kognitiv funksjon, gjeld fenomenet dermed også for *språklege* eigenskapar. Følgjande gestaltprinsipp, henta frå Benson (1999) og Evans og Green (2006), organiserer og legg avgrensingar på våre erfaringar med verda (Under har eg sett inn forslag til korleis ein kan sjå gestalteigenskapar i *språket*. Desse forslaga er markerte med kursiv.):

- 1) Figur – grunn-organisering: Vi oppfattar ein situasjon i form av ein figur og ein bakgrunn. *I ei setning vert figuren typisk plassert først i setninga og har den*

---

<sup>2</sup> Teoriframstillinga i dette kapittelet er bygt på Evans og Green (2006) dersom ikkje anna er nemnt.

*syntaktiske rolla subjekt. Resten av ytringa fungerer som bakgrunn for figuren eller subjektet. (Jf. termene tema og rema.)*

- 2) Nærleik: Element som er nær kvarandre i ein situasjon, blir oppfatta som ei gruppe. *Vi oppfattar ikkje bokstavane i eit ord som isolerte einingar; vi ser dei som gruppe, dvs. ordet som heilskap. Det er mykje tyngre å lesa **utanmellomrommellomorda**, sidan vi då må sjå på kvar bokstav for å sjå kva bokstavar som høyrer saman, og kva som ikkje høyrer saman.*
- 3) Likskap: Einingar som har same visuelle karakteristika, blir oppfatta som ei gruppe. *Dette kan vi t.d. nytta til å skilja ut delar av ytringa eller teksten, slik eg gjer i dette avsnittet. Eg bruker kursiv for å skilja mellom dei generelle gestalprinsippa og mine forslag til korleis dei verkar i språket .*
- 4) Fullføring: Uferdige figurar blir fullenda, sjølv om delar av informasjonen manglar. *Vi kan tyda ei ytring sjølv om somme element manglar eller er feile (t.d. bokstavar, ord, lydar). Jamfør ellipsar og forkortingar.*
- 5) Kontinuitet: Vi har ein preferanse for kontinuerlege figurar, t.d. oppfattar vi **X** som to kryssande linjer heller enn som ei spegling av **v**. Vi har ein tendens til å oppfatta heilskap heller enn separate delar. *Vi oppfattar lett samanheng i tekst. Komma, punktum og andre skiljeteikn må til for å bryta opp " tekstgestalten" til mindre gestaltar. Plassering av komma kan endra meininga til ei ytring totalt, som når ein set komma anten før eller etter "ikkje" her: Drep han ikkje vent til eg kjem. Metonymi kan også vera døme på kontinuitet, t.d. når vi snakkar om effekt for årsåk; årsak og effekt vert oppfatta som ein gestalt.*
- 6) Fokus på små ting: Mindre entitetar blir typisk oppfatta som figur, større entitetar som bakgrunn. *Derfor seier vi "Vasen står på bordet", ikkje "Bordet står under vasen".*

### **2.1.1 Den kognitive lingvistikken sine rettesnorar**

Kognitiv lingvistik (heretter KL) har to hovuddisiplinar: kognitiv semantikk og kognitiv grammatikk. Semantikken undersøker korleis omgrepa vert danna og strukturerte på det kognitive nivået, dvs. at dei ser på lingvistisk meining som eit uttrykk for korleis *sinnen* konstruerer meining. I KL blir grammatikken sett på som eit meiningsfylt system i seg sjølv og grammatikk og semantikk vert ikkje sedde på som to separate disiplinær. KL sitt syn er at grammatikken berre kan bli forstått på grunnlag av semantikken. KL hevdar at språket er eit vindaug inn til sinnet, fordi språk gjev innsikt i strukturen til og organiseringa av tankar og idear på det kognitive nivået.

Ifølgje Evans og Green (2006) har KL to hovudrettesnorar: Den første er at ein skal finna generelle prinsipp som gjeld for alle aspekt ved språket, "The Generalisation

Commitment”. Den andre er at funna skal vera i samsvar med eksisterande kunnskap frå dei andre kognitive disiplinane, ”The Cognitive Commitment”. Sidan funna i KL skal kunna samsvara med kunnskap frå andre kognitive disiplinane, vil eg trekkja inn funn frå desse andre disiplinane der eg meiner det er relevant. Dette gjer eg for å underbyggja teoriane til KL og ev. eigne konklusjonar.

KL forkastar den kartesiske dualismen som har vore eit særmerke i rasjonalistiske tilnærmingar som vi finn m.a. i den generative grammatikken. KL sitt syn er at sinnet ikkje kan undersøkjast isolert frå kroppen. Kropp og tankar er ikkje separate einingar som eksisterer uavhengig av kvarandre. KL har såleis ei empirisk tilnærming.

Våre erfaringar med verda og vår oppfatning av røynda er eit resultat av korleis kroppen og hjernen vår fungerer, m.a.o. er dei underlagde menneskekroppen sine evner og avgrensingar. Vi opplever ikkje verda ”slik ho verkeleg er”. Persepsjonen vår kan spela oss puss (jf. t.d. optiske bedrag) og har artsspesifikke grenser. Fuglar og insekt har eit mykje større synsfelt og skarpsynsevne enn oss, hundar har betre lukte- og hørselsans og flaggermus nyttar ekkolokalisering for å navigera og for å lokalisera byttedyr. Kroppen vår avgjer altså kva vi opplever. Det er erfaringane våre som dannar grunnlaget for og pregar språket (erfaringsrealisme), språket reflekterer *ikkje* den objektive verda direkte (objektivismen). Ein av måtane erfaringane våre formar språket på, er i form av såkalla biletskjema, der grunnleggjande fysiske erfaringar som t.d. balanse og kontakt blir lagra som omgrep i det kognitive systemet. Desse kan igjen bli utvida til å gjelda for meir abstrakte omgrep, såkalla konseptuell projeksjon. Døme på ein slik projeksjon er omgrepsmetaforar eller konseptuelle metaforar (sjå avsnitt 2.3.2). Ein kan få meiningsutviding på andre måtar også, som ved metonymi, biletskjematransformasjonar, pragmatisk forsterking eller grammatikalisering.

Det finst to typar erfaring: sensorisk, som gjeld perseptuelle inntrykk frå omverda, og introspektiv, som gjeld kjensler, medvit, tidsoppleving. Det er typisk for menneskeleg omgrepsdanning at introspektiv erfaring blir strukturert ut frå omgrep som gjeld sensorisk erfaring. Dette viser seg tydeleg i fenomenet omgrepsmetaforar.

KL hevdar at språkstruktur og brukaren sin kunnskap om språk kjem av språkbruk (dette vert kalla funksjonalisme). Denne tilnærminga nyttar ein til å forklara språkbrukaren sin kunnskap om språk, språkending og språktileigning. Det finst ikkje nokon separat modul i hjernen for språk (sjølv om evna vår til å læra og nytta språk er basert på medfødde, artsspesifikke strukturar i hjernen). Språkbruk er ein kognitiv prosess på linje med persepsjon, tenking, minne og problemløysing. Fenomen som den generative grammatikken har sett på som perifere, blir i KL handsama som sentrale, t.d. metafor, idiom, parafrasering og semantisk tolking.



## 2.2 Om kognitiv semantikk

Kognitiv semantikk har ifølgje Evans og Green (2006) fire hovudprinsipp:

- 1) Omgrepsstruktur har grunnlag i erfaring med omverda (erfaringsrealisme). Teorien om biletskjema illustrerer dette prinsippet og går ut på følgjande: Prekonseptuelle, abstrakte, undermedvitne omgrep ligg i det konseptuelle systemet. Dei finst der som resultat av dei grunnleggjande erfaringane vi alle har av å ha ein kropp som interagerer med omverda, gjennom m.a. syn, hørsel, rørsle, balanse. Termen *prekonseptuell* refererer til at omgrepa oppstår i førkonseptuell alder. Det er dei første omgrepa som blir lagra. Omgrepa er skjematisk og danner grunnlaget for omgrepssystemet. Eit døme er biletskjemaet 'opp–ned', som byggjer på opplevinga vår av gravitasjon og det at vi har ein asymmetrisk vertikal akse, der hovudet er opp og føtene ned. Desse biletskjemaa kan vera basis for meir spesifikke omgrep, og dei kan overførast til meir abstrakte omgrep i form av metaforar.
- 2) Semantisk struktur er det same som omgrepsstruktur, dvs. at språket refererer til objekt i verda via omgrep i det kognitive nivået i sinnet til talaren.
- 3) Meiningsrepresentasjon er basert på kunnskap om verda generelt, altså ikkje berre basert på kunnskap om språket. Ord er nøklar til store lager av kunnskap om ulike omgrep. Vi kan ikkje forstå kva eit ord tyder uavhengig av den store kunnskapsbasen det er knytt til. Korleis kan ein t.d. forklara kva ein radius er utan å nemna sirkelar? Og korleis definera ein sirkel utan å referera til sentrum og linjer? Her er 'radius' figur, og 'sirkel' er bakgrunn eller domene (jf. gestaltprinsipp nr. 1, avsnitt 2.1). Ein skil mellom grunnleggjande og abstrakte domene, der dei førstnemnde er prekonseptuelle og dermed direkte resultat av fysiske erfaringar. Dei er i sin tur grunnlaget for abstrakte domene.
- 4) Meiningskonstruering er konseptualisering, ein dynamisk prosess på det kognitive nivået. Derfor er mening ikkje ei eining som er ferdig nedfelt i språket. Mening blir forma "on-line" i ein spesifikk kontekst. KL hevdar såleis at det ikkje er noko tydeleg skilje mellom semantikk og pragmatikk. Nyare forskning i kognitiv psykologi og nevrovitenskap tyder på at omgrep er perseptuelle symbol, nevralt representasjonar lagra i sensorisk-motoriske område i hjernen. Dei er multi-modale i den forstand at dei inneheld informasjon frå ulike sensorisk-perseptuelle og introspektive inntrykk. Desse er organiserte i simulatorar, system som samlar perseptuelle symbol omhandlande det same fenomenet (t.d. 'hammar'). Simulatoren for 'hammar' inneheld ei ramme (domene) og ei simulering av våre samla perseptuelle erfaringar med hamrar. Døme på dette kan vera korleis ein typisk hammar ser ut, korleis det kjennest å halda ein hammar i handa, og korleis

det høyrer ut når ein hamrar inn ein spikar. Konseptuelle representasjonar er altså perseptuelle av natur, dvs. at dei er baserte på sanseerfaringar. Dette oppfatar eg som eit prov for at sinnet er kroppsleggjort og dermed eit nytt tilbakeslag for den kartesiske dualismen.

### 2.2.1 Meiniga til ord

Val av ord inneber val av ramme og dermed også val av ein spesiell meiningskonstruksjon. Språkbruk er ikkje nøytral eller tilfeldig. Ein kjem ikkje utanom å velja eit perspektiv. Det er alltid fleire måtar å seia noko på. Er den som snur på krona, "gjerrig" eller "nøysam"? Nietzsche hevdar ifølgje T. B. Eriksen at:

Språket bemektiger seg og tilrettelegger omgivelsene. Forbindelsen mellom språk og virkelighet hviler ikke på noen evig identitet mellom ord og ting. Tvert imot maskerer språket virkeligheten, slik at masken blir ansett for virkeligheten selv. Språkbruk står alltid midt i en strid med alternativer, en strid om hvilke mønstre som skal legges på omverdenen. (Eriksen 2000, s 141)

Kognitive semantikarar hevdar at meiniga til eit ord er eit komplekst samspel mellom polysemi, kontekst og verdskunnskap. Dette viser seg m.a. i samansette ord: Det er ikkje eit fastlagt, eintydig samband mellom to ord i ei samansetjing. Samanlikn t.d. følgjande samansetjingar: *pastasalat*, *waldorfsalat*,<sup>3</sup> *cæsarsalat*, *sommarsalat*, *vegetarsalat*, *hovudsalat*. Kognitiv semantikk sitt syn på tyding liknar på den kognitive psykologien sin teori om omgrepskategoriar som middel for å få tilgang til meir informasjon om det kategoriserte individet. Det fokuserer også på korleis det å velja eit ord er ein måte å konstruera sambandet mellom erfaringa som blir kommunisert, og den eksisterande kunnskapen til samtalepartnarane. Günter Radden understrekar kor sentral meiningskonstruksjonsprosessen er: "Meaning construction pervades every aspect of our lives. A crucial aspect of our interaction in the world is being able to identify and categorize things." (2007, s. 2)

### 2.2.2 Kategorisering

Termen *kategorisering* blir brukt om evna vår til å finna likskapar og skilnader mellom entitetar og på bakgrunn av dette samla dei i grupper. Denne prosessen blir styrt av to prinsipp: kognitiv økonomi og den strukturen vi oppfatar at verda har. Det første prinsippet går ut på at vi prøver å skaffa oss mest mogeleg informasjon om omverda med minst mogeleg bruk av kognitive ressursar. Ved å samla liknande inntrykk i grupper slepp vi å lagra individuell informasjon om kvar einaste individuelle entitet. I tillegg er verda strukturert slik at

---

<sup>3</sup> Følgjande ordveksling mellom hotelleigaren Basil Fawlty og ein hotellgjest kan illustrera at verdskunnskap er naudsynt for å avgjera meiniga til eit ord eller ei ordsamansetting: – I want a Waldorf Salad. – [Waldorf Salad is not on the menu.] I beg your pardon? – Get me a Waldorf Salad. – Well, I think we just ran out of Waldorfs! (Frå BBC-komedien *Fawlty Towers*)

det finst samband mellom ulike entitetar og ulike eigenskapar, slik som fjør, vengjer og flygeevne. Lakoff (1987) hevdar at kategorisering (og andre kognitive prosessar) blir styrte av såkalla idealiserte kognitive modellar (IKM). (Ei ramme er ein type IKM.) Dette er relativt stabile mentale representasjonar av teoriar om verda. Ein IKM kan vera strukturert ut frå biletskjema, faktakunnskap, metaforar, metonymiar eller semantiske rammer. Dei er komplekse kunnskapsstrukturar som gjev form og bakgrunnskunnskap til mentale rom, som er konseptuelle kunnskapspakkar laga on-line under meiningskonstruksjonen. Ifølgje Lakoff er mentale rom eit medium for omgrepsdanning og tanke. Dei er komplekse og midlertidige konseptuelle domene som vert sette saman som eit resultat av ein pågåande diskurs. Mentale rom er detaljerte, men abstraherer likevel over ei rekkje erfaringar.

## 2.3 Om metaforar

### 2.3.1 Tradisjonelt syn vs. KL sitt syn

Termen *metafor* kjem frå gresk *metaphora*, 'overføring'. Eit ord kan bli brukt i "overført" eller "biletleg" tyding, dvs. at det vert nytta om noko anna enn det den bokstavelege meininga til ordet refererer til. I antikken vart metaforen av mange, som Aristoteles og Cicero, sedd på som den fremste av tropane, eit verkemiddel for å setja ord på det som er vanskeleg å setja ord på, for å avsløra likskap eller gje ny innsikt. Dei fleste assosierer gjerne metaforar med poesi, politisk retorikk og andre "høgstemde" sjangrar, langt frå daglegtale. Metafor er blitt oppfatta som eit lingvistisk fenomen, språkleg ornamentikk som vert nytta som effektar av ordkunstnarar. Dette heng saman med ei oppfatning om at ein alltid kan uttrykkja det ein vil seia utan å ty til metaforar, dei synest ikkje vera naudsynte.

I opplysingstida vart antikken sin retorikk kritisert for å forvirra og tåkeleggja vitskapspråk med tropar og figurar. Filosofane Hobbes og Locke ville reinska filosofi og vitskap for biletleg språk og berre nytta bokstaveleg tyding, fordi det vart oppfatta som sannare og ærlegare (Vinje 1993, s. 77–9). Dette synet toppa seg i den logiske positivismen, der det vart hevda at røynda kan og bør skildrast ved bruk av bokstaveleg språkbruk (Ortony 1994, s. 1). Den kognitive lingvistikken snur dette på hovudet og hevdar at *alle* nyttar metaforar, at det knapt er mogeleg å kommunisera utan dei, og at ikkje berre språket, men også tankar og handlingar er prega av dei. Dette synet vart for alvor introdusert av George Lakoff og Mark Johnson i boka *Metaphors we live by*, som kom i 1980. Her presenterer dei omgrepsmetaforteorien sin (heretter OMT). Dei hevdar mellom anna at:

Vårt alminnelige begrepssystem, som vi både tenker og handler ut fra, er grunnleggende metaforisk. De begrepene som styrer tenkningen vår, angår ikke bare intellektet. De styrer også måten vi fungerer på i hverdagen, ned i minste prosaiske detalj. Begrepene strukturerer hva vi oppfatter, hvordan vi opptrer i verden, og hvordan vi forholder oss til andre mennesker. Begrepssystemet vårt spiller en sentral rolle i måten vi definerer hverdagens virkelighet på. (Lakoff og Johnson 2003, s. 7)

Vidare meiner dei at tankeprosessane våre i hovudsak er metaforiske, og at metaforen som språkleg funksjon er mogleg nettopp fordi omgrepssystemet vårt inneheld metaforar (Lakoff og Johnson 2003, s. 9).

Viss dette er tilfelle, kvifor er ikkje folk meir medvitne om dette? For det første opererer OMT med ein vid definisjon av metafor. Dei meiner at all bruk av språk som strengt teke ikkje er bokstaveleg, er metaforisk eller metonymisk på ein eller annan måte. For det andre er dagleglivets metaforar så konvensjonaliserte at dei ikkje vert oppfatta som metaforar, dei er såkalla døde metaforar. Men i OMT blir nettopp dei "døde" metaforane, uttrykk som er heilt upåfallande og innarbeidde i språket, tillagde stor vekt, fordi "what is deeply entrenched, hardly noticed, and thus effortlessly used is most active in our thought. (...) they are alive in the most important sense – they govern our thought – they are "metaphors we live by". (Kövecses 2002, s. ix) Metaforisk språk og metaforisk tanke har utgangspunkt i mennesket sine grunnleggjande sensomotoriske erfaringar, og metaforar er sentrale i danninga av nye ord og uttrykk og i organiseringa av den menneskelege tanken (Kövecses 2002, s. x).

### **2.3.2 OMT sin definisjon av metafor**

Korleis vert metafor definert i OMT? Ein metafor inneber at eit omgrepsdomene (måldomenet) vert forstått ut frå eit anna omgrepsdomene (kjeldedomenet). Eit omgrepsdomene er definert som ei samanhengande organisering av erfaring. Dette er kjenneteiknet på ein såkalla omgrepsmetafor. Det er viktig å skilja dette frå metaforiske språklege uttrykk. Dei er uttrykk som stammar frå terminologien til kjeldedomenet, men som vert nytta om måldomenet. Typisk for metaforar er at måldomenet er meir abstrakt enn kjeldedomenet, altså at vi forstår abstrakte omgrep ut frå meir konkrete omgrep. Omgrepsmetaforane manifesterer seg i språket gjennom ulike metaforiske språklege uttrykk. Namn på omgrepsmetaforar blir i analysesamheng typisk skrivne med kapital og har oppsettet A ER B, t.d. DISKUSJON ER KRIG. Døme på språklege uttrykk som høyrer til denne omgrepsmetaforen er *verbale åtak, å forsvara standpunkta sine, sårande karakteristikkar*. Ulike aspekt ved fenomenet krig vert systematisk tilordna ulike aspekt ved diskusjon, slik at t.d. 'fienden' korresponderer med 'samtalepartnaren', 'våpen' med 'argument' osb. Dette vert kalla *tilordningar*. Ei tilordning er såleis definert som eit distinkt samsvar mellom eit aspekt av kjeldedomenet og eit aspekt ved måldomenet.

Kövecses avviser at koplinga mellom måldomenet og kjeldedomenet er basert på strukturell likskap. Han illustrerer dette ved hjelp av dømet KJÆRLEIK ER EI REISE (LOVE IS A JOURNEY):

From this discussion it might seem that the elements in the target domain have been there all along and that people came up with this metaphor because there were

preexisting similarities between the elements in the two domains. This is not so. The domain of love did not have these elements *before it was structured* by the domain of journey. It was the application of the journey domain to the love domain that provided the concept of love with this particular structure or set of elements. In a way, it was the concept of journey that “created” the concept of love. (Kövecses 2002, s. 7)

Når vi snakkar om elementa i eit måldomene, er det derfor vanskeleg å unngå å nytta terminologien frå kjeldedomenet. Merk at sitatet frå Kövecses gjeld *vår forståing av verda, eller meining som mentalt fenomen*, ikkje verda som eksternt fenomen. Han hevdar altså ikkje at fenomenet kjærleik ikkje fanst før fenomenet reiser, men at vi forstår det meir abstrakte (kjærleik) ut frå det meir konkrete (reiser). Eg viser også til drøftinga om primære metaforar i avsnitt 2.3.6, der struktureringsteorien vert problematisert. KL går langt i å hevda at 'meining' berre eksisterer i hovudet til språkbrukaren, ikkje ute i verda. Men dersom det stemmer at vi både tenkjer og handlar ut frå eit grunnleggjande metaforisk omgrepssystem, slik Lakoff og Johnson hevdar (sjå sitat i avsnitt 2.3.1), kan den meininga vi tillegg ulike ting, få konsekvensar for omverda. Ein omgrepsmetafor som DISKUSJON ER KRIG vil styra korleis vi opptrer i ein diskusjon.

### **2.3.3 Forståing og bruk av metaforar**

Å forstå ein metafor inneber å kjenna til tilordningane mellom kjelde- og måldomenet, ein kunnskap som hovudsakleg er umedviten. Men vi nyttar aldri alle tenkjelege aspekt frå kjeldedomenet til å snakka om måldomenet. I dømet med DISKUSJON ER KRIG er det normalt ikkje mogeleg å laga tilordningar frå desertering, kommandolinjer, ordrar, formasjon og forsvarsgreiner til fenomenet diskusjon. Det gjev rett og slett ikkje særleg meining. Berre velvillig og aktiv tolking kan føra til ei slags forståing av ytringar som: ”I diskusjonen vart eg fullstendig omringa av fleire av motstandaren sine divisjonar i ein knipetangsmanøver, og eg sit no i krigsfangenskap.” Men det er mogeleg å a) ta i bruk nye måtar å uttrykkja metaforiske tilordningar på, b) nytta ukonvensjonelle tilordningar eller c) blanda inn andre metaforar. Slike språklege nyskapingar vert oppfatta som påfallande, men forståelege, og har gjerne ein poetisk, overraskande eller humoristisk effekt. Dei er ”levande metaforar”. Likevel byggjer dei altså på etablerte omgrepsmetaforar. Følgjande sitat henta frå den britiske politiske satiren *Yes Minister*, er døme på slik nyskaping. Det kombinerer ei heil rekkje ulike omgrepsmetaforar som t.d. MENNESKE ER MASKINER og AKTIVITET ER REISE og spelar på dei ulike tydingane til termen *linje*:

Bernhard explained carefully. 'Guidelines are perfectly proper. Everybody has guidelines for their work.' It didn't sound perfectly proper to me. 'I thought planning inspectors were impartial,' I said. Bernhard chuckled. 'Oh *really* minister! So they are! Railway trains are impartial too. But if you lay down the lines for them, that's the way they go.' (Lynn og Jay 2006, s. 486)

Grunnen til at vi ikkje kan overføra alle aspekta frå kjeldedomenet til måldomenet er sjølv sagt at kjeldedomenet ikkje er identisk med måldomenet. Dersom kvart aspekt ved måldomenet korresponderte med kvart aspekt ved kjeldedomenet, ville dei ha vore identiske fenomen. T.d. er ikkje ein diskusjon ein krig. Ein metafor kan dermed ikkje kasta lys over alle aspekt ved eit måldomene; han set fokus på somme sider ved det og tildekkjer andre. For å kunna omtala andre sider ved ein diskusjon, må vi nytta andre kjeldedomene, som EIN DISKUSJON ER EI REISE: *Vi kjem ingen veg, Diskusjonen har spora av, Har de komme fram til noko?* eller *Du er heilt på viddene*. Merk også at "val" (det skjer oftast umedvite) av kjeldedomene for eit gjeve måldomene har stor effekt på korleis ein tenkjer og handlar: Dersom den eine deltakaren i ein diskusjon berre strukturerer fenomenet ut frå 'krig' og den andre ut frå 'reise', vil det fort bli problem. Førstnemnde vil vera så fokusert på strategi, forsvar og motåtak at innhaldet i det den andre deltakaren (som vert oppfatta som fienden) seier, vil gå hus forbi. Han som strukturerer diskusjon ut frå reise, vil verta frustrert over ikkje å bli lytta til, og ev. opprørt over ordbruken og åtferda til den andre.

#### 2.3.4 Språkbruk er val

Som nemnt tidlegare er språkbruk sjeldan eller aldri nøytral. Val av ord eller metafor inneber val av forståingsramme. Vi har sett medvitne freistnader på å byta ut ein term med ein annan, som på 1970-talet, då *arbeidsskjøpar* og *arbeidsseljar* vart føreslegne som erstatningar for *arbeidsgjevar* og *arbeidstakar*. I psykiatri er det misnøye m.a. med termen *utbrend*, fordi han vekker assosiasjonar om irreversibel skade:

Det er slitasetilstander, men de er ikke umulige å reparere, slik uttrykket utbrent antyder. Det er heller som et batteri som er utladet, men som kan lades på nytt og fungere som før. Eller som et basseng, som er tappet tomt, men som kan fylles igjen. Det er bare å stenge avløpet og åpne alle tilførselskilder! (Retterstøl 1998, s. 330).

Forståeleg nok har såleis namn på diagnosar og behandlingssklinikkar endra seg gjennom tidene, ofte fordi det knyter seg negative assosiasjonar eller forståingsrammer til dei. Ein har gått frå *dementia praecox* ('ungdomssløvsinn') til *schizofreni*, frå *dårekiste*<sup>4</sup> til *dollhus*<sup>5</sup> til *sinnssykeasyl* til *psykiatriske sjukehus*.

#### 2.3.5 Typar av omgrepsmetaforar<sup>6</sup>

Omgrepsmetaforar kan delast inn i ulike typar: strukturelle, ontologiske, primære og orienteringsmetaforar. Dei kan vidare plasserast på ulike kontinuum: konvensjonell/ny,<sup>7</sup> generisk/spesifikk og enkel/kompleks.<sup>8</sup>

<sup>4</sup> Adjektivet *dårleg* er avleidd av *dåre*.

<sup>5</sup> Frå nedertysk *dol*, 'tåpeleg, galen'. <http://www.ordnett.no>

<sup>6</sup> Teorien i dette avsnittet er henta frå Kövecses (2002) dersom ikkje anna er nemnt.

<sup>7</sup> Nye omgrepsmetaforar er sjeldne, men nye språklege uttrykk for konvensjonelle omgrepsmetaforar er lette å finna.

Omgrepsmetaforen DISKUSJON ER KRIG er døme på ein **strukturell** metafor. Kjenneteiknet på strukturelle metaforar er at kjeldedomenet gjev ein relativ rik kunnskapsstruktur til måldomenet. Strukturen til kjeldedomenet gjer det mogeleg å forstå strukturen til måldomenet ved hjelp av fleire ulike tilordningar. Ein strukturell omgrepsmetafor kan manifestera seg i mange ulike språklege uttrykk.

Dei **ontologiske**<sup>9</sup> metaforane gjev mindre omgrepsmessig strukturering enn strukturelle metaforar; dei gjev berre ontologisk status til generelle kategoriar av abstrakte omgrep (måldomene). Erfaringar som er vage, abstrakte og utan tydelege avgrensingar, vert oppfatta som t.d. objekt, substansar eller behaldarar. Dermed kan vi "sjå" ein avgrensa struktur der det er lite eller ingenting av det. Ifølgje gestaltprinsippa opplever vi heilskap heller enn distinkte delar når vi persiperer noko. Ontologiske metaforar er naudsynete for at vi skal handtera ulike aspekt av erfaringane våre. Dei gjer at hendingar, aktivitetar, kjensler og tankar kan identifiserast, refererast til, kvantifiserast, kategoriserast og resonnerast rundt (Lakoff og Johnson 2003, s. 27–8). Erfaringa kan strukturast vidare ved hjelp av strukturelle metaforar. St. Clair hevdar at: "Language frames a thing and gives it attributes." (2002, s. 269). Eg meiner at ontologiske metaforar er eit døme på denne funksjonen i språket.

Personifisering er ei undergruppe av ontologisk metafor, ein strategi vi nyttar for betre å kunna forstå fenomen som t.d. sjukdom, datamaskiner og teoriar. Eit døme på dette finn vi hjå Kringlen: "Depresjonen har mange **ansikter**.<sup>10</sup> Hos den unge kan den **ytre seg** med surhet, irritabilitet og sågar utagering (...)" (Kringlen 1997, s. 298). Her ser vi at 'depresjon'<sup>11</sup> for det første er oppfatta som ein entitet og har fått substantivform, den typiske ordklassen for fysiske entitetar. I tillegg har diagnosen fått *andlet* og evna til å *ytra seg* med dårleg humør eller åtferd, dvs. at han vert sedd på som menneskeleg. Vidare kan eit menneske "bli" ein diagnose, som i uttrykk som *manikeren* og *schizofrene*. Døma har eg henta frå Kringlen (1997). Han innrømmer likevel i same bok at slike uttrykk er "sjargong og ikke riktig språkbruk." (Kringlen 1997, s. 34). Det er skilnad på å *ha* ein diagnose og å *vera* ein diagnose. Dette vert drøfta meir utførleg i avsnitt 7.1.1.

**Orienteringsmetaforar** gjev endå mindre omgrepsmessig strukturering enn ontologiske. Dei har å gjera med grunnleggjande menneskelege romlege orienteringar som t.d. opp–ned. Den kognitive oppgåva deira består i å gjera sett med måldomene koherente i omgrepssystemet vårt, slik at dei vert likt oppfatta. For dømet opp–ned gjeld hovudregelen at

---

<sup>8</sup> Dei enkle metaforane kan utgjera tilordningar i dei komplekse (aldri omvendt). Dette minnar om Grady sitt skille mellom primære og samansette metaforar.

<sup>9</sup> Ontologi; lære om vereformer og veremåtar, lære om det som er.

<sup>10</sup> Aktuelle metaforar i døma er markerte med **feit skrift**.

<sup>11</sup> Substantivet er avleidd frå det latinske verbet *depremere*; 'trykkja ned'.

opp er positivt, ned er negativt. Denne opp–ned-orienteringa er sentral i språkbruken om affektive lidningar, som eg vil visa seinare i oppgåva.

**Primære metaforar.** Den tidlege omgrepsmetafor-teorien som først vart presentert i Lakoff og Johnson si bok frå 1980, kunne etter manges meining ikkje gjera godt nok greie for kvifor berre somme tilordningar mellom kjelde- og måldomenet vert nytta. Kvifor kan ein ikkje snakka om vindauga til ein teori slik ein snakkar om grunnlaget, oppbygginga og styrken til ein teori? (Med basis i omgrepsmetaforen TEORiar ER BYGNINGAR.) OMT freista å forklara det med at måldomenet har ein uforanderleg og karakteristisk struktur som avgrensar kjeldedomena og dei metaforiske tilordningane som kan nyttast om det (*the invariance principle*). Men det vart samstundes hevda i OMT at formålet med metaforbruk er å gje struktur og form til abstrakte domene. Spørsmålet som då melde seg, var om måldomenet verkeleg treng struktur frå eit kjeldedomene dersom det allereie har sin eigen permanente struktur? Joseph Grady freista å løysa problemet ved å introdusera ein ny type metaforinndeling: den primære (grunnleggjande) vs. den samansette metaforen. Samansette metaforar består av kombinasjonar av primære metaforar. I dømet med TEORiar ER BYGNINGAR har ein dei to primære metaforane LOGISK STRUKTUR ER FYSISK STRUKTUR og MOTSTANDSKRAFT ER Å BLI VERANDE OPPREIST. Kombinasjonen av desse to metaforane fører til eit fokus på struktur, konstruksjon og styrke, ikkje på vindauge og dører. OMT har integrert ideen om primære metaforar, jf. kapittel 4 i boka *Philosophy in the Flesh* (Lakoff og Johnson 1999).

### 2.3.6 Kva er primære metaforar?

Det som kjenneteiknar primære metaforar, er at dei oppstår direkte frå korrelasjonar i erfaring, som MEIR ER OPP. (Fyller ein t.d. *meir* væske i ein behaldar, går væsknivået *opp*.) I gjentakande erfaringsscenario eller *primære scener* opptrer erfaringar assosiert med kjelde- og målomgrepa saman på nøye koherente og forutseielege måtar (Grady og Johnson 2003). Eit døme på dette er den primære metaforen EMOSJONELL INTIMITET ER FYSISK NÆRLEIK: I dei første leveåra vert det ikkje skilt mellom sensomotoriske og subjektive erfaringar når desse opptrer saman. Opplevinga av kjærleik og omsorg heng saman med å bli halden, å vera nær omsorgspersonen. Sjølv om barnet seinare vil differensiera mellom subjektive og sensomotoriske erfaringar, vil assosiasjonen (i siste instans nevralt koplingar) mellom dei bestå. Primære metaforar er asymmetriske, dvs. at slutningane går frå det sensomotoriske til det subjektive domenet. Narayanan, som forskar på kunstig intelligens, forklarar dette med at det sensomotoriske nevralt systemet har meir slutningskoplingar og dermed meir slutningskapasitet enn det subjektive (Lakoff og Johnson 1999, s. 55). Dei primære metaforane kan kombinerast og bli til samansette metaforar ved hjelp av konseptuell blanding, om lag som atom vert kombinerte til molekyl. Det er fleire hundre primære



metaforar. Ved å halda på kjemianalogien kan ein seia at dei primære metaforane sitt periodiske system utgjer eit rikt potensial for slutningar, bilete og kvalitative sansar for dei subjektive erfaringane våre. Grady forkastar altså skiljet mellom kjelde- og måldomenet som eit skilje mellom konkret og abstrakt; han meiner at det som skil kjelde- og måldomenet, er graden av subjektivitet. Primære kjeldeomgrep er relaterte til sensorisk-perseptuelle erfaringar, medan primære målomgrep er relaterte til (intra)subjektive responsar på sensorisk-perseptuelle erfaringar. (Sjå også avsnitt 2.1.1 om skiljet mellom sensorisk og introspektiv erfaring.) Desse primære metaforane ligg i undermedvitet og vert lærte automatisk, dei er ikkje medfødde. Sidan dei byggjer på basale menneskelege erfaringar, er dei universelle. Dei er følgjene av korleis hjernane og kroppane våre og omverda vår er strukturerte. Lakoff og Johnson hevdar at det knapt er mogeleg å tenkja på subjektive opplevingar og vurderingar utan metaforar (1999, s. 59).

### **2.3.7 Primære metaforar og psykologi**

At desse primære metaforane er universelle og vert automatisk innlærte, kan forklara funna i ei rekkje eksperiment utførte av ymse psykologiforskarar. (Jf. "The Cognitive Commitment", som inneber at kognitive prinsipp skal gjelda for alle (kognitive) aspekt av sinnet, inkludert språk.) Denne forskinga avdekkjer psykologiske samanhengar mellom 1) reine lukter og omsynsfull åtferd (Liljenquist, Zhong og Galinsky 2010), 2) vekt og viktighet (Jostmann, Lakens og Schubert 2009), 3) reinleik og moral (Schnall, Benton og Harvey 2008) og (Zhong og Liljenquist 2006), 4) kulde og sosial utestenging, (Zhong og Leonardelli 2008) og 5) kvit og moral, svart og synd (Sherman og Clore 2009).

Forsking av denne typen kan kasta nytt lys over religiøse ritual som reinsing og dåp, og over rasisme, intuisjon, tvangshandlingar, fobiar m.m. Funna tyder også på at teorien om primære metaforar er korrekt. Sensomotoriske og subjektive erfaringar vert varig samankopla og gjev seg utslag ikkje berre i omgrepsmetaforar og språklege uttrykk, men også i handlingar. Konkrete sanseintrykk frå omverda påverkar sinnet vårt direkte, og sinnet vårt påverkar korleis vi oppfattar omverda og korleis vi reagerer og handlar. Denne vekselverknaden opprettheld og forsterkar samankoplinga. Den fysiske og psykiske sida av erfaringane høyrer dermed til same (erfarings)domene, noko som gjer det nærliggjande å tru at primære metaforar er vel så mykje *metonymiske* som metaforiske, medan dei samansette metaforane er dei "eigentlege" metaforane. Grady og Johnson understrekar derimot at dette ikkje er tilfelle (Grady og Johnson 2003, s. 540). I avsnitt 2.4.2 vil eg komma nærare inn på kva som er skilnaden mellom metonymiar og primære metaforar.

### **2.3.8 Universelle vs. kulturspesifikke metaforar**

Somme metaforar ser ut til å vera universelle: dei som kjem frå vår sams fysiologi og interaksjon med omverda, t.d. dei primære metaforane. Men i hovudsak er metaforar og

metonymiar kulturspesifikke, sjå t.d. Kövecses (2002, kap. 12) og Barcelona (2003, s. 6). Psykiatri og psykologi er fagfelt som tradisjonelt er dominerte av tysk og særleg anglo-amerikansk kultur. Det vil føra for langt å undersøkje om det er nokon vesentleg skilnad på metaforbruken i norsk vs. tysk og engelsk, om norske fagfolk har adoptert metaforane frå tysk eller engelsk etc. Truleg er det ikkje snakk om fundamentale skilnadar, til det er språka og kulturane for like. Problemstillinga er aktuell der språka og kulturane er svært ulike dei anglo-amerikanske og tyske, sjå t.d. Lakoff (2005) og Schatzberg, Stein og Kupfer (2006). I sistnemnde verk finn vi m.a. følgjande konklusjon:

The clinical presentation of depression is a function not only by patients' ethnocultural background but also of the structure of the health care system they find themselves in and the diagnostic categories and concepts they encounter in the mass media and in dialogue with family, friends, and clinicians. Bodily idioms of distress are very common in many cultures. (Schatzberg, Stein og Kupfer 2006, s. 710)

Ulike kulturar har ikkje berre ulike metaforar for depresjon, det kliniske biletet av tilstanden varierer også, delvis som følgje av diagnostiske kategoriar og omgrep nytta av fagfolk og lekfolk. Det same gjeld diakronisk innanfor kulturar; kjensler og psykopatologi har endra seg gjennom tidene m.o.t. metaforar for og manifestasjonar av tilstandane. Sjå t.d. Johannisson (2010). Desse fenomen vert drøfta meir utfyllande i kapittelet om psykiatri som fag.

## 2.4 Forholdet mellom metafor og metonymi

Metonymi er eit fenomen som lenge har stått i skuggen av metaforen, men som no får aukande merksemd i KL. Den kognitive lingvisten Barcelona definerer metonymi slik: "Metonymy is the conceptual mapping of a cognitive domain onto another domain, both domains being included in the same domain or ICM, so that the source provides mental access to the target." (2003, s. 32–3). Problemet med denne definisjonen er termen *domene*, noko Barcelona sjølv påpeikar. Kva er definisjonen på eit domene, når er to domene separate, og når er eitt domene underordna eit anna (ibid., s. 32)? Han definerer domene som "structured blocks of knowledge and experience which constitute the background for linguistic meaning" og hevdar at grensene for og kategoriane til domene vert etablerte av ei medviten, folkeleg inndeling av erfaring (ibid., s. 32).

Døme på metonymiar er DEL FOR HEILSKAP (*vi treng fleire hender i eldreomsorga*) og PRODUSENT FOR PRODUKT (*det er ein ekte Munch*). Metonymi vert ofte nytta til å referera til og fokusera på den mest iaugefallande delen av eit domene. I dømet med eldreomsorga er fokuset på hender fordi det er snakk om praktisk arbeid, andre verksemdar vil gjerne *headhunta* fleire *hovud*, og eit fotballag er på utkikk etter ein god *skotfot*.

Lakoff og Johnson hevdar at metonymi og metafor er i slekt med kvarandre. Både metaforar og metonymiar eksisterer kognitivt på grunnlag av erfaringar og kan få ulike uttrykk

gjennom språk og handlingar. I tillegg er dei logiske og systematiske. Ofte er grunnlaget for metonymiar meir openlyst enn for metaforar fordi det i hovudsak dreier seg om direkte fysiske assosiasjonar eller årsaksassosiasjonar, slik det er eit fysisk (årsaks)forhold mellom produsent og produkt (2003, s. 36–41).

#### **2.4.1 Kva er kva?**

Barcelona syner at det kan vera problematisk å halda metafor og metonymi frå kvarandre. Dei to interagerer tidt, og mykje kan tyda på at metonymi ofte ligg til grunn for eller motiverer metafor. Han trekkjer fram koplinga mellom 'tristheit' og 'ned'. I domenet 'tristheit' ligg både emosjonen og effekten emosjonen har på kropp og åtferd. For 'tristheit' er den kroppslege effekten m.a. lutande kroppshaldning og slappe andletsmusklar, altså vertikal orientering nedover. Då høyrer 'trist' og 'ned' til i same domenet, og det kan tyda på at vi står overfor ein metonymi. Barcelona meiner likevel at sidan vi ikkje medvite eller konvensjonelt oppfattar 'tristheit' og 'ned' som same domene (sjølv om vi gjer det umedvite), må TRIST ER NED vera ein metafor basert på metonymien EFFEKT FOR ÅRSAK. Domenegrenser vert, som sagt, fastlagde av ei *medviten*, folkeleg inndeling av erfaring (sjå sitat frå Barcelona i avsnitt 2.4). Dei fleste metaforar for emosjonar er baserte på denne metonymien, der fysiologiske og åtferdsmessige effektar av emosjonar gjev bilet-skjematiske strukturar for måldomena til emosjonar.

#### **2.4.2 Metonymiar vs. primære metaforar**

Eg meiner at dette forholdet mellom emosjonar og dei fysiologiske og åtferdsmessige effektane av emosjonar også kan tolkast som primærmetaforisk. Emosjonen er intrasubjektiv og effektane av emosjonen er sensomotorisk, og dei opptre saman i gjentakande erfaringsscenario, altså primære scener. Det sensomotoriske erfaringsdomenet vert då nytta som kjeldedomene for det intrasubjektive erfaringsdomenet. Dette er ikkje ulogisk, fordi den sensomotoriske erfaringa er meir konkret og dermed lettare å observera direkte for både ein sjølv og andre: Ein kan kjenna at ein sjølv vert bleik og svimmel når ein er redd, og andre kan sjå på ein at ein er sint, ved at ein har samanbitne kjevar og pustar tyngre. Det er gjennom å observera eigne og andre sine emosjonelle uttrykk at vi lærer vi om våre eigne emosjonar:

The interaction of baby and other provides multimodal, time-locked correlations that provide information about the appearance, actions, and internal states of the self and others. (...) intermodal processes are critical to the development of emotion, including the perception of other's affective expressions and the growth of one's own emotional system. Infants are quick to detect amodal relations and intermodal correspondences in the fully multimodal packages presented during social interactions. The infant is gifted further with the experience of his or her own affective behavior, which includes facial, vocal, visceral, and kinesthetic responses. (Barrett, Lewis og Haviland-Jones 2008, s. 372–3)

Merk også at forskning tyder på at andletsuttrykk påverkar emosjonen, ikkje berre omvendt, at det er ein vekselverknad mellom emosjon og fysiske uttrykk for emosjonen (Zajonc, Murphy og Inglehart 1989). Emosjonar er multimodale samankoplingar og vekselverknader mellom kognisjon, fysiologi og affekt (Barrett, Lewis og Haviland-Jones 2008). Derfor hjelper det å pusta djupt og roleg ved sterk nervøsitet.

### 2.4.3 Interaksjon mellom metafor og metonymi

Interaksjonen mellom metafor og metonymi kan skje på det konseptuelle eller det lingvistiske nivået. På det konseptuelle nivået kan det anten vera metonymisk motivering av metafor eller metaforisk motivering av metonymi (metonymi inne i metafor eller i same utsegn som metafor, kompatibel, men uavhengig) (Barcelona 2003, s. 9–10). I artikkelen *On the plausibility for claiming a metonymic motivation for conceptual metaphor* undersøker han om alle konseptuelle metaforar er motiverte av metonymi, ved at metonymien er ein konseptuell føresetnad for metafor. Kjelde- og/eller måldomenet må forståast metonymisk dersom metaforen skal vera mogeleg. Dette kan skje på to måtar: ein metonymisk modell av måldomenet til metaforen motiverer og avgrensar val av kjeldedomenet til metaforen, eller metaforen oppstår som ei generalisering av ein metonymi. Han konkluderer med at det er vektige grunnar til å tru at metaforar er motiverte av metonymiar:

(1) Talet på metonymibaserte metaforar er påfallande stort og kan ikkje bortforklarast.

(2) Metaforar er vanlegvis "partielle", dei fokuserer på berre eitt eller nokre få aspekt ved måldomenet. I mange tilfelle er kvart av desse aspekta valde ut frå ein "metonymisk modell" av det metaforiske målet, t.d. PÅFALLANDE FARGE ER PÅFALLANDE LYD. I andre tilfelle kjem desse aspekta frå opphavsmetonymien som vert generalisert til metafor, MEIR ER OPP og TRIST ER NED.

(3) Metaforar er baserte på erfaring. Erfaringsbaserte samanhengar mellom to ulike domene vert ofte samanfatta og uttrykte ved metonymisk generalisering. Dette er særleg tydeleg i tilfelle der ein konvensjonalisert metonymi vert generalisert til ein metafor, men fenomenet gjer seg gjeldande i andre tilfelle også. Den metonymiske samanhengen mellom påfallande farge og lyd, som byggjer på den sams effekten dei har på persipienten, er også avhengig av den sensoriske erfaringa vår i begge domena.

(4) Ei mogeleg, meir fundamental årsak (som treng å bli forska vidare på) er at både persepsjon og mental aktivering vanlegvis er partiell: På same måten som det er umogeleg å persipera alle detaljar av eit persept samstundes (Gregory 1998), kan vi truleg ikkje aktivera alle underdomena til eit domene samstundes i sinnet vårt. Denne parallellen mellom kroppsleg persepsjon og mental aktivering gjer at det truleg er uungåeleg å velja metonymisk både aspekta ved måldomenet som skal fokuserast på, og tilordningane frå kjeldedomenet.

Barcelona meiner såleis å ha underbygt det synet at metonymi og metafor er to polar på eit kontinuum, ikkje separate kategoriar (2003, s. 52–3).

#### 2.4.4 Makro- og mikrostruktur

Jamfør synspunkta til Barcelona med Heine, Claudi og Hünнемeyer, som i sitt verk om grammatikalisering hevdar at det finst to nivå i grammatikaliseringsprosessen – makro- og mikrostruktur:

The macrostructure, which is mainly psychological in nature, has to do with cognitive domains and the relations existing between them. These relations have been described by means of terms such as “similarity” or “analogy” (...) Metaphor forms the main strategy for bridging the gap between these domains. The microstructure, which has its basis in pragmatics, relates essentially to context and context manipulation. Manipulation triggers context-induced reinterpretation, whereby conversational implicatures are conventionalized to new focal senses – a process that is metonymic in nature. (...) in the process of grammaticalization (...) there is necessarily both discontinuity and continuity: on the level of macrostructure we are dealing with a discrete step from one conceptual domain to another, while on the level of microstructure we are faced with a continuum of gradual conceptual extension. (Heine, Claudi og Hünнемeyer 1991, s. 102–105)

Mikroperspektivet viser eit metonymisk kontinuum, medan makroperspektivet viser distinkte sprang mellom kognitive domene. Forholdet mellom metafor og metonymi kan altså forklarast som ein skilnad i perspektiv og skalering, ikkje som ein kvalitativ skilnad. Dette synet vert lansert i ulike artiklar av teoretikarar som Goossens, Niemeyer og Radden i artikkelsamlinga *Metaphor and Metonymy at the Crossroads* (Barcelona 2003). Under drøftinga av *primære metaforar* ovanfor peika eg på at primære metaforar ved første augekast tykkjest meir metonymiske enn metaforiske, fordi dei er bygde på korrelasjonar i erfaring og dermed høyrer til same erfaringsdomene. I tillegg er det berre ei tilordning per metafor. Barcelona hevdar at domene er separate dersom dei medvite og konvensjonelt vert oppfatta som distinkte eller skilde. Tilordningar mellom dei er då metaforiske. Dette gjeld sjølv om det på det umedvitne nivået er ei metonymisk kopling av domena til eit sams, overordna domene. Dersom domena vert medvite oppfatta som underdomene av same overordna domene, er tilordningar mellom dei metonymiske (Barcelona 2003, s. 9). Det heile vert då eit spørsmål om kva som for språkbrukarane er medvite samankopla domene. Dette stemmer med Grady og Johnson sitt syn. Slik eg forstår det, er då primære metaforar umedvitne og uunngåelege prekonseptuelle assosiasjonar motiverte av eigenskapane til kroppen vår og til verda rundt oss. Dei kan bli kombinerte til meir komplekse metaforar. Konseptuelle metonymiar er motiverte av kommunikative og referensielle behov. Dei mogeleggjør aktiveringa av eit målaspekt ved domenet (Evans og Green, s. 322).

### 2.4.5 Grammatiske metaforar

Den funksjonelle grammatikken har ein annan innfallsvinkel til metaforar enn OMT, og skil mellom såkalla leksikalske og grammatiske metaforar.<sup>12</sup> Vidare vert dei grammatiske metaforane delte inn i to undergrupper: interpersonlege (som har med modalitet å gjera) og omgrepsmessige. Det er dei sistnemnde metaforane som er mest omtalte i funksjonell grammatikk, og som eg vil ta for meg her. Sáenz (2000) i likskap med Halliday (2004) seier at det som kjenneteiknar omgrepsmessige grammatiske metaforar, er at ein uttrykkjer noko på ein inkongruent måte. Den kongruente, typiske, umetaforiske måten å uttrykkja noko på, er at prosessar er uttrykte med verbalfrasar, deltakarar med nominalgrupper, attributtane til deltakarane med adjektivgrupper, omstende med adverbial- eller preposisjonsfrasar. Språkbrukaren kan likevel velja å uttrykkja seg på ein annan måte: i form av grammatisk metafor. Dette skjer ved at den grammatiske realisasjonen vert nedgradert, frå setningar til frasar, frå frasar til ord. Det fører til høgare leksikalsk densitet, hovudsakleg gjennom nominalisering. Dette fenomenet oppstod truleg i vitskapelege og tekniske vokabular, der det gjorde det mogeleg å konstruera eit hierarki av tekniske termar og å utvikla ein argumentasjon steg for steg ved å nytta nominaliseringar som tema. Vi finn det særleg i skriftspråk (teknisk eller akademisk) og vaksentale (som uttrykk for makt og prestisje). Men ved å nominalisera setningar misser ein semantisk informasjon, t.d. om ein endrar "er påverka av alkohol" til "alkoholpåverknad". Er det alkoholen som påverkar, eller blir alkoholen påverka? (Halliday 2004, s. 657). Sáenz oppsummerer føremonene og ulempene til grammatiske metaforar slik:

This resource may facilitate textual organization and reading comprehension, for instance, by reintroducing complex passages as nouns which may function as participants in a new clause. Further, by means of nominalization, processes may occupy certain positions in both thematic and information structure which are typically associated with nouns: thus, processes can become the point of departure of the message (theme) and can be placed in the unmarked focus of information (final position in the clause). On other occasions, however, metaphorical language may be more obscure, since it is not always possible to arrive at only a congruent transitivity configuration on the basis of the information provided by the nominal form (there may be ambiguity, as is the case of *alcohol impairment*, or some backgrounded participants may be impossible to retrieve unless they are previously known by the addressee). (Sáenz 2000, s. 501)

OMT nyttar ikkje omgrepet grammatiske metaforar, men det den funksjonelle grammatikken definerer som grammatiske metaforar (i alle fall nominaliseringar) kan sjåast på som ei undergruppe av ontologiske metaforar.

---

<sup>12</sup> OMT på si side meiner at grammatikk og semantikk heng saman.

#### 2.4.6 Kvifor bruker ein grammatiske metaforar?

Sáenz meiner at grammatiske metaforar fungerer som spesialtilfelle av konseptuelle, generiske metaforar. Då kan nominaliseringar verta karakteriserte under t.d. PROSESSAR ER ENTITETAR og IKKJE-FYSISKE ENTITETAR ER FYSISKE BEHALDARAR; "han er involvert i utviklinga av ..." Den kongruente uttrykksmåten her vil kanskje vera noko slikt som "han arbeider med å utvikla ..." Sáenz viser til Langacker sitt skilje mellom substantiv og verb:<sup>13</sup>

In accordance with his basic tenet that grammar is endowed with a cognitive basis, Langacker (1990) convincingly argues that notional definitions are possible for basic grammatical categories such as nouns and verbs. Thus, at a high level of schematicity, the semantic pole of a noun designates a thing (a region in some domain, established by a set of interconnected entities); on the other hand, verbs designate processes (relations with a temporal profile), and adjectives, adverbs, prepositions, infinitives, and participles designate different kinds of complex atemporal relations. (...) the reification traditionally associated with nominalizations may be defined within this unified framework as a variation in construal and profiling. (...) By making a selection as regards grammatical category, a speaker is imposing his own conceptualization of a given situation or event on the hearer. (Sáenz 2000, s. 507–8)

Sáenz nyttar dømet 'eksplodera' vs. 'eksplosjon' for å illustrera skilnaden mellom å a) profilera noko som anten ei rekkje *relasjonar mellom entitetar* i ein implisitt region (tilstandar koordinerte på ein dynamisk måte, stadia i ein eksplosjon) og b) profilera *regionen* og gjera relasjonane mellom entitetane implisitte. Å omtala prosessen med eit substantiv gjer det mogeleg å fokusera på han som ein samanhengande heilskap, isolert frå deltakarane. Dette kan vera ein føremon når ein ønskjer å generalisera over ei rekkje saker (typisk for vitskapelege register) eller kanskje somme av deltakarane ikkje kan identifiserast (tilstrekkeleg) av talaren. Grammatiske metaforar kan altså strukturera erfaringsbaserte domene på visse føretrekte måtar og er dermed ein essensiell del av menneskeleg omgrepsdanning (Sáenz 2000). Sáenz peikar på at nominalisering er assosiert med *reifisering* (tingleggjering). Berger og Luckmann (2000) meiner at komplekse teoretiske system kan skildrast som reifikasjonar.

Slik eg ser det, er det endå ein funksjon ved nominalisering som er nyttig for språkbrukaren: å skilja handlinga frå aktøren og gjera det heile meir abstrakt, upersonleg og "teknisk". Jamfør Berger og Luckmann:

Reifisering kan (...) beskrives som et ekstremt skritt i objektiviseringsprosessen, der den objektiverte verden mister sin begripelighet som menneskelig foretak, og blir fastslått som en ikke-menneskelig, ikke-menneskeliggjørende og uvirksom sannhet. (2000, s. 100)

---

<sup>13</sup> Jf. også Nietzsche, som meinte at grammatikk er former der fornufta "fordømmer og forbannar" røynda: "Overalt ser fornuften **aktører og aksjoner**: Den tror på viljen som årsak. Den tror på jeget, på jeget som noe værende, på jeget som substans, og projiserer forestillingen om jegets substans på alle gjenstander – dermed skaper fornuften og språket begrepet om "tingen"(...) (Eriksen, 2000, s. 140–1) (Mi utheving.)

Dette kan ha ein eufemistisk effekt. Det blir lettare å omtala saker som er emosjonelt utfordrande. Dette sitatet frå Kringlen illustrerer dette (nominaliseringar kursiverte av meg): "Suicidalfaren er betydelig, og ved *selvmordsforsøk* vil gjerne pasienten benytte seg av *hengning, skytning* eller *overskjæring* av pulsåren." (Kringlen 1997, s. 304) Ei kongruent framstilling av same saksforhold vil vera noko slikt som: "Det er stor sjanse for at pasienten vil ta sitt eige liv. Mest sannsynleg vil han anten hengja seg, skyta seg eller skjæra over pulsåra si." Effekten av den kongruente, ikkje-metaforiske framstillinga blir som vi ser litt vel direkte og malande.

## **2.5 Oppsummering**

Metaforar er ikkje eit einsarta fenomen, det er mange ulike typar med kvar sine funksjonar. Mykje tyder på at ein ikkje kan analysere metaforar utan samstundes å komma inn på fenomenet metonymi.



### 3 Kapittelet om fagspråk/vitskapsspråk

der hypotesen om at fagfolk og lekfolk nyttar dei same omgrepsmetaforane om psykiske lidingar, vert underbygd med teori henta frå ulike fagfelt. Vidare finn ein her ei drøfting av funksjonen som metaforen har i høve til forskning og syn på (om)verda. Det vert også vist til at ulike språk kan ha ulike vinklingar på verda.

#### 3.1 Kva er vitskapsspråk?

Kva skil vitskapsspråk frå anna språk? I handboka *Den gode oppgaven* (Rienecker, Stray Jørgensen, Hedelund et al. 2006)<sup>14</sup> listar forfattarane opp følgjande krav: objektivitet, uttømmende informasjon, presist, forståeleg og eintydig språk, samanheng i teksten. Skribenten må definera termar som kan ha ulike tydingsnyansar, grunnkje påstandar, dokumentera presist og framstilla stoffet på ein reliabel måte, som vil seia at framstillinga må vera konsistent, og at andre kan nå dei same resultata ved bruk av same prosedyre (ibid., s. 310–311). Ein tekst kan vera meir eller mindre "vitskapeleg". At det er eit kontinuum og ikkje eit klart skilje mellom ikkje-vitskapeleg og vitskapeleg språk kan forklarast slik:

Enhver vitenskapelig teori, selv den mest abstrakte, er forbundet med våre dagligdagse begreper og erfaringer gjennom et nettverk av logiske forbindelser; enhver setning impliserer eller impliseres av andre, fra de mest teoretiske til de mest dagligdagse. (Føllesdal 2002, s. 59)

Språket i sjølve sitt vesen er eit system som byggjer på konvensjonar og reglar. Kommunikasjon er mogeleg nettopp fordi språkbrukarane nyttar same språk og følgjer dei same reglane, at:

(...) språk og mening ikke bare er et spørsmål om intensjon, men også om konvensjon. Det vil si, de språklige uttrykk vi bruker, har den mening de har og kan brukes i kommunikasjon fordi de inngår i et språk, en komplisert struktur som ikke er et menneskes verk, men som er blitt til og læres gjennom en sosial prosess. (Føllesdal 2002, s. 87)

Berger og Luckmann hevdar at den verda som vert internalisert gjennom primærsosialiseringa er mykje djupare festa i medvitet enn det som vert internalisert seinare. Det er i løpet av primærsosialiseringa at språket vert internalisert. Språket er det viktigaste området i sosialiseringa, og barnet oppfattar det som innebygt i naturen til tinga: Tingen er det han heiter. Ein kan ikkje kalla tingen for noko anna enn det han heiter. Det naudsynte ved denne proto-realistiske oppfatninga av verda gjeld truleg både fylogenetisk<sup>15</sup> og ontogenetisk<sup>16</sup> (Berger og Luckmann 2000, s. 74–5 og 140–1). Nietzsche var også inne på

<sup>14</sup> Nytt som pensum i det obligatoriske faget Prosjektførebuande emne i Masterprogrammet i Nordisk ved UiB.

<sup>15</sup> Som gjeld utviklinga til ein art gjennom tidene.

<sup>16</sup> Som gjeld utviklinga til eit individ frå eggstadiet til død.

dette: "Språket overtaler oss til å tro på eksistensen av det som det benevner. Språket forleder oss til å betrakte ethvert navn som pant på en ting." (Nietzsche i Eriksen 2000, s. 140).

Vitskapsfolk har vakse opp med og lært det same språket som andre folk og kan ikkje frigjera seg frå språket sine avgrensingar, reglar og konvensjonar. Dei primære metaforane er t.d. verksame i sinnet deira på same måten som hos andre. Det finst rett nok spesialspråk for musikk, matematikk og logikk, men for å læra desse språka må ein like fullt nytta vanleg språk for å forklara problemstillingar, og desse spesialspråka har igjen *sine* reglar og konvensjonar. Formelen  $e = mc^2$  gjev ikkje meining for dei som ikkje kjenner til konvensjonane for symbol i fysikk eller algebra og potensar i matematikk. Vitskapsspråk er altså ikkje eit eige språk, det er ein variant av daglegspråk med fagspesifikk terminologi, sjargong, stil og syntaks:

Let us confess, immediately, that the language of science is first and foremost – language: subject to the same facts and fantasies as ordinary language; and that the modes of scientific thinking are, to a great extent, an integral part of language in general. (...) The difference with scientific inquiry lies in its rigorous, close-fitting use of these thought modes. (Darian 2003, s. 2)

### 3.1.1 Grensene for språket

Sjølv om språket gjer det mogeleg for oss å kommunisera og uttrykkja oss på tallause kreative måtar, set det også grenser for oss. Tankane våre er tilsynelatande uavgrensa, men språket er eit avgrensa og avgrensande system som vi nyttar for å (freista å) uttrykkja desse tankane (Evans og Green 2006, s 7–8). St. Clair deler dette synet:

Language is, in formal terms, nothing more than templates by which people try to express their innermost values and thoughts. But, it should be noted, that language can never fully capture the richness of thought or the nuances of one's own value system. Words, for example, fail to categorize adequately sensations such as smell, touch, hearing and vision. They are deficient in expressing the nuances of an emotion, or the ecstasy of the moment. Consequently, what emerges in the formal expression of ideas can only be a description of events in global terms. Even an allegedly concrete description of an event is nothing more than a collection of labels of physical attributes. This abstract use of language to deal with the concreteness of life creates numerous problems in the philosophy of knowledge and particularly in the study of universals and particulars. Life is lived at the level of particulars, but it is perceived and discussed at the level of universals. As a consequence, there is an incertitude between the two, a chasm of unknowing between the global plans of life and their unique experiences. (2002, s. 68)

Dette inneber at sjølv om tanken er "fri", så er språket det ikkje. Og det er språket ein må nytta for å uttrykkja og kommunisera hypotesar og teoriar om verda.

### 3.1.2 Språket er verdiladd

Sjølv om språket blir sett på som eit nøytralt medium i mange vitskapelege disiplinar, er det alt anna enn nøytralt. Det gjev eit sosialt og kulturelt perspektiv på korleis kunnskap vert strukturert, uttrykt og oppfatta. Språket, som er mediet vi bruker til å utveksla informasjon, er med på å legitimera sosiale verdiar. Dette er fordi språket ikkje berre er eit medium for kvardagsleg samkvem, men også fungerer som eit sosialt og kulturelt filter: Det er ein sosial **undersøkingssreiskap** (ein observerer og undersøker den sosiale åtferda til andre gjennom språket) og eit sosialt **barometer** (der menneske syner seg sjølv for andre gjennom språkbruken sin) (St. Clair 2002, s. 53–4). At språk er eit menneskeleg symbolsystem, inneber at alle språk er sosialt konstruerte. Nedfelt i kvart språk er det lokale, sosiokulturelle måtar å oppfatta verda på:<sup>17</sup>

Språket objektiviserer de felles erfaringene og gjør dem forståelige for alle innefor det lingvistiske fellesskapet, dermed blir språket både en basis og et redskap for det kollektive lageret av kunnskap. Videre er språket et middel til objektivisering av nye erfaringer, slik at de lar seg innlemme i det allerede eksisterende lageret av kunnskap, og det er det viktigste middelet når det gjelder overføring av de objektiverte avleiringene i henhold til det aktuelle kollektivets tradisjon. (Berger og Luckmann 2000, s. 82)

Når det gjeld vitskapen om sinnet, finst det ei retning kalla kulturell psykologi, som definerer kultur slik:

(...) the subset of humanly possible or available meanings that, by virtue of enculturation (informal or formal, implicit or explicit, unintended or intended), has become valued and active in giving shape to the psychological processes of the individuals in a particular norm-sensitive group. (...) In research on cultural psychology, "culture" thus consists of meanings, conceptions, and interpretive schemes that are activated, constructed, or brought "online" through participation in normative social institutions and routine practices (including linguistic practices) (...). (Schweder, Haidt, Horton et al. 2008, s. 410)

Forfattarane konkluderer med at den kulturelle emosjonspsykologien må ta sikte på å dekomponera både emosjonane og språket om emosjonane til komponentar som kan nyttast til ei komparativ forståing. Slik kan det verta mogeleg å uttrykkja kva dei mentale tilstandane til menneske tyder utan å (feilaktig) assimilera dei til eit a priori sett av leksikalske element som er tilgjengelege i språket til forskaren. Viss ikkje vil ein framleis operera ut ifrå fordommen om at mennesket sitt emosjonelle liv stort sett er det same verda over. Skilnadene kan tvert om visa seg å vera like omfattande som likskapane (Schweder, Haidt, Horton et al. 2008, s. 424–5). Til dømes kan tankar og affektar som i vår kultur vert sedde på

---

<sup>17</sup> Som E. Blackadder formulerte det då han skulle forklara kor brutale og grusomme tyskarane er: "Their operas last for three or four days. And they have no word for 'fluffy!'" (Frå BBC-komedien *Blackadder goes forth*).

som patologiske drag ved depresjon, bli positivt vurderte i eit buddhistisk samfunn, der ein søker å forstå det illusoriske ved sjølv (Schatzberg, Stein og Kupfer 2006, s. 708).

Det er, som vi ser, viktig å vera klar over at kvart språk har si eiga vinkling på verda. Språket framstiller ikkje verda nøytralt. Som St. Clair peikar på, er språk ikkje eit nøytralt uttrykksmedium, fordi menneske ikkje er nøytrale (2002, s. 95).

### 3.1.3 Språket sin "brillegfunksjon"

Språket vårt kan altså vera med på å forma inntrykka våre av verda, fordi oppfatningane og teoriane vi har om verda, sjølv dei mest vitskapelege, er språklege storleikar, dvs. dei må bli uttrykte i språk for å kunna kommuniserast:

Våre observasjonar av den fysiske natur er avhengige av hvilke oppfatningar vi har, dvs. hvilke teorier vi tror på. Ikke bare er de dataer man registrerer avhengige av vårt språk, av den terminologi vi anvender i våre teorier, men selve *observasjonene* er teoriavhengige. Etter hvert som våre teorier forandrer seg, vil ikke bare vår beskrivelse av vår sanseerfaring forandre seg, men selve erfaringen blir en annen. (...) Grunnen til at observasjonene er teoriavhengige er at de fysiske impulser som når våre sanser (...) ikke er tilstrekkelig til å fastlegge hva vi sanser (...) (Føllesdal 2002, s. 112-4)

Vi opplever ikkje verda direkte. Gestaltprinsippa syner korleis hjernen aktivt tolkar sanseintrykk og lagar heilskap og mønster av separate sanseopplevingar. Erfaringar er altså baserte på både sanseintrykk og hjernen si tolking av sanseintrykka. Sanseopplevingane må gjennom eit filter av språk, kultur, teoriar og generell kunnskap om verda før dei vert tilgjengelege for medvitet.

Metaforar er reiskapar som vi bruker for å integrera ulike fenomen og synspunkt. Dei er ein måte å erfara fenomen og organisera desse fenomena på i eit samanhengande rammeverk som objekt i det kognitive systemet (St. Clair 2002, s. 54). Fenomen ser ulike ut og vert konseptualiserte og handsama ulikt ved ulike metaforiske rammeverk. Såleis har nervesystemet blitt samanlikna med eit piano, eit batteri, ein telefon, ein termostat eller ei datamaskin. Desse ulike metaforane har hatt spesifikke vegvisarfunksjonar: Dei har styrt fokuset og dermed dei teoretiske og praktiske aktivitetane til forskarane mot ulike aspekt ved hjernen (Leary 1990, s. 12).

## 3.2 Metaforbruk i vitskapspråk

Sjølv om mange filosofar og vitskapsfolk, særleg innanfor logisk positivisme, har vore djupt skeptiske til bruk av bileteleg språk, er metaforar eit sentralt verkemiddel i forståing av verda og formidling av kunnskap. Leary peikar på at all kunnskap til sjuande og sist er basert på metaforiske eller analogiske måtar å persipera og tenkja på, at forståing er ein komparativ og relasjonell prosess. På same måten som vi søker å læra nye ord ved å få dei definerte med hjelp av andre, meir kjente ord (jf. ordbøker), søker vi å forstå fenomen rundt oss ved hjelp

av andre, meir forståelege og kjente fenomen (Leary 1990, s. 2–3). Metaforar vert ofte lånte inn frå andre fagfelt. Den meir konkrete og direkte observerbare naturvitskapen vert ofte nytta som kjeldedomene for humaniora og samfunnsvitskap (t.d. krefter og maskiner), men det motsette hender også, ved at modellar frå humaniora og samfunnsvitskap inspirerer naturteoretikarar. Darwin nytta samfunnet som kjeldedomene for sine teoriar.<sup>18</sup> Newton sin teori om gravitasjon vart konseptualisert med hjelp av kjeldedomenet tiltrekking mellom menneske. Ironisk nok vart Newton sitt gravitasjonsomgrep lånt inn att i samfunnsfaga av sosialteoretikaren Berkeley, som samanlikna menneskeleg tiltrekking med gravitasjon mellom lekamar. Dermed vart ein metafor med mennesket som kjeldedomene og naturen som måldomene sjølv nytta som kjeldedomene for ein metafor med mennesket som måldomene. Resultatet kan oppfattast som ei ikkje-menneskeleg, reduksjonistisk framstilling av mennesket (Leary 1990, s. 9–14).

### 3.2.1 Metaforane sin innverknad

I avsnitt 2.3.6 viste eg til at intrasubjektive fenomen vert konseptualiserte ved hjelp av sensomotoriske erfaringar. Leary hevdar at desse metaforiske omgrepa ikkje berre er deskriptive, dei er også transformative. Med det meiner han at dei har endra menneskeleg sjølvreferering og dermed menneskeleg sjølvmedvit. Over tid fekk dei opphavelege fysiske termane *pneuma*<sup>19</sup> og *psyke*<sup>20</sup> utelukkande psykologisk tyding. Dette skjedde parallellt med at menneska utvikla tanken om at dei hadde distinkt sjel eller identitet. Eksplisitt sjølvmedvit tykkjast å vera resultatet av, ikkje berre forløparen til, metaforisk tenking. Dette gjeld både på det fylogenetiske og ontogenetiske planet: Menneskeleg sjølvmedvit oppstod då menneska byrja å tenkja på seg sjølve i relasjon til andre objekt, aktivitetar og personar, og individet si oppleving av å vera eit separat sjølv tykkjast å bli utvikla gjennom relasjonar med andre og med den ytre verda.

I likskap med dei greske termane *pneuma* og *psyke* stammar den engelske termen *spirit* og den norske termen *ånd* etymologisk frå ord som tyder 'pust'.<sup>21</sup> Over tid vart dette omgrepet fjerna frå det fysiske opphavet sitt og gjort heilt abstrakt i det kristne omgrepet 'sjel'. Likevel vart psykologiske metodar som hadde opphav i den meir konkrete forståinga av psyken, tilpassa og vidareførte, som når trepanasjon<sup>22</sup> (for å sleppa ut vonde ånder) vart erstatta av demonutdriving. Av dette sluttar Leary at metaforar kan verka inn på utvikling av praksis så vel som teori, og at metaforiske omgrep kan utvikla seg over tid (1990, s. 14–6).

---

<sup>18</sup> Darwin sine metaforar vart igjen lånte av psykologen William James, ofte kalla 'far til amerikansk psykologi'.

<sup>19</sup> Sjela eller den kreative krafta til ein person, frå gresk "det som vert pusta eller blåst". NB: ikkje i bruk på norsk, Leary hentar døma sine frå det engelske språket.

<sup>20</sup> Via latin frå gresk *psukhē*, pust, liv, sjel.

<sup>21</sup> Jf. termen *utånde* (døy).

<sup>22</sup> Å trepanera er å bora ei opning i hjerneskalen.

### 3.3 Metaforbruk i ulike akademiske sjangrar

Knudsen hevdar i artikkelen *Scientific metaphors going public* (2003) at avhengig av kontekst og sjanger vert dei same metaforane brukte både for teoribygginge og pedagogiske føremål. Men bruken av metaforane er svært ulik. I spesialisttekstane er metaforane "lukka", dvs. at dei vert nytta som halvbokstavlege omgrep og fungerer som hypotetiske påstandar som kan testast og eventuelt underbyggjast med eksperiment. I populærvitskapelege tekstar, derimot, vert metaforane "opna" att. Dette skjer ved at metaforstatusen deira vert understreka eller vert forklart ved hjelp av andre metaforar. Dermed mister dei statusen sin som vitskapelege omgrep, dei vert reduserte til "vanlege" metaforar. Populærvitskapelege tekstar er kjenneteikna av ein "egalitær" metaforstruktur, dvs. at metaforane som vert nytta, er likestilte, uavhengig av historisk opphav og vitskapeleg status. Knudsen meiner at forklaringa på at dei same metaforane vert brukte til teoribygging og popularisering, kort sagt er at forskarane ikkje har noko val. Dei er nøydde til å trekkja med seg dei vitskapelege metaforane inn i dei pedagogiske tekstane fordi dei rett og slett er uunnverlege – metaforane er sjølve nøklane vitskapsmennene nyttar til å forstå fenomena som dei arbeider med (ibid., s. 1260).

### 3.4 Popularisering av fagspråk vs. læreboktekst

Ifølgje Brodersen, Bråten, Reiersgaard et al (2007) er det grovt sett tre ulike akademiske sjangertypar, klassifiserte ut frå føremål: vitskapelege, populærvitskapelege og instruerande tekstar. Dei skil seg frå kvarandre ved at dei på ulike måtar og i ulik grad fokuserer på logos, patos og etos. Dei vitskapelege tekstane fokuserer mest på logos, budskapet i teksten, populærvitskapelege på patos, på å gjera stoffet forståeleg og interessant for folk flest, instruerande på etos, å meistra eit fag med grunnlag i etablert fagleg autoritet. Under sistnemnde kategori høyrer metode- og læreboktekst til. Metodetekstar er normative; dei handlar om korleis ein skal gå fram i forskinga. Læreboktekstar er deskriptive; dei samanfattar den mest sentrale og etablerte kunnskapen på feltet (ibid., s. 64). Kringlen si bok høyrer til sjangeren instruerande tekstar og er ein kombinert metode- og læreboktekst. Mitt utdrag av Kringlen sin tekst er henta frå den deskriptive delen av kapittelet om affektive lidingar, nærare bestemt den sjukdomsklassifiserande delen. Kapittelet har også ein normativ del som m.a. inneheld retningslinjer for behandling. Retterstøl sin tekst er ei populærvitskapeleg framstilling av dei same emna som Kringlen skriv om. Brodersen, Bråten, Reiersgaard et al hevdar at skilnadene mellom sjangrane finst m.a. i språkbruk og forfattaretablering. Når det gjeld språkbruk, er dei vitskapelege tekstane tyngst å lesa for dei uinnvigde, fordi terminologien er så spesifikk og framandarta. I populærvitskapelege framstillingar vil forfattern unngå slike vanskelege termar, eller forklara dei grundig. Instruerande tekstar ligg mellom dei to andre sjangrane i språkbruk. Forfattaretableringa går

også føre seg på ulike måtar i sjangrane. For vitskapsjangeren er idealet stort sett ei nøktern, objektiv framstilling og ein meir eller mindre "usynleg" forfattar. Slike tekstar har gjerne restriktiv eller manglande bruk av personleg pronomen.

### 3.4.1 Overtydning av lesaren

Soyland hevdar at i vitskapelege tekstar vert lesaren invitert til å sjå noko på ein bestemt måte. Forfattaren si oppgåve er å presentera truverdige og overtydande argument for kvifor lesaren bør adoptera dette bestemte synet. Men overtydinga kan i mange fagdisiplinar vera løynd, slik at forfattaren freistar å gje eit inntrykk av at teksten berre er sannferdig referering av fakta:

(...) most academic writing is structured so as to conceal the aim to persuade; more specifically, the rhetoric of most texts is used to convince the reader that it is the object under discussion (in the last resort: Nature) which is the agent of persuasion, and the text is either an adequate or inadequate means of communicating information about that object. (Soyland 1994, s. 1)

Dette gjeld for fagtekstar innanfor den medisinske fagdisiplinen, og dermed også for Kringlen sin tekst. Forfattaren kan freista å overtyda lesaren på ulike subtile måtar:

(...) the actual persuasion is carried out in a much more complex and sophisticated way than merely by means of "sales talk" items such as *innovative*, *good* and *We argue that* (...) An academic text in addition becomes persuasive through the interplay of a range of elements, including the choice of co-author(s) and publishing channel, methodology, cited (and left out) sources, information ordering and hedges, to name but a few. (Fløttum, Dahl og Kinn 2006, s. 267)

For den populærvitskapelege sjangeren gjeld det at forfattaren har "friare tøyler"; han skal engasjera og vera pedagogisk, og det er legitimt å ha ein personleg stil (Brodersen, Bråten, Reiersgaard et al. 2007).

### 3.4.2 Nettdiskusjonen

Nettdiskusjonen skil seg frå dei to andre tekstane på fleire måtar. For det første gjer innlegga ikkje krav på å vera vitskapelege tekstar. Det er heile 12 ulike deltakarar i diskusjonen i utdraget mitt på 5-6 utskriftssider. Deltakarane er anonyme, slik at etos vert etablert gjennom korleis dei skriv, ikkje av utanomtekstlege faktorar. Dei har svært ulike skrivestilar. Generelt finn vi ein meir uformell og munnleg stil, noko som kjenneteiknar elektronisk kommunikasjon som sms, e-post o.l., jf. Schweps (1994, s. 9). Innlegga er til dels svært personlege; deltakarane fortel om psykiske vanskar og vonde opplevingar, og dei er ofte svært støttande og oppmuntrande med kvarandre. Patoselementet står derfor sterkt i mange av desse tekstane, dette er autentisk "levd liv", fortalt på ein subjektiv, personleg måte. Logoselementet varierer; somme understrekar at "slik oppfattar eg det, slik er det for meg", medan andre er meir generaliserande.

## 4 Teorikapittelet om psykiatri som fag

der fagfeltet vert presentert, slik at tekstane og analysen vert teoretisk forankra i den fagtradisjonen og dei fenomena dei er blitt til i kraft av. Her vert også somme av vanskanane som heftar ved psykiatrien som vitenskap, presenterte, herunder språklege problem.

### 4.1 Kva er psykiatri?

Ved å søkja på *psykiatri* i *Store norske leksikon* finn ein følgjande artikkel, skriven av psykiatriprofessoren Ulrik Malt:

**psykiatri.** (av psyko- og -iatri), læren om sjelens eller sinnets lidelser, psykiske lidelser. Formelt er psykiatri en egen medisinsk disiplin som utøves av leger med spesialutdannelse i fagområdet, psykiater (...). Fagområdet psykiatri bygger både på biomedisinsk kunnskap (naturvitenskap) og kunnskap innhentet fra andre fagområder som psykologi, sosiologi og sosialantropologi (humanistisk vitenskap). Utøvelsen av fagområdet psykiatri (...) involverer derfor også andre faggrupper som psykologer, sosionomer, spesialsykepleiere og andre yrkesgrupper (f.eks. fysioterapeuter, ergoterapeuter) med spesialutdannelse innenfor spesielle områder med relevans for behandling av psykiske lidelser. ([www.snl.no](http://www.snl.no), 06.08.10)

Psykiatri er ein spesialitet innanfor medisin, men står i ei særstilling i fagfeltet. Det er eit markert skilje mellom psykiatri og resten av medisinen. Medan dei andre 43 medisinske spesialitetane konsentrerer seg om konkrete, målbare fenomen og har samlenamnet somatikk, er psykiatrien sitt felt abstrakt og omstridd, og forholdet til medisinen elles ikkje uproblematisk:

Psychiatrists have not in general been much concerned with what psychiatry is. Most textbooks make some simple opening statement about it being a branch of medicine concerned with disorders of the mind. Other groups, however, psychologists, mental health nurses, users of services, and carers, have often been critical of psychiatry's self-image as a branch of medicine. (Fulford, Thornton og Graham 2006, s. 4)

Psykiateren Nancy Andreasen definerer psykiatri slik:

Psychiatry is the medical speciality that studies and treats a variety of disorders that affect the mind – mental illnesses. Because our minds create our humanity and our sense of self, our speciality cares for illnesses that affect the core of our existence. (Andreasen 1997, s. 592)

#### 4.1.1 Psykiatrien sine problem

Psykiatri er altså vitenskapen om sjukdommar som råkar *sjølve kjernen i eksistensen vår*, ifølgje Andreasen. Vi ser korleis denne spesialiteten dermed skil seg radikalt frå dei andre disiplinane, og korleis forskingsobjektet er forbunde med epistemologiske problem:

Intrapsychische Ereignisse eines Andern sich vorzustellen, das ist "keine so leichte Sache". Die Sachverhalte, die die klinische Psychiatrie untersucht, können nicht ohne weiteres den Sachverhalten gleichgestellt werden, die sich andere medizinische und



biologische Wissenschaften vornehmen. (...) Die Sprache der klinischen Psychiatrie, weil sie subjektive Sachverhalte beschreibt, ist anders als die Sprache anderer Wissenschaften. (Feer 1987, s. 4–5)

Ei meir spissformulert framstilling av psykiatrien som fag er at det er vitskaperen om intrasubjektive fenomen som er kulturspesifikke, idiosynkratiske, fluktuerande, og som kan bli påverka av betraktaren, og dermed verta tolka ulikt av ulike betraktarar (Feer 1987, s. 1), ukjende m.o.t. opphav og årsak og som vi berre kan få kjennskap til gjennom ytre observerbare teikn som avvikande åtferd (medrekna tale) og ev. pasienten si språklege formidling av sine psykiske erfaringar. Problemet med å formidla slike psykopatologiske fenomen til andre via språket er at omgrepa ikkje refererer til det same erfaringsdomenet hjå betraktaren som hjå pasienten. I avsnitt 2.2.1 peika eg på at meininga til eit ord er eit samspel mellom polysemi, kontekst og verdskunnskap, og at det å velja eit ord inneber at ein konstruerer sambandet mellom erfaringa som blir kommunisert, og den eksisterande kunnskapen til samtalepartnarane. Når erfaringane som skal kommuniserast, er så langt frå det som er "normale", allmenne psykiske tilstandar, vert det problematisk. Korleis kan t.d. eit djupt deprimert, suicidalt menneske gjera den psykiske tilstanden sin "forståeleg" for andre?

Den prislønte amerikanske forfattern William Styron, kjend for boka *Sofies valg*, har skriva boka *Synlig mørke. Erindringer om en depresjon*. (1991), der han freistar å skildra korleis han opplevde det å vera alvorleg deprimert, og reflekterer over kor vanskeleg det er å setja ord på erfaringane sine slik at andre forstår kva det inneber å vera psykisk sjuk:

Denne mangelen på forståelse skyldes som regel ikke manglende sympati, men det faktum at friske mennesker i praksis ikke er i stand til å forestille seg en tortur som ligger så langt utenfor deres daglige erfaringsområde. (ibid. , s. 26)

Ein må derfor ty til biletleg språk for å vekkja bestemte assosiasjonar hjå den andre. Gjennom å kombinera primære metaforar kan ein freista å aktivera fantasien og empatien til den andre nettopp ved å referera til meir handfaste og forstålege fenomen. Opningsstrofa i Salme 130, der songaren i **djup** sorg ropar til Gud og tryglar om nåde lyd slik: "Frå djupet ropar eg til deg". Opningslinjene i *Den gudommelige komedie* av Dante, eit verk m.a. om **nedstiging** til helvete/**underverda** kan parafraaserast slik: "Eg har gått meg vill i **svarte** skogen." Desse døma er språklege uttrykk for omgrepsmetaforane TRIST ER NED og TRIST ER MØRK. Styron sjølv samanliknar alvorleg depresjon med kjensla av å drukna eller å bli kvelt, men meiner at heller ikkje desse samanlikningane er adekvate (1991, s. 26). Dette vert drøfta meir utfyllande i analysedelen av oppgåva, avsnitt 6.2.7.3.

#### 4.1.2 Psykiatrien sitt språk

Språket fungerer også som mogleg hinder eller ei fallgruve for betraktaren, som er psykiateren:<sup>23</sup> "Die Wirklichkeit einer krankhaften Person, die wir unmittelbar zu erfahren glauben, ist abhängig von unserem Vorwissen, also von der psychiatrischen Sprache." (Feer 1987, s. 7).

Kva kvalifiserer som eit symptom, korleis identifiserer og typologiserer vi det? Svaret på dette spørsmålet kjem an på forkunnskapen til betraktaren. Andrew Lakoff hevdar at:

Because the experience of psychiatric disorder dynamically interacts with the ways that experts recognize and name it, its diagnosis is a moving target. Psychiatry, whose objects of knowledge emerge in the encounter between patients' subjective reports and clinicians' interpretive schemes, has had a difficult time shifting the disorders under its purview into stable things in the world. (Lakoff 2005, s. 2)

Han byggjer dette m.a. på at det er svært få som får diagnosen 'bipolar' i Argentina, trass i at transnasjonal epidemiologi tilseier at det skal finnast ein del bipolare også der. Dette kjem rett og slett av at argentinske psykiatrar ikkje ser på 'bipolar forstyrning' som ein gyldig entitet. Dette kan tyda på at kulturelle<sup>24</sup> faktorar spelar inn, og det både for fagfolk og lekfolk, jf. Berger og Luckmann:

Psykologiske teorier kan være empirisk dekkende eller ikke dekkende, men med dette mener vi *ikke* at de er dekkende i forhold til den empiriske vitenskapens anerkjente prosedyrer, men snarere som fortolkingsmønstre som kan brukes både av lekfolk og eksperter på hverdagens empiriske fenomener. (...) At psykologiske teorier er dekkende, kan uttrykkes på en annen måte ved å si at de gjenspeiler den psykologiske virkeligheten de hevder å forklare. Men hvis det var alt, ville ikke forholdet mellom teori og virkelighet vært dialektisk. En reell dialektikk blir trukket inn på grunn av de psykologiske teoriens *realiserende* kraft. For så vidt som psykologiske teorier er elementer i den sosiale definisjonen av virkeligheten, er deres virkelighetsfrembringende evne en karakteristisk egenskap som de deler med andre legitimerende teorier. Deres virkeliggjørende kraft er imidlertid spesielt stor fordi den aktualiseres av identitetsdannelsens emosjonelt ladede prosesser. Hvis en psykologi etableres sosialt (...), har den lett for å realisere seg selv på en overbevisende måte i de fenomenene den hevder å tolke. (...) ettersom en psykologi per definisjon har med identitet å gjøre, vil internaliseringaen av den sannsynligvis ledsages av identifisering, og derfor vil den sannsynligvis *ipso facto* virke identitetsdannende. I og med denne tette forbindelsen mellom internalisering og identifisering, skiller psykologiske teorier seg i betydelig grad fra andre typer teorier. (2000, s. 176–8)

Eit døme på korleis det psykiatriske språket påverkar vurderinga av pasienten, er termen *dementia praecox* ('tidleg sløvsinn') vs. *schizofreni* ('spalta sinn') om ein type psykopatologisk tilstand. Schizofrenitermen vart innført av Eugen Bleuler i 1911, fordi han

<sup>23</sup> Jf. drøftinga om språket i avsnitt 3.1.

<sup>24</sup> Jf. at ICD-10 V har eit vedlegg der dei presenterer 12 *kulturspesifikke tilstandar* som ikkje passar inn i etablerte klassifikasjonssystem, og som er assosierte med ein bestemt region eller folkegruppe. I vedlegget vert det understreka at det er omstridd om desse verkeleg er distinkte frå eksisterande sjukdomskategoriar.

observerte at sjukdommen ikkje berre byrja i ung alder og ikkje nødvendigvis hadde ein dårleg prognose, slik at *dementia praecox* var misvisande. *Demens* refererer til ein hjerneskade, altså til ein organisk tilstand, som fører til generell kognitiv svikt og som i hovudregelen er irreversibel. *Schizofreni* refererer til ei psykisk lidning, ein (primært) ikkje-organisk tilstand, som råkar somme delar av intellektet, og som kan reversera(st). Førstnemnde term legg altså mykje dystre diagnostiske føringar på tilstanden enn sistnemnde, og dette pessimistiske synet på sjukdommen ser ut til å ha overlevd, jf. Lauveng si skildring av korleis ho som sjuk vart fortalt at ho hadde ein kronisk sjukdom, og av vanskane ho framleis har med å bli akseptert som "tidlegare schizofren":

Det er en rolle som ikke tilbys. Du kan få lov til å være feildiagnostisert schizofren. Du kan også få lov til å være symptomfri schizofren, som holder sykdommen i sjakk med medisiner, eller du kan være en schizofren som har lært seg å leve med symptomene sine, eller som har en god periode akkurat nå. (Lauveng 2005, s. 13)

Lauveng sine erfaringar står i kontrast til prognosen for lidinga: Om lag 20 % av dei som får diagnosen schizofreni vert heilt friske att (Malt, Retterstøl og Dahl 2003). Overdrive pessimistiske oppfatningar blant behandlarane fører til ein noceboeffekt<sup>25</sup> og dermed dårlegare prognose, altså sjølvoppfyllande profetiar. (Sjå t.d. Kringlen (1997, s. 269–70)).

Ifølgje Kringlen er det (med visse unntak) vanskeleg å dokumentera at somme psykoterapeutiske metodar fungerer betre enn andre. Det som avgjer om terapien lukkast, er "[d]en gode allianse mellom pasient og terapeut, og terapeutens evne til å vekke håp og tro (...)" (1997, s. 375). Dette tyder på ein sterk placeboeffekt ved psykoterapi og er vidare eit prov på det kompliserte samspelet mellom behandlar og pasient. Dersom behandlaren greier å overtyda pasienten om at terapien vil gjera han frisk, vil terapien ha positiv effekt på pasienten. Motsett hjelper det lite at terapeut er teoretisk dyktig, dersom han manglar sosiale og empatiske evner. Menneske som "Snåsamannen" er døme på at personlegdommen til behandlaren kan skapa ein sterk placeboeffekt.

---

<sup>25</sup> Nocebo er det motsette av placebo.

## 5 **Materiale- og metodekapittelet**

der analysetekstane, det teoretiske grunnlaget for sjølve analysearbeidet med tekstane, og den konkrete framgangsmåten som vart nytta, vert presenterte. Her vert også dei metodiske vala grunngevene.

### 5.1 **Presentasjon av analysetekstane**

Eg har undersøkt og samanlikna utdrag frå to bøker skrivne av norske psykiatriprofessorar og eit utdrag av ein nettdiskusjon for menneske med psykiske problem. (Dei tre utdraga er å finna som vedlegg til oppgåva.) Den eine boka er Einar Kringlen si lærebok i psykiatri, *Psykiatri*:

(...) for alle med faglig tilknytning til psykiatrien – leger, psykologer, sykepleiere, sosialarbeidere og studenter, men andre grupper som jurister, helsebyråkrater og politikere vil også finne stoff av interesse. (Kringlen 1997, omslag)

Førsteutgåva til *Psykiatri* kom i 1972, og boka er til no (2010) gjeven ut i totalt ni utgåver, sist i 2008. Utgjevar er Universitetsforlaget. Eg bruker den sjette utgåva, som kom ut i 1997. Boka er på 551 sider og har 37 kapittel. Teksten som eg har analysert, er eit utdrag på om lag tre sider (s. 301–305) henta frå kapittel 26, *Affektive tilstander* (s. 298–322), under avsnittet *Symptomer*. Eg har utelate dei tre avsnitta i teksten som er kassuskildringar. Grunnen til det er at Kringlen her skildrar det spesielle i staden for det generelle og tek med heile familie-, livs- og sjukehistoria til pasienten, altså ikkje berre symptoma ved affektive lidningar. Eg har også utelate *Tabell 23* og *Tabell 24* og avsnittet *Maskert depresjon* nedst på side 305.

Den andre boka er Nils Retterstøl si populærvitskapelege bok *Menneskesinnets irrganger – Psykiske lidelser i et moderne samfunn*, utgjeven av Millennium i 1998. Målgruppa hans er ikkje så spesifikk som Kringlen si, men målet med boka er meir spesifikt:

Mitt ønske er at denne boken skal bli til hjelp – og at den kan tenne håpet om bedre tider, både for pårørende og for dem som blir syke. Dersom boken også kan hjelpe til med å øke kunnskapene om psykiatriske lidelser, slik at du ikke er helt uforberedt når du møter denne virkeligheten, er det en fordel. (Retterstøl 1998, s. 10)

Boka er på 386 sider og har 23 kapittel. Eg har analysert eit utdrag på om lag to og ei halv side (s. 97–99) frå kapittelet *Stemningslidelser og depresjoner* (s. 97–110). Utdraget er ei skildring av symptoma ved bi- og unipolare tilstandar. Utdraga frå dei to forfatarane er dermed samanfallande i tema.

Eg har samanlikna dei to tekstane med eit utdrag henta frå ein nettdiskusjon for menneske med diagnosen bipolar. Som nemnt i avsnitt 3.4.2, er det 12 ulike deltakarar i diskusjonen. Nettstaden er kalla *bipolarforeningen.no* og vert driven av menneske med

diagnosen bipolar. Utdraget er på om lag fem utskriftssider. (Eg har kuttet ut eit innlegg som berre siterer eit informasjonshefte om stemningslidingar.) Diskusjonen ligg under tråden *Hva er bipolar lidelse?* på nettstaden og gjekk føre seg 13.–18. mars 2010. Her freistar menneske med diagnosen bipolar å forklara kva det inneber å ha denne lidinga. Dei diskuterer tilstanden sine symptom og svingingar. Tematikken samsvarer som vi ser med Kringlen og Retterstøl sin.

### 5.1.1 Grunngeving for val av tekstar

Ein føremon med å velja desse to bøkene er at dei skildrar dei same fenomena – dei tek for seg fagfeltet psykiatri som heilskap, dvs. alle diagnosane innanfor disiplinen. Derfor er det lett å samanlikna tekstane. Bøkene kom også ut nesten samstundes (1997 og 1998). I tillegg fekk Retterstøl i 1978 "Norges allmennvitenskapelige forskningsråds pris for populærvitenskapelig arbeid", slik at det er rimeleg å gå ut frå at også *Menneskesinnets irrganger* er eit verk som oppfyller sjangerkrava til popularisering. Begge forfatarane har skrivne mykje nytta lærebøker i psykiatri for medisinarar (Kringlen si er som nemnt *Psykiatri*, Retterstøl si er *Lærebok i psykiatri* (Malt, Retterstøl og Dahl 2003)). Dei er dermed neppe ekstreme eller kontroversielle; heller er det rimeleg å gå ut frå at dei representerer eit slags hovudsyn i norsk psykiatri (om noko slikt eksisterer). I tillegg vil deira språkbruk om og handsaming av temaet verka normativt på språkbruken og tankegangen til dei som skal inn og arbeida i fagfeltet. Jamfør sitatet frå Berger og Luckmann i avsnitt 4.1.2 om den identitetsdannande effekten til psykologiske teoriar.

Eg har som nemnt ovanfor valt ut kapitla om affektive lidingar (depresjon og mani). Ein grunn til at eg valde affektive lidingar, er at depresjon og mani står i ein slags kontrast til kvarandre: Personar som er plaga med begge delar, vert kalla *bipolare*. I tillegg er angst ofte til stades ved affektive lidingar (Schatzberg, Stein og Kupfer 2006, s. 19), mest alle med mani har også depressive periodar, og både mani og depresjon kan manifestera seg i form av psykotiske symptom i alvorlege tilfelle. Såleis er det eit variert utval av symptom som vert skildra i kapitla. I tillegg er depresjon ein folkesjukdom. Alvorleg unipolar depresjon var den fjerde største årsaka til funksjonsnedsetting på verdsbasis i 1990 (Murray og Lopez 1997 a), og det er spådd at sjukdommen vil vera den nest største årsaka i 2020 (Murray og Lopez 1997 b). Det følgjer av dette at sjukdommen er ei enorm bær for samfunnsøkonomien (Sanne, Dahl og Tell 2001).

Eg har altså kartlagt og samanlikna metaforbruken til desse to psykiatrane og lekfolka sin metaforbruk om dei same fenomena i nettdiskusjonen. Føremonen med dette er at eg då får med to ulike vinklingar på temaet. Fagfolka og lekfolka er ekspertar på emnet på kvar sin måte: Professorane er ekspertar teoretisk og klinisk sett, medan menneska med diagnosen

bipolar har førstehandserfaring med å oppleva psykisk sjukdom; dei kjenner fenomenet på kroppen.

## 5.2 Framgangsmåte

Framgangsmåten eg har nytta i analysen min, kan delast opp i følgjande:

- 1) Identifisering av biletlege språklege uttrykk
- 2) Identifisering og eksplikering av mål- og kjeldedomene
- 3) Oppbygging av tilordningsoversyn
- 4) Drøfting og vurderande tolking

Steen (2007) meiner at ein må gjennom fem steg for å identifisera omgrepsmetafor i diskurs og nyttar eit døme frå diktaren Tennyson som illustrasjon: "Now sleeps the crimson petal, now the white". Dei fem stega er som følgjer (kommentarane til dei fem stega er mine egne og er markerte med *kursiv*):

- 1) Identifisering av metaforisk fokus. Metaforisk fokus er det metaforisk nytta ordet, i dømet med Tennyson er det *sleeps*. *I analysen min har eg markert metaforisk fokus med **feit skrift**. Det kan vera snakk om alt frå preposisjonar, pronomener, adjektiv, til verb, substantiv og frasar.*
- 2) Identifisering av metaforisk idé. Metaforisk idé er påstandar som inneheld eit metaforisk nytta omgrep, ein representasjon for konseptuell struktur. I dømet er det to idear, "a crimson petal sleeps" og "a white petal sleeps". *Som vi ser, er den metaforiske ideen ikkje avgrensa til einskildord. Derfor har eg måtta fylla inn heile setningar eller delsetningar i metafortabellane mine. Å ta med berre det metaforiske fokuset hadde ikkje gjeve mening. Det er konteksten det metaforiske fokuset står i, som skapar metaforen.*
- 3) Identifisering av ikkje-bokstaveleg samanlikning. Samanlikninga i dømet involverer ein konseptuell likskap mellom det som kronblada føreteik seg, og det at ein entitet i kjeldedomenet søv. *Kva er måldomenet, kva freistar ein å uttrykkja ved å seia at kronblada "søv"? (Steen føreslår at måldomenet er inaktivitet.)*
- 4) Identifisering av ikkje-bokstaveleg analogi. Dette punktet kan vera problematisk, då det ikkje alltid er sjølv sagt kor omgrepa som vert nytta i analogien, er henta frå, altså kva som er kjeldedomene. I dømet er kjeldedomenet ein entitet i søv. Det er sannsynlegvis snakk om personifisering, men det er ikkje haldepunkt for å slå sikkert fast at det er mennesket som er kjeldedomene, det kan også vera snakk om dyr. *Det mest korrekte vert då å gjera kjeldedomenet generelt nok til at begge moglegeheitene*

*får plass, sjølv om eg er einig med Steen i at mennesket mest truleg er kjeldedomenet her.*

- 5) Identifisering av ikkje-bokstaveleg tilordning. Dette siste steget går ut på å laga ei liste over tilordningane mellom elementa i analogien, og vidare mogelege tilordningar som kan tenkjast å bli nytta for den same analogien. *I dømet med kronblada er det t.d. nærliggjande å tenkja seg at viss kronblada kan "sova", så kan dei også "vakna".* (Steen 2007, s. 297–300)

Vi ser at steg 1) og 2) hjå Steen handlar om å finna språklege uttrykk for omgrepsmetaforar (steg 1 i framgangsmåten min), steg 3) og 4) handlar om å finna mål- og kjeldedomene for dei språklege metaforane (steg 2 i framgangsmåten min) og steg 5) hjå Steen fell saman med steg 3 hjå meg, å laga oversyn over dei ulike tilordningane.

### **5.2.1 Identifisering av biletlege språklege uttrykk**

Datainnsamlinga mi er basert på observasjon, ikkje introspeksjon eller manipulasjon, som er dei to andre metodane for å finna data om metaforar (Steen 2007). Observasjon går ut på å sjå på autentisk språk og tale, introspeksjon handlar om å finna på språklege døme sjølv, og manipulasjon er den typiske framgangsmåten til psykologar, der dei lagar eit språkekspesiment med ei gruppe menneske som forsøkspersonar.

Det er nødvendig å definera kva kriterium som skal nyttast for å finna metaforar i ein tekst. Eit stykke på veg er det eit skjønsspørsmål kva ein reknar som metafor, så arbeidet føreset ei viss grad av tolking og grunngjeving. Eg ønskte å få med så mykje som mogeleg av "døde" så vel som levande metaforar, då eg meiner at det kan gje innsyn i den språkhistoriske så vel som den individuelle utviklinga av polysemi og biletleg språk. (Med *individuell utvikling* meiner eg her språkutvikling hjå einskildmenneske frå prekonseptuell alder og framover.) Derfor har eg definert metaforar slik: Når eit ord vert nytta om eit domene som er distinkt annleis enn det domenet grunntydninga til ordet refererer til, har vi med ein metafor å gjera. Når eit ord vert nytta om eit aspekt ved eit domene som er distinkt annleis enn det aspektet grunntydninga til ordet refererer til, har vi med ein metonymi å gjera. Eg har nytta diverse ordbøker som oppslagsverk for å finna den konkrete vs. dei overførte tydingane til orda. Dei ordbøkene eg har nytta mest, er Nynorskordboka og Bokmålsordboka på nett, [www.dokpro.uio.no](http://www.dokpro.uio.no), og Oxford Dictionary of English (Stevenson og Soanes 2003), heretter ODE. Testlesingar gjorde det fort klart at det ikkje nett var mangel på metaforar i tekstane, tvert om. Det finst knapt setningar i tekstane som er frie for biletleg språk. (Kartlegginga tek berre med metaforar om sinnet og psykopatologi. Ein finn ein del metaforar i tekstane som handlar om andre fenomen, og dei har eg utelate.)

Kva må ein vera merksam på når ein leitar etter metaforar i ein tekst? Steen skil mellom metaforar i språkssystem; konvensjonaliserte leksikogrammatisk einingar,<sup>26</sup> og metaforar i språkbruk; autentisk, situasjonell tekst og tale. (I mi oppgåve er det sistnemnde, autentisk tekst, som er objektet for undersøkinga.) Skilnaden mellom dei to er blant anna at for dei leksikogrammatisk einingane er fokuset på abstraksjonar og den konstante tydinga til uttrykk. Når lingvistiske teikn vert studerte som symbolske einingar i autentisk språkbruk, er dei plasserte i ein konkret språkleg og situasjonell kontekst. Dermed er det den spesifikke språklege og situasjonelle informasjonen som skapar mening. I dei fleste utsegner veit vi ein heil del om måldomenet, fordi det er ein del av den konseptuelle ramma for diskursen. I analyse av autentisk språkbruk må vi derfor i tillegg til polysemi, simile, idiom og ordspråk også ta med alle andre former for indirekte tyding som er baserte på ikkje-bokstaveleg likskap. Dette gjeld både konvensjonaliserte, forelda og nye former for indirekte tyding. Det gjeld også implisitte former som ellipse eller substitusjon, der ein ikkje finn eksplisitte metaforiske uttrykk. Metaforar i diskurs kjem til uttrykk både ved bokstaveleg og direkte språk så vel som ved ikkje-bokstaveleg, indirekte.

### **5.2.1.1 Direkte språkbruk, indirekte tyding**

Når metafor er definert som tilordningar mellom to konseptuelle domene, er det fleire manifestasjonar av metafor enn berre dei som inneheld indirekte språkbruk. Både simile, analogi og allegori er slike manifestasjonar. Språket vert nytta direkte, men tydinga er indirekte. Tilordningar mellom domene med ikkje-metaforisk eller direkte språkbruk finn vi særleg i lyrikk, pedagogiske og vitskapelege tekstar, allegoriar og parablar (Steen 2007, s. 309–11). Steen illustrerer dette med følgjande døme, eit sitat av politikaren Truman (henta frå Chilton (1995, s. 130)):

Molotov, conducting the meeting, sat leaning forward over the table, a Russian cigarette dangling from his mouth, his eyes flashing with satisfaction and confidence as he glanced from one to the other of the foreign ministers, obviously keenly aware of their mutual differences, and their common uncertainty in the face of the keen, ruthless, and incisive Russian diplomacy. He had the look of a passionate poker player who knows that he has a royal flush and is about to call the last of his opponents. (Steen 2007, s. 312)

Steen peikar på at den siste setninga inneheld det metaforiske høgdepunktet i teksten, men at denne setninga ikkje inneheld metaforisk språk, så lenge metaforisk språk er definert som indirekte framkalling av denotasjon. Dersom ein seier om nokon at han ser ut som ein pokerspelar, nyttar ein konkret, bokstaveleg tyding, ikkje metaforisk, overført tyding. Steen meiner at det er sannsynleg at Molotov verkeleg såg ut som ein pokerspelar i ferd med å gå av med sigeren i dette bestemte møtet. Men han peikar også på at dette er Truman sin

---

<sup>26</sup> Steen kallar dette for *grammar*.



metafor for å konseptualisera sovjetarane. Truman nyttar kjeldedomenet pokerspel for å vekkja ei bestemt ramme og bestemte konnotasjonar hjå lesaren (jf. omgrepsmetaforen POLITIKK ER SPEL). Ifølgje Steen finn vi dermed bruk av metafor på det konseptuelle nivået. På det språklege nivået finn vi direkte språkbruk<sup>27</sup> (Steen 2007, s. 312).

### 5.2.1.2 *Metaforsignalisering*

Språkbrukarar vert somme tider merksame på at metaforbruk representerer eit problem for koherens og kommunikasjon mellom talar og mottakar fordi kjeldedomenet til metaforen er ein "framand" i diskursramma til måldomenet. Dette løyser ein ved hjelp av metaforsignalisering. Indirekte signalisering kan skje ved hjelp av uttrykk som *på ein måte*, *liksom*, *som om*. Kollisjonen mellom kjelde- og måldomenet kan dempast ved å setja inn ord som indikerer kva for emne kjeldedomenekonseptet vert nytta om (Steen 2007, s. 317). Goatly illustrerer dette med dømet "inner **speech**" (Goatly 1997, s. 172). Vi ser at kjeldedomenet 'speech' vert modifisert av adjektivet *inner* for å understreka at diskursramma er intrasubjektive fenomen.

Trongen til ei tilordning mellom to domene basert på éi eller anna form for likskap vert ofte signalisert ved *som*, *lik* eller konstruksjonar som *meir ... enn*, *så ... som*. På det morfologiske nivået finn vi signalisering i følgjande utgåver:

- a) *-isk*, som signaliserer omtrentleg, indirekte tyding av stamma det står som affiks til
- b) *lik(nande)*, som signaliserer likskap eller samanlikning
- c) samansetjingar som inneheld både mål- og kjeldedomene, t.d. *froskemann*, der samansetjinga indikerer kva for to domene som vert aktiverte: 'amfibie' og 'menneske'

Slike signal kan nyttast til å finna metaforar (Steen 2007, s. 318). Derfor var eg merksam på teikn av denne typen då eg undersøkte tekstane, og har teke med similar i analysen.

### 5.2.1.3 *Å finna metaforar i diskurs*

Metaforar i diskurs har fire ulike dimensjonar: direkte vs. indirekte språkbruk, signalisering, utviding (metaforen strekkjer seg utover ei ytring) og eksplisitet, som tyder at både mål- og kjeldedomene er eksplisitt uttrykte i teksten. I eksplisitt så vel som implisitt metaforisk språkbruk er den verkelege grunnen til referensiell diskontinuitet eller inkongruens det som Steen kallar *indirektheit i konseptualisering* (Steen 2007, s. 319–23). Kva gjeld som tilordningar mellom to separate domene? Steen meiner at:

... whenever two concepts are compared and they can be constructed, in context, as somehow belonging to two distinct and contrasted domains, the comparison should be seen as expressing a cross-domain mapping. Cameron (2003: 74) refers to these as two incongruous domains. (Steen 2007, s. 326–7)

---

<sup>27</sup> Den same mekanismen er gjerne i spel i dette dømet, henta frå BBC-komedien *Blackadder II*: [Melchett (very drunk):] "You twist and turn like a ... twisty-turny thing."

Eg var merksam på Steen sine moment i metaforkartlegginga. Målet mitt var å finna alle former for biletleig språk i tekstane, anten det er metafor, metonymi, simile eller anna. Dette medfører at eg tok med alle uttrykk som ikkje er klart ikkje-biletlege.

## 5.2.2 Identifisering og eksplisering av mål- og kjeldedomene

### 5.2.2.1 Frå språklege uttrykk til omgrepsmetaforar

Ettersom eg først fann dei metaforiske uttrykka i tekstane, og deretter sorterte dei på ulike omgrepsmetaforar, nytta eg det Steen kallar "the 'semasiological' route". Den andre moglege tilnærminga ville ha vore "the 'onomasiological' route", der ein går ut frå gjevne omgrepsmetaforar og deretter ser etter potensielle språklege uttrykk for slike (Steen 2007, s. 15). Grunnen til at eg valde førstnemnde framgangsmåte, er at eg ikkje var viss på kva for omgrepsmetaforar som er nytta i tekstane, om omgrepsmetaforar for psykopatologi samsvarer med dei for emosjonar generelt, og om fagfolk sine omgrepsmetaforar samsvarer med dei folkelege. Derfor ville eg ha ei meir open tilnærming, slik at eg fanga opp flest moglege metaforar i tekstane. Omgrepsmetaforane identifiserte eg på bakgrunn av tidlegare funn frå metaforforskning i kognitiv lingvistik, som t.d. boka *Metaphor and emotion* (Kövecses 2000) og *Master Metaphor List* (Lakoff, Espenson og Schwartz 1991), men eg heldt moglegheita open for at eg kunne måtta identifisera nye omgrepsmetaforar. Det viste seg, ikkje uventa, at alle omgrepsmetaforane kunne sporast tilbake til meir generiske omgrepsmetaforar, i siste instans "The Great Chain of Being Metaphor" og "The Event Structure Metaphor", (vedlegg nr. 1) som er skildra utførleg i Kövecses (2002, kap. 10). Det eg gjorde, var å gjera omgrepsmetaforane spesifikke nok til å gjelda berre for psykopatologi. Eit døme er den generiske hendingsmetaforen ÅRSAK ER KRAFT, som eg spesifiserte til AFFEKTIV LIDING ER FYSISK KRAFT.

Når det gjeld kriterium for å identifisera metaforiske uttrykk i tekstane, leitte eg etter uttrykk som har indirekte og inkongruent tyding. Indirekte tyding vil seia at det finst ei meir direkte, konkret tyding av ordet. Inkongruent tyding vil seia at kjeldedomenet er ein "framand inntrengjar" i diskursen om eit måldomenet, og at aspekt ved kjeldedomenet vert tilordna måldomenet utan at ramma vert endra; måldomenet er framleis i fokus. Følgjande døme frå nettdiskusjonen (om mani) illustrerer inkongruent tyding: "Jeg **landet** før det ble noe av dette". Den konkrete tydinga til uttrykket å *landa* aktiverer ramma endepunktet for ein flytur. I nettdiskusjonen blir uttrykket brukt om noko heilt anna, ein psykisk tilstand. Dermed er uttrykket ein inntrengjar i måldomenet, men ramma blir likevel ikkje endra, det er framleis tale om mani. Fordi omgrepsmetaforen TRIST ER NED, GLAD ER OPP er så innarbeidd, "godtek" vi utan vidare at flyturen i denne utsegna denoterer det maniske anfallet.

Stefanowitsch viser til at:

(...) we can distinguish two broad types of metaphorical expressions on formal grounds: those that contain target-domain [sic] items and those that do not. (...) A metaphorical pattern is a multi-word expression from a given source domain (SD) into which one or more specific lexical item from a given target domain (TD) have been inserted. (...) For metaphorical expressions that do not constitute metaphorical patterns, it is often difficult to determine which precise target-domain [sic] we are in fact dealing with (...) (2006, s. 65–6)

Når måldomenet ikkje er eksplisitt nemnt, er det ikkje alltid innlysande kva måldomene vi har med å gjera. Dette er det viktig å vera merksam på ved metaforkartlegging. Stefanowitsch illustrerer dette ved å kontrastera "your claims are indefensible" med "he is known for his many rapid conquests" frå Lakoff og Johnson (1980), som døme på DISKUSJON ER KRIG og KJÆRLEIK ER KRIG. Vi ser at måldomenet i det siste dømet kan vera uklart. Er det nødvendigvis tale om kjærleik her, eller kan det vera snakk om andre måldomene? Ulike personar kan landa på ulike resultat. For å løysa dette problemet har eg valt måldomene mest mogeleg generelt. Eg les ikkje meir inn i uttrykka enn eg meiner eg har belegg for. I dømet med KJÆRLEIK ER KRIG ville eg vurdert å erstatta 'kjærleik' med 'flørting', sidan flørting er eit meir direkte observerbart og mindre djuptgripande fenomen enn kjærleik. Å seia at måldomenet er kjærleik, er ein sterk påstand, medan å seia at måldomenet er flørting, er mindre kontroversielt.

Etter kvart som eg fann omgrepsmetaforar for dei språklege uttrykka, gjekk analysen delvis ut på å vurdere om dei nye uttrykka eg fann, var døme på allereie identifiserte omgrepsmetaforar eller representantar for andre omgrepsmetaforar. Det var ikkje noko mål i seg sjølv å finna flest mogeleg omgrepsmetaforar, så eg prøvde å laga omgrepsmetaforane så generelle som mogeleg (sjå også avsnittet ovanfor) og heller ha fleire tilordningar og hyponym i kvar omgrepsmetafortabell. Eventuelle hyponym av omgrepsmetaforane er lista opp under hovudomgrepsmetaforen i tabellen. Både hovudomgrepsmetaforen og hyponyma til den er markerte med feit skrift. Eventuelle tilordningar til hyponyma er lista opp under hyponyma i tabellane.

### 5.2.3 Oppbygging av tilordningsoversyn

Då alle dei biletlege uttrykka var sorterte under omgrepsmetaforar, kartla eg tilordningane mellom kjelde- og måldomenet i kvar omgrepsmetafor. Ei tilordning er som før nemnt eit aspekt av kjeldedomenet som vert nytta for å snakka om og forstå eit aspekt av måldomenet. Det eg i praksis gjorde, var å sjå etter distinkte aspekt, altså ulike dimensjonar av kjeldedomenet som sa noko om ulike dimensjonar av måldomenet. Kva kunne ikkje slåast saman? Som døme kan eg nemna omgrepsmetaforen AFFEKTIV LIDING ER FYSISK OBJEKT. Fire av tilordningane til denne metaforen har høvesvis 'form', 'vekt', 'utbreiing' og 'storleik' som kjeldedomene. Alle desse kan karakteriserast som fysiske eigenskapar, men dei vert brukte om ulike aspekt ved måldomenet. 'Form' vert nytta om undertypar eller

manifestasjonar av affektiv lidning, medan 'vekt' og 'storleik' vert nytta om alvorlegheitsgrad, og 'utbreiing' om epidemiologi. Desse nyansane ville gått tapt om eg hadde slått tilordningane saman til "EIGENSKAPAR TIL AFFEKTIV LIDING ER FYSISKE EIGENSKAPAR".

#### 5.2.4 Drøfting og vurderande tolking

Tolkinga av funna baserte eg på eigne refleksjonar kring tyding og språkbruk, og ikkje t.d. spørjeundersøkingar. I tilfelle der metaforisiteten ikkje er openberr, har eg grunngeve kvifor eg meiner at uttrykket er metaforisk. Som døme kan eg nemna sjukdoms- og diagnoseomgrepet nytta om psykiske vanskar. Der eg vurderte det som relevant, trekte eg også inn det etymologiske opphavet til orda.

Vidare freistar eg å visa korleis metaforen (eller metonymien) fungerer i den aktuelle konteksten. Dette inneber å vurdere om somme tilordningar er føretrekte framfor andre (for metonymiar: subdomene) og å vurdere om det språklege uttrykket for metaforen (eller metonymien) sjølv er metaforisk-metonymisk kompleks (Barcelona 2002, s. 247).

Eg drøftar også grad av metaforisitet. Kor metaforisk er eigentleg ein omgrepsmetafor som SINNET ER KROPPEN, gjeve det kompliserte samspelet mellom kropp og sinn? Her er det truleg snakk om svak metaforisitet. Jamfør Hanks (2006), som hevdar at metaforar er graderbare i høve til kor mange tilordningar som vert nytta:

In the most metaphorical cases, the secondary subject shares fewest properties with the primary subject. Therefore, the reader or hearer has to work correspondingly harder to create a relevant interpretation. At the other extreme, the more shared properties there are, the weaker the metaphoricity. (Hanks 2006, s. 22)

Dersom metaforisiteten er svak, er kanskje metonymisiteten desto sterkare, jf. metafor–metonymi-kontinuumet.

I somme tilfelle vurderer eg også om metaforen er heldig eller uheldig, sjå t.d. avsnitt 6.2.7.3.

### 5.3 Atterhald

I ein tekstanalyse som dette må ein vera varsam med å konkludera altfor skråsikkert om kva ein "veit" om det som finst inne i hovudet til andre. Metaforbruk kan godt vera basert på konvensjonar og innlæring av "døde metaforar" utan at ein aktiverer ei metaforisk kopling på det kognitive nivået. Cameron har vore inne på dette:

How far does the use of systematic linguistic metaphors **come from** pre-existing conceptual metaphor in the way Lakoff suggests? (...) While the conceptual metaphor is a convenient analytic device, we need to remain cautious about its existence beyond the mind of the analyst and its actual use by discourse participants. (Cameron 2003, s. 252)

På den andre sida vil ein alltid kunna bli gjord merksam på det indirekte og inkongruente ved sjølv dei mest konvensjonaliserte metaforane. Dette skjer typisk ved inkonsistent metaforbruk, som i dette dømet frå Yes Minister:

'Well,' I asked bitterly, 'how does Bob Carver in the *Standard* know all about this reshuffle, if we don't?' 'Perhaps,' speculated Humphrey, 'he has the PM's ear.' (...) 'Yes,' I said. 'Everyone knows that he's in the PM's pocket.' Bernhard perked up. 'Then the PM must have a rather large ear,' he said. (Lynn og Jay 2006, s. 278)

## 5.4 Oppsummering

Først identifiserte eg metaforiske og metonymiske språklege uttrykk og andre døme på bileteleg språk i tekstane og sorterte dei på ulike omgrepsmetaforar og deretter på ulike tilordningar. Eg laga omgrepsmetaforane så generelle som mogeleg, sette dei inn i kvar sin tabell, med kvar sine tilordningar og ev. hyponym og språklege døme på kvar av desse (henta frå tekstane). Deretter freista eg å tolka og forklara opphavet og funksjonen til dei konseptuelle metaforane ved å visa til andre omgrepsmetaforar og omgrepsmetonymiar. Eg nytta dermed den hermeneutiske metoden (Føllesdal 2002, kap. 4). Oppgåva mi er både deskriptiv og normativ (vurderande), ettersom eg har kommentert metaforane eg fann. I tillegg er oppgåva kvalitativ heller enn kvantitativ, då eg berre har teke for meg små utdrag frå to kapittel henta frå to bøker, pluss eit lite utdrag av ein nettdiskusjon.

## **6 Analyse- og drøftingskapittelet**

*der funn frå tekstane vert presenterte, sorterte på omgrepsmetaforar og tilordningar. Utvalde delar av funna vert her drøfta på bakgrunn av ulike teoriar m.o.t. motivasjon og ev. historikk for metaforane.*

### **6.1 Praktiske opplysningar**

Eg har delt opp analysen i seks avsnitt. Det største avsnittet er igjen delt opp i seks underavsnitt. I byrjinga av kvart avsnitt har eg eit sitat frå éin av tekstane, slik at lesaren kan kopla omgrepsmetafor (= overskrifta til avsnittet) til eit språkleg uttrykk for omgrepsmetaforen. Dette fordi det ikkje alltid er sjølv sagt at omgrepsmetaforar gjev meining når dei står i isolasjon. Inndelinga mi er slik at det er tre avsnitt om sinnet og tre om affektive lidningar. Eg fann det naturleg å dela det opp slik fordi tekstane reint faktisk handlar om a) sinnet og b) dei patologiske tilstandane som kan oppstå der. Dei tre avsnitta for sinnet har eg kalla SINNET ER KROPPEN, SINNET ER EIT FYSISK OBJEKT og SINNET ER FLEIRE DISTINKTE INDIVID. Eg har skrive titlane til avsnitta med versalar for å understreka at dei er omgrepsmetaforar. Dei tre avsnitta for affektive lidningar har eg kalla AFFEKTIV LIDING ER FYSISK KRAFT, AFFEKTIV LIDING ER INDIVID og AFFEKTIV LIDING ER FYSISK OBJEKT.

Eg har laga tabellar der kjeldedomenet er plassert til venstre og måldomenet til høgre, det gjeld også for tilordningane. Eg har, som nemnt i avsnitt 5.2, måtta ta med heile eller delar av setninga der metaforane finst, fordi det ikkje gjev meining å berre ta med det ordet som vert brukt i overført tyding. Døma i tabellane er altså ekvivalente med den metaforiske ideen i uttrykket. Ordet/orda som eg meiner er kjernen i metaforen (metaforisk fokus), er markert(e) med feit skrift. Somme sitat er nytta fleire gonger fordi metaforane er som kinesiske øskjer, det er lag på lag. Eg har med nokre få unntak teke med berre eitt døme frå kvar tekst for kvar omgrepsmetafor, fordi det er altfor mange metaforuttrykk i tekstane til at alle kan listast opp. Dersom det manglar døme frå ein tekst, tyder det at metaforen ikkje finst i det aktuelle tekstutdraget. Parentesen (K) etter eit sitat tyder at sitatet er henta frå Kringlen, (R) = Retterstøl og (N) = nettdiskusjon. Eg har ikkje med sidetal pga. plassomsyn, men sitata bør kunna vera lette å finna att i originaltekstane, som finst som vedlegg til oppgåva, då det er snakk om få sider per tekst. Eg har valt å plassera tabellane sist i avsnitta, sidan drøftinga forklarar og grunnlegg metaforkartlegginga. Grunna plassomsyn har eg ikkje kunna drøfta alle tilordningane som eg har kartlagt, men alle er å finna i tabellane. Drøftinga mi er dermed basert på eit utval av funna mine.

## 6.2 Sinnet

***”Enkelte ganger føler vi oss bedre og lettere til sinns, men så kommer kanskje små påkjenninger og slår oss ut” (R)***

---

### 6.2.1 SINNET ER KROPPEN

SINNET ER KROPPEN må kunna seiast å vera hovudmetaforen for sinnet i undersøkinga mi. Han er hyppig nytta og har mange ulike tilordningar. For å gjera tilordningane meir oversiktlege, har eg derfor delt opp framstillinga for denne metaforen i følgjande bolkar:

- 1) PSYKISK TILSTAND ER SOMATISK HELSETILSTAND
- 2) EFFEKT PÅ SINNET ER KONTAKT MED KROPPEN
- 3) REGISTRERING AV INTRASUBJEKTIVE PROSESSAR ER PERSEPSJON
- 4) SINNET ER KROPPEN (SOM BEHALDAR)
- 5) KOGNISJON/PSYKISK TILSTAND ER OBJEKTHANDSAMING
- 6) SINNET ER EIN ENTITET MED ROMLEG PLASSERING, ORIENTERING OG FORFLYTTINGSEVNE

Sinn og kropp er uløseleg forbundne. Dei er gjensidig avhengige av kvarandre og påverkar kvarandre i ulike kompliserte samspel. (Jamfør t.d. forskinga på samanhengen mellom vasking og samvit, svart/kvit vs. moral, kulde vs. einsemd, lukt vs. dygder etc., som eg viser til i avsnitt 2.3.7.) Vi opplever at sinnet er plassert ein stad i kroppen, og at emosjonar og fysiologi heng saman på noko vis. Mange av (kanskje alle) metaforane baserte på SINNET ER KROPPEN har ein metonymisk eller primærmetaforisk basis. Psykiske tilstandar har ofte fysiologiske effektar og kjenneteikn. Det er blitt hevda at grunnleggjande emosjonar (affektar), som t.d. sinne og frykt, har kvar sine spesifikke former for fysiologiske tilstandar. Det autonome nervesystemet, endokrine kjertlar og somme lågare hjernesenter vert aktiverte og påverkar m.a. blodtrykk, puls og respirasjon på ulike måtar etter kva kjensle det er snakk om (Rainville, Bechara, Naqvi et al. 2006) og (Ekman 1983). Forsking tyder på at dette er eit universelt fenomen (Levenson, Ekman, Heider et al. 1992), noko som kan forklara kvifor somme metaforar synest å vera tilnærma universelle, som t.d. SINNE ER VARM VÆSKE I EIN BEHALDAR. Vi får ei metonymisk overføring, EFFEKT FOR ÅRSAK, der sinne vert omtalt med uttrykk motiverte av den fysiologiske effekten til sinne, t.d. blodtrykksauke, opplevinga av auka indre trykk. Dette kan bli utvida metaforisk til uttrykk som *å eksplodera/koka over av sinne*. Her viser metaforen til vår oppleving av at sinne er noko som byggjer seg opp innvendig og som, dersom trykket vert for stort, fyk ukontrollert ut av oss i form av verbal og/eller fysisk utagering. Derav får vi t.d. termen *raseriutbrot*.

**”... at livet er helt tomt og man ikke ser mening i noe og føler seg død innvendig.” (N)**

---

## **6.2.2 PSYKISK TILSTAND ER SOMATISK HELSETILSTAND**

### **6.2.2.1 Sjukdomsmetaforen i psykiatri**

Som legar er psykiatrane spesialistar også i somatikk, slik at det ikkje er overraskande at dei nyttar lekamen som forståingsramme for den abstrakte storleiken sinnet, og terminologi frå somatisk medisin for psykiatri. Psykiatrien har alltid kjempa for å legitimera sin plass og status innanfor den medisinske vitskapen, så bruken av denne terminologien er kanskje også taktisk motivert? I tillegg er det aukande interesse for den biologiske/organiske sida av psykiatrien. Somatiske behandlingmetodar har lenge vore nytta i psykiatrien, med vekslende hell. Psykokirurgi,<sup>28</sup> ECT-behandling (“elektrosjokk”) og psykofarmakaterapi er dei metodane som vert praktiserte i dag. Eg vil hevda at bruk av sjukdomsogrepet om psykiske vanskar er metaforisk. Ein nyttar eit kjeldedomene som er konkret og direkte observerbart for å snakka om eit måldomene som er abstrakt og ikkje målbart. Psykopatologi skil seg frå vanleg patologi på fire måtar, ifølgje Fulford, Thornton og Graham:

Medan somatiske sjukdommar berre viser seg i form av symptom frå kjensle-, rørsl- og/eller persepsjonsapparatet, er symptoma på psykopatologi mykje meir mangfaldige og kan observerast som forstyrningar i emosjonar, vilje, ønske, appetitt, motivasjon, oppfatningar, persepsjon, tanke, personleg identitet, relasjonar til andre og/eller åtferd.

Somme typar psykiske lidningar er meir like somatiske lidningar enn andre typar. Dei som liknar mest på somatiske sjukdommar er demens, så psykosar, spiseforstyrningar, depresjon, angst, (rus)avhengigheit, vidare hysteri, stressreaksjonar, personlegdomsforstyrningar og seksuelle problem, som er lengst vekk frå somatiske lidningar.

Mentale lidningar har varierende status som sjukdom, og denne statusen heng saman med likskapen lidinga har med somatiske lidningar (sjå over). Generelt er sjukdom, somatisk så vel som psykisk, ei orsaking. Psykisk sjukdom kan også føra til ansvarsfråskrivning eller umyndiggjering, jf. rettspsykiatri og tvunge helsevern. Dess fjernare diagnosane er frå somatisk sjukdom, dess meir omstridde er dei i høve til desse faktorane, jf. personlegdomsforstyrningar og rusavhengigheit vs. kriminalitet, og hysteri vs. simulering.

Dess lengre vekk frå somatisk sjukdom ein diagnose er, dess meir verdiladd er han. Medisin flyt saman med moral, orsaking flyt saman med inga orsaking. Mentale forstyrningar er delvis definerte av moralske kriterium (Fulford, Thornton og Graham 2006, s. 10–13).

---

<sup>28</sup> Psykokirurgi vert ikkje nytta i Noreg, men t.d. i Sverige vert nokre få slike operasjonar utførde kvart år.



Dei moralske kriterier som definerer psykisk sjukdom, ligg til grunn for desse døma frå nettdiskusjonen: "Mens man i hypomani kan gjøre lite gjennomtenkte ting, så kan man i mani miste kontrollen helt og gjøre ting som er **fullstendig upassende for den almene befolkningen.**" (N) og desse frå Kringlen (om mani): "Iblant **kan det virke som om alle hemninger er borte (...)** På andre mennesker virker pasienten **kritikkløs (...)** Mange pasienter neglisjerer sitt utseende og **virker usoinerte (...)** På grunn av pasientens nedsatte selvkritikk kan tilstanden få **uheldige sosiale konsekvenser.**" Merk at uthevingane mine her ikkje gjeld metaforar. Uthevingane markerer passasjar i døma der det klart går fram at dei psykiske tilstandane vert definerte ut ifrå sosiale og kulturelle normer, ikkje ut ifrå korleis personen sjølv har det, som i det siste dømet: Personen med nedsett sjølvkritikk er per definisjon nøgd med seg sjølv, men omgjevnadene har nok eit diametralt motsett syn på han.

Matthews drøftar skilnaden mellom somatisk og psykisk sjukdom:

What makes these conditions 'disorders' seems to be rather that they affect our human, rather than our biological, functioning: that is, that they affect our behaviour in a broad sense, including our thoughts and feelings, towards ourselves and others in a human or social context. We do not think, or feel, or act in a 'normal' way: our condition is described as disordered in relation to social or human norms of how we should relate to one another, and of what constitutes a desirable human life, rather than in relation to biological norms of how our bodies should operate if we are to continue living and acting in the ways characteristic of our species. (...) Being 'sick in mind' seems to be thought of as a description of what we are, rather than a condition into which we happen to fall. (2003, s. 76)

Psykisk sjukdom er altså relatert til sosiale (og kulturelle) normer heller enn til biologiske normer. Sjølve diagnosen kan vera meir traumatisk enn symptomta i seg sjølve:

Suffering from a gastrointestinal disorder and suffering from a mental disorder is not the same – does not have the same meaning – and patients are often affected much more by the meaning of the mental disorder than the symptoms of the disorder itself. In the early stages of cancer, for example, patients may be suffering much more from the meaning of the disease (e.g. chronic disease leading to death) than from its symptoms. Patients with mental disorders in general, and patients with delusion, often suffer more from being told they have a mental disorder than from the disorder itself. (Musalek 2003, s.161).

Somatisk medisin er basert på positivisme, medan psykiatri har klare hermeneutiske drag. I somatikken er diagnostiseringa oftast etiologisk, medan ein i psykiatrien ikkje veit årsaka til tilstanden. Psykiateren diagnostiserer derfor ut ifrå symptom, fenomen som er svært individuelle og varierende. I tillegg kan samspelet mellom psykiater og pasient verka inn på åtferda til pasienten og dermed på legen si vurdering av han/ho (Feer 1987, s. 1). Psykiatriske diagnosar har derfor eit anna grunnlag enn somatiske: "Diagnoser vil ut frå dagens viten være av beskrivende, fenomenologisk og ateoretisk natur." (Malt, Retterstøl og

Dahl 2003, s. 15). Derfor vil eg hevda at å nytta uttrykket "diagnose" i psykiatri er ein metafor henta frå kjeldedomenet somatikk. Metaforen er heller ikkje heilt uproblematisk, fordi diagnoseomgrepet teke frå somatikken gjev kategorisering av psykopatologi ein vitskapeleg autoritet som det eigentleg ikkje er grunnlag for.

### 6.2.2.2 *Diagnosemetaforen i psykiatri*

'Diagnose' vert definert på litt ulike måtar i ulike internettordbøker: "Fastsetting av tilstanden til eit fenomen på grunnlag av gransking" ([www.dokpro.uio.no](http://www.dokpro.uio.no)), "Navn på sykdommer (tilstander) med felles kjennetegn" ([www.snl.no/sml\\_artikkel](http://www.snl.no/sml_artikkel)), "Bestemmelse av en sykdoms art og navn" ([www.snl.no](http://www.snl.no)), "Tilstandsbestemmelse, Sjukdomsbestemming, Klarlegging av et fenomens natur ved hjelp av karakteristiske kjennetegn" ([www.ordnett.no](http://www.ordnett.no)).

Diagnoseomgrepet i medisin er ifølgje Kendell følgjande: *diagnose* er avleidd av to greske ord som høvesvis tyder 'to' og 'å vita eller sjå',<sup>29</sup> og tyder 'å skilja eller differensiera'. I medisinsk kontekst vert omgrepet nytta som både verb og substantiv. Verbet skildrar valprosessen der ein spesifikk sjukdom vert tillagd ein pasient framfor andre, potensielt passande sjukdommar.<sup>30</sup> Substantivet denoterer avgjerda som er teken eller den faktiske sjukdommen som er tillagd individet (Kendell 1975, s.23).

Vi ser at somme definisjonar hevdar at det er *tilstanden* som vert fastslått gjennom ein diagnose, somme at det berre er eit *namn* på tilstandar med sams kjenneteikn, andre hevdar at ein diagnose er bestemming av *arten/naturen* til ein tilstand/sjukdom, medan den medisinske definisjonen hevdar at det er snakk om *eit val* blant fleire sannsynlege sjukdommar. Kringlen snakkar om å stilla ('plassera') ein diagnose: "Andre vil lete etter paranoide ideér, hallusinose eller tankeforstyrrelser før **psykosediagnosen stilles.**" (K) (mine uthevingar). Sidan psykiatri kan kallast vitskapen om sjukdommar som rammar "sjølv kjernen i eksistensen vår" (sjå sitat frå Andreasen (1997) i avsnitt 4.1), er det nærliggjande å tenkja at å stilla ein psykiatrisk diagnose er å stilla/plassera *personen* i ein kategori.

Når ein person tillegg seg sjølv ein diagnose, er det ein påstand: "Selv **mener** jeg å tendere mot 3b – som innebærer depresjon med hypomani (...) **Har** diagnose uni<sup>31</sup> – pga av at ikke alle leger anerkjenner disse underkategoriene ennå. (...) er det sammenheng med **gitt diagnose**, tro?" (N) Når ein psykiater stiller ein diagnose, er det ei form for performativ, fordi psykiateren (i tillegg til legen og psykologen) er den einaste som er autorisert til å diagnostisera psykopatologi. Dersom ein psykiater seier at personen er psykisk sjuk, då er han det. Seier psykiateren at personen ikkje feilar noko, då er han frisk. Talehandlinga ser vi i desse døma frå Retterstøl og Kringlen: "Dette **kaller** vi for en manisk episode.", "For at vi skal **kalle** en tilstand en depresjon, må det være en del symptomer til stede." (R), og "For

<sup>29</sup> ODE omset dei greske orda med 'apart' og 'recognize, know'.

<sup>30</sup> Jf. uttrykket *differensialdiagnosar*.

<sup>31</sup> Forkortinga "uni" refererer til 'unipolar', altså depresjon utan mani.

øvrig er det et skjønnsspørsmål når man skal **si** at en alvorlig deprimert pasient er psykotisk eller ikke. Når pasienten føler at alt er håpløst og ikke klarer å fungere i vanlige sosiale roller, vil enkelte klinikere **si** at virkelighetsoppfatningen hans er så unormal at tilstanden må betegnes som psykotisk.” (K) Vi ser dette tydeleg også i dømet frå nettdiskusjonen (over), der personen sjølv meiner seg å vera bipolar, medan legen har sett diagnosen unipolar. Diagnosen som legen har stilt, blir uansett omtalt som ein eigedom, noko ein *har*, også av personen sjølv.

Uttrykka å få eller ha ein diagnose inneber altså at ein omtaler ein diagnose som eit fysisk objekt, ein eigedom. Diagnosen kan bli gjeven til og eigast av eit individ, men kan individet nokon gong kvitta seg med denne ”eigedommen”? Eg viser til definisjonane ’fastsetting’ og ’bestemming’ brukt om omgrepet ’diagnose’, sjå ovanfor. Ifølgje Malt, Retterstøl og Dahl er ein psykiatrisk diagnose ei form for etikett med eit ekstremt superlim:

Med klebeeffekten forstår vi vanskene med å bli kvitt en psykiatrisk diagnose når den en gang er gitt. Det er som om den diagnostiske merkelappen er festet med et lim som gjør den umulig å fjerne. (...) En annen følge av merkelapps-effekten er at behandlerne forholder seg til en diagnose og de forestillinger de har om konsekvensene av den, samtidig som de slutter å forholde seg til det syke medmennesket. Merkelappseffekten er derfor ikke bare knyttet til diagnosen i seg selv, men også til behandlernes og pårørendes holdning. (Malt, Retterstøl og Dahl 2003, s. 16)

For den psykisk sjuke er dette ei vond oppleving:

Det blir ganske ensomt, og ganske skummelt, når ordene dine mister sitt innhold og blir et symptom. Jeg husker fortsatt den enorme følelsen av hjelpeløshet og redsel, da jeg innså at det ikke lenger fantes noen områder som var garantert nøytrale, og at jeg alltid måtte regne med at alt jeg sa kunne bli mistrodd og tolket på bakgrunn av min diagnose. (Lauveng 2005, s. 98)

Vi ser at metaforen EIN DIAGNOSE ER EIN EIGEDOM både framhevar og løyner aspekt ved psykiske lidingar. Han framhevar at den patologiske tilstanden ikkje er del av mennesket, men ei separat hending som kan skje med mennesket. Men han løyner at, ulikt andre former for tileigna eigedom, så kan ikkje personen sjølv kvitta seg med han, og at denne forma for ”eigedom” gjer at mange sluttar å forhalda seg til ”eigaren” som individ. Slik sett kan ein diagnose også ha likskapsdrag med ein dom. Sjå også avsnitt 6.2.6, KOGNISJON/PSYKISK TILSTAND ER OBJEKTHANDSAMING, der skiljet mellom avhendeleg og uavhendeleg eigedom vert drøfta, og drøftinga om formmetaforen i avsnitt 6.3.3.4 AFFEKTIV LIDING ER FYSISK OBJEKT.

Hjå Kringlen finn vi ein alternativ metafor for psykiatriske diagnosar: EIN PSYKIATRISK DIAGNOSE ER EIT SJØLVSTENDIG INDIVID. Følgjande døme illustrerer dette: ”Den psykiatriske diagnose (...) **sier** lite om de positive ressurser. (...) Enkelte diagnoser vil også lett **formidle** en forventning om dårlig prognose. (...) Psykiatriske diagnoser **lever** på en

måte **sitt eget liv**” (Kringlen 1997, s. 34). Sjå også avsnitt 6.3.2, AFFEKTIV LIDING ER INDIVID. (Merk at desse døma ikkje er henta frå analyseutdraget og derfor ikkje er å finna i tabellen. Døma er tekne med for å gje diagnoseomgrepet i psykiatrien eit vidare perspektiv.)

### 6.2.2.3 Psykiatri og funksjon

I sjukdomsomgrepet ligg føringar på kva som er normalt/friskt, og kva som er patologisk. Funksjonsevne er ein avgjerande faktor når ein skal vurdera om eit organ eller organsystem er friskt eller sjukt. Dei fysiologiske funksjonane kan vera nedsette eller mangla heilt, som ved diabetes type 1 og 2, eller dei kan bli hyperaktive eller gå til åtak på kroppen sjølv, som ved høvesvis allergiar og autoimmune sjukdommar. *Helse* heng etymologisk saman med *heil* (Bjørvand og Lindeman 2007, s. 439 og 446). Negative<sup>32</sup> symptom fell då saman med feil (feil = manglar), som i uttrykket ”kva feilar det deg?”. *Feil* er blitt metaforisk utvida til å gjelda for det som ikkje er ein mangel, men ein uønskt eller forstyrra funksjon, altså positive<sup>33</sup> symptom.

I psykiatri finn vi att dette fokuset på funksjon, og det vert knytt til sjukdom, helse og diagnostisering, som i somatikken. Til dømes listar Retterstøl opp symptom som kvalifiserer for diagnosen depresjon, som ”lavere selvfølelse og selvtillit enn vanlig” (= nedsett funksjon, negative symptom) og ”selvmordstanker” (= forstyrra funksjon, positive symptom). Skilnaden mellom somatiske og psykiske lidningar viser seg i at det for sistnemnde er det *personen sedd under eitt* som vert vurdert utifrå funksjonsevne, og ikkje eit isolert organ/organsystem: ”Folk som har vært fulle av entusiasme, blir likeglade, tunge og **klarar ikke de enkleste oppgaver**” (R), ”alvorlig deprimerede **fungerer dårlig** hjemme og på arbeidet” (K) og ”Jeg var faktisk **helt ubrukelig**” (N).

Det problematiske ved bruk av slike sjukdomsmetaforar er igjen den epistemologiske skilnaden mellom somatikk og psykiatri:

Innen den somatiske medisin, vil man oftest kunne enes om hvordan et organ skal fungere. Verre er det imidlertid i psykiatrien. (...) Det er ingen enighet verken blant fagfolk eller folk flest hva som skal betraktes som normalt. Det er også store kulturelle forskjeller. (...) Hvor aggressiv eller selvhevdende bør man være, hvor innadvendt eller utadvendt? (Kringlen 1997, s. 34–35)

For dei mest alvorlege tilstandane er det likevel i dei fleste samfunn semje om sjukdomsomgrepet (ibid. s. 34).

---

<sup>32</sup> Bortfall av funksjonar som har funnest tidlegare.

<sup>33</sup> Nye symptom eller forstyrra funksjon.

**Tabell 1: Psykisk tilstand er somatisk helsetilstand**

Kjeldedomene	Måldomene	Funn i tekstane
<b>somatisk helsetilstand</b>	<b>psykisk tilstand</b>	
somatisk sjukdom/liding	psykiske vanskar	"stemningslidelser" (R) "rimelig å betrakte de bipolare tilstandene som én <b>sykdomsgruppe</b> " (K) "det er en veldig <b>dødelig sykdom</b> " (N)
død	depressiv tilstand	"at livet er helt tomt og man ikke ser mening i noe og føler seg <b>død</b> innvendig." (N)
sjukdom/symptom	avvik frå norm	"Depresjonen kan imidlertid komme tilbake, men i den tiden som går mellom, er gjerne pasienten <b>upåfallende</b> og uten tegn til noen psykisk lidelse." (R) "Når pasienten føler at alt er håpløst og ikke klarer å fungere i vanlige sosiale roller, vil enkelte klinikere si at virkelighetsoppfattelsen hans er så <b>unormal</b> at tilstanden må betegnes som psykotisk." (K) "Det finnes mange websider som forklarer symptomer på bipolar lidelse, men det er ikke alltid like enkelt å se hva som er symptomer i seg selv, og hva som er et <b>normalt</b> , stabilt eller nedfor eller ovenpå humør." (N)
behandling av somatiske pasientar	medisinering/samtaletterapi ved psykiske problem	"en lidelse som <b>ubehandlet</b> kan ta så lang tid som ½ til 1 år" (R) "Selvmordsraten for udiagnostiserte/ <b>ubehandlede</b> bipolare er på 25%, så er [sic] det er en veldig dødelig sykdom om man ikke vet hvordan man <b>håndterer</b> den." (N)
smerte	psykiske vanskar/negative emosjonar	"han forsøker å smile, men det er <b>smertefullt</b> " (K)
sjukdom/skade forårsaka av at naudsynte funksjonar er manglande/nedsette	psykiske problem forårsaka av at ressursar eller funksjonar manglar eller er nedsette (negative symptom)	" <b>lavere</b> selvfølelse og selvtillit enn vanlig" (R) "hjelpeløshet/kritikkløs" (K) "Man kan <b>miste</b> virkelighetsoppfattelsen" (N)
sjukdom/skade forårsaka av skadeleg funksjon/feilfunksjon	positive symptom ved alvorleg sinnsliding/psykose	"selvmordstanker" (R) "stormannsgalskap" (K) "Man kan (...) få hallusinasjoner, vrangforestillinger, psykoser" (N)
medisinsk diagnostisering av somatisk sjukdom	kategorisering av psykopatologi (av legar og psykologar)	"Andre vil lete etter paranoide ideér, hallusinose eller tankeforstyrrelser før <b>psykosediagnosen stilles</b> ." (K) "Har <b>diagnose</b> uni – pga at ikke alle leger anerkjenner disse underkategoriene ennå. (...) er det sammenheng med gitt <b>diagnose</b> , tro?" (N)
kroppen fungerer ikkje optimalt	personen lever ikkje opp til sin eigen/andre sin standard for prestasjon	"Folk som har vært fulle av entusiasme, blir likeglade, tunge og <b>klarar ikke de enkleste oppgaver</b> ." (R) "alvorlig deprimerte <b>fungerer dårlig</b> hjemme og på arbeidet." (K) "Jeg var faktisk <b>helt ubrukelig</b> " (N)

### 6.2.3 EFFEKT PÅ SINNET ER KONTAKT MED KROPPEN

#### 6.2.3.1 Psykopatologi som fysisk åtak

I dømet "Det maniske **anfall**" (K) vert manien personifisert og omtalt som eit individ som går til åtak på personen. Dette kan vera motivert av opplevinga av at ein mani, lik eit fysisk åtak, er ei (plutseleg) hending som skjer mot personen sin vilje, med fare for tap av kontroll over sjølvvet etc. EFFEKT PÅ SINNET ER KONTAKT MED KROPPEN heng saman med AFFEKTIVE LIDINGAR ER KREFTER (avsnitt 6.3.1) og AFFEKTIVE LIDINGAR ER INDIVID (avsnitt 6.3.2). Merk også at bokmålsordboka har *nedslått* som synonym for *nedtrykt/deprimert*. Metaforen EFFEKT PÅ SINNET ER KONTAKT MED KROPPEN kan tenkjast å vera metonymibasert. Som nemnt heng emosjonar saman med fysiologiske prosessar, som t.d. blodtrykksauke og auka muskeltensjon. Dette kan merkast av personen og oppfattast som krefter som verkar på kroppen. Ved ei metonymisk overføring kan desse prosessane verta overførte til emosjonen, EFFEKT FOR ÅRSÅK. Ved "det maniske anfall" kan det kanskje vera noko ytre som triggar mani hjå den bipolare, slik det er føreslege i nettdiskusjonen:

**Skjer det noe engasjerende og kjekt**, så blir humøret og livslysten hevet og man får lyst og mot på å gi seg i kast med mer av same sort. Så sviver det på høygir, for noen så høyt at realitetskontakten blir dårlig. (N)

Mani oppstår likevel berre hjå menneske som er bipolare og dermed predisponerte for denne tilstanden. Den utløyande årsaka vert her omtalt som den fulle og heile forklaringa på tilstanden, ein metonymisk talemåte. Men denne talemåten set likevel fokus på ein viktig og ofte underkommunisert del av psykopatologi: miljøfaktorar. Uheldige samspel menneske imellom kan utløysa psykiske lidingar hjå personar som har anlegg for dette, slik fysiske miljøfaktorar kan trigga somatisk sjukdom hjå disponerte personar. Den såkalla sosiale forklaringsmodellen og behandlingsforma *familieterapi* fokuserer spesielt på samspelet mellom individ og familie (Malt, Retterstøl og Dahl 2003). Familieterapien nyttar kjeldedomena biologi (t.d. vert familien sett på som eit likevektssystem, såkalla *familiehomeostase*) og kybernetikk (ein snakkar om *feedback-system*). Døma er henta frå Kringlen (1997, s. 400–1).

#### 6.2.3.2 Intimitet som nærleik

Emosjonell intimitet vert ofte omtalt i form av fysisk nærleik, og mangel på emosjonell intimitet som avstand eller fråvere: "Vi føler oss ensomme og forlatte, og har en tendens til å **trekke oss tilbake**." (R). Denne metaforen er basert på at born koplar den sensomotoriske opplevinga av fysisk nærleik til omsorgspersonane sine med den subjektive opplevinga av

kjærleik og emosjonelle band, fordi desse opplevingane typisk inntreffer samstundes dei første åra. På grunnlag av dette oppstår det ein primær metafor (Lakoff og Johnson 1999, kap. 4). Jamfør også metaforen KJÆRLEIK ER VARME, som kjem frå den same erfaringsbasen: Emosjonelle band heng saman med fysisk nærleik, fysisk nærleik til den andre heng saman med opplevinga av den andre sin kroppsvarme.

### 6.2.3.3 Psykofarmaka som støtte

Eit anna døme, som må sjåast i samanheng med SINNET ER EIN ENTITET MED ROMLEG PLASSERING/ORIENTERING (avsnitt 6.2.7) og PSYKISK HELSE ER FYSISK STABILITET (avsnitt 6.2.7.1), er "Lamictal har **holdt meg oppe** og jeg føler meg lykkelig." (N). Det er to moglege tolkingar her. Den eine er at psykofarmakonet vert strukturert ut ifrå kjeldedomenet eit korsett, ei krykkje etc., altså eit hjelpemiddel for å halda seg i oppreist stilling. Det andre er at kjeldedomenet er ei (gardin)trapp eller eit stillas som personen klatrar opp på for å nå eit høgare stemningsleie, jf. GLAD ER OPP, TRIST ER NED. Den siste tolkinga er gjerne mest sannsynleg, fordi ho er kompatibel med uttrykka "å stå/gå/bli sett på medisinar", som i døma "Hvor lenge har du **stått på** medisiner? (...) Kan jeg spørre deg hvor mye Lamictal du **går på**?" (N) og "Man skal ha sterke grunner for å **sette pasienter på** en slik behandling." (Kringlen 1997, s. 457). Jamfør også dette dømet, henta frå Kringlen:

(...) 20 mg som engangsdose om morgenen med eventuell **opptrapping** til 50 mg (...) **nedtrappingen** kan skje i løpet av 2–3 uker. (...) I en dobbeltblind-undersøkelse av 84 manisk depressive pasienter som hadde **stått på** litium **profylaktisk** i minst et år, fortsatte man med litium hos halvparten og placebo hos de øvrige. Etter fem måneder var det **tilbakefall** hos hele 21 i placebo-gruppen, men ingen i litium-gruppen. (Kringlen 1997, s. 320 og 322).

*Profylakse* kjem av pro- ('for') + gr. phylaxis ('vern') og er synonym med den norske termen *førebygging* ([www.dokpro.uio.no](http://www.dokpro.uio.no)). Det finst også ein primær metafor kalla HJELP ER STØTTE, som stammar frå den primære erfaringa av at somme entitetar og menneske treng fysisk støtte for å halda fram med å fungera (Lakoff og Johnson 1999, s 52).

**Tabell 2 Effekt på sinnet er kontakt med kroppen**

Kjeldedomene	Måldomene	Funn i tekstane
<b>kontakt med/effekt på kroppen</b>	<b>effekt på sinnet</b>	
fysisk åtak på kroppen	periode/episode med psykopatologi	"Det maniske <b>anfall</b> " (K)
fysiske strukturar/objekt kan verna mot uønskt plassering av kroppen	psykofarmaka kan verna mot uønskte psykiske tilstandar	"Lamictal har <b>holdt meg oppe</b> og jeg føler meg lykkelig. (...)Hvor lenge har du <b>stått på</b> medisiner? (...) Kan jeg spørre deg hvor mye Lamictal du <b>går på</b> ?"(N)
fysisk nærleik til annan kropp	emosjonell intimitet med den andre	"Vi føler oss ensomme og forlatte, og har en tendens til å <b>trekke oss tilbake</b> ." (R) "jeg tok <b>kontakt med</b> folk jeg ellers aldri ville hatt kontakt med" (N)

***"Han ser mørkt på alt og finner ikke glede i noe." (K)***

#### **6.2.4 REGISTRERING AV INTRASUBJEKTIVE PROSESSAR ER PERSEPSJON**

I tråd med metaforen EFFEKT PÅ SINNET ER KONTAKT MED KROPPEN (avsnitt 6.2.3) finn vi metaforen REGISTRERING AV INTRASUBJEKTIVE PROSESSAR ER PERSEPSJON, der indre opplevingar vert omtalte som sansestimuli oppfatta av sanseapparatet vårt. Dersom vi rører ved eller vert rørte av noko, fangar den taktile sansen vår det opp. Vi nyttar termene *kjensle* og *følelse* både for slike fysiske opplevingar og for emosjonar, stemningar, affektar og aningar. I engelsk finn vi termen *perceptive*, eit adjektiv som i følgje ODE har tydinga "having or showing sensitive insight" (Stevenson og Soanes 2003). Syn og kjensle vert her kombinerte til eit samla kjeldedomene for kognisjon, noko eg tolkar som eit uttrykk for den primære metaforen SEEING IS TOUCHING.

##### **6.2.4.1 Syn og kognisjon**

Synet er den viktigaste sansen vi har for å læra om og kjenna att objekt etc. Vi har ein primær metafor som Grady og Johnson kallar BECOMING ACCESSIBLE TO AWARENESS IS EMERGING FROM A CONTAINER. Denne metaforen stammar frå den temporale korrelasjonen mellom prosessar i persepsjonsdomena og kunnskapsdomena. Vi har ei primær scene med to subscener: den perseptuelle subscena består av at objektet først ikkje er synleg og så er synleg. Den kognitive subscena består av at objektet først ikkje er tilgjengeleg for medvitet, så vert tilgjengeleg for medvitet. Dette skjer i same augneblinken som objektet vert



tilgjengeleg for persepsjonsapparatet (Grady og Johnson 2003, s. 538–9). Vidare har vi fått ei metaforisk utviding til forståinga også av *abstrakte fenomen* ved å kombinera primærmetaforen med den ontologiske metaforen abstrakt eksistens er fysisk eksistens: "å **betrakte** de bipolare tilstandene som én sykdomsgruppe" (K), "Nå, med Lamictal, **ser** jeg hvordan det var i mitt tidligere liv" (N). Eg viser også til diskusjonen i avsnitt 6.2.6, KOGNISJON/PSYKISK TILSTAND ER Å HANDTERA/EIGA EIT OBJEKT under, og til omgrepsmetaforane AFFEKTIV LIDING ER FYSISK OBJEKT (6.3.3) og Å EKSISTERA ER Å VERA SYNLEG.

Nyare forskning tyder på at tileigning av kunnskap heng saman med synsevne på ein annan måte også: Dårleg fungerande celler i netthinna kan forklara fleire lærevanskar og motoriske utviklingsproblem (Tunstad 2010, s. 7). Det er ikkje vanskeleg å finna uttrykk med basis i omgrepsmetaforen KOGNISJON ER SYN: å vera **blind** for fakta, å ha **skylappar** på, å **sjå** noko med rosa **briller**, **opplysingstida**, den **mørke** mellomalderen, å **innsjå**, ha **oversyn** over, eit **kritisk blikk** og det engelske **see** (i tydinga 'forstå') og **enlightenment**. Vi ser at metaforisiteten i denne omgrepsmetaforen er relativt svak.

#### **6.2.4.2 Psykopatologi som forstyrningar i sansapparatet**

Psykiske lidningar vert framstilte som (somatiske) forstyrningar i sansapparatet, særleg i det taktile og det visuelle persepsjonsapparatet. Som her: "vedkommende **føler** at han har gjort allverdens gale ting" (R), "Den depressive (...) kan **føle** at en dag er en evighet (...) Manikeren **føler** seg ofte *omnipotent*" (K). Og vidare: "Han forsøker å smile, men det er **smertefullt**. (...) Undertiden kan man snakke om **følelsesanestesi**; pasienten **føler** at han ikke har **følelser** i det hele tatt." (K). Tekne ut av samanhengen kunne dei to siste døma like gjerne blitt tolka som om dei handla om høvesvis trigeminusnevralgi og spinalanestesi. Jamfør også skilnaden mellom å vera "kjenslelaus" og å vera "lettrørd", det første dømet framstiller mangel på empati som manglande evne til å registrera taktile stimuli, det andre framstiller høgt utvikla empatievner som hypersensibilitet (jf. termen *sensibel*). Desse metaforiske uttrykka heng like mykje saman med EFFEKT PÅ SINNET ER KONTAKT MED KROPPEN (avsnitt 6.2.3) som med REGISTRERING AV INTRASUBJEKTIVE PROSESSAR ER PERSEPSJON.

Kognisjon, emosjon og kinestetisk sans opptrer i kompliserte samspel: Andletsuttrykk, som er emosjonsspesifikke og resultat av kognitive vurderingar og reaksjonar på hendingar etc., verkar attende på kognisjon og emosjon. Dersom du er sur, men tvingar fram eit smil, vil du kjenna deg blidare. Dersom du er trist, og hevar augebryna, føler du deg mindre trist (sjå t.d. Barrett, Lewis og Haviland-Jones 2008). Kanskje det som gjer det "smertefullt" for den deprimerte å smila, er at kognisjonen og emosjonen er fråkopla, samspelet er ute av drift: *kjensleløyse*. Er det for stor avstand mellom det smilet signaliserer, og det han kjenner?

Dersom ein person er svaksynt, vil han ha problem med å sjå det andre ser. Ein blind person eller ein person omgjeven av stummande mørke vil ikkje sjå noko av det som omgjev han. Synssansen er avhengig av lys. Dette vert nytta som kjeldedomene for intrasubjektive prosessar og tilstandar: "Ingen lyspunkter kan **sees**." (R), "Han **ser** mørkt på alt og finner ikke glede i noe." (K), "Under vrangforestillinger og psykosar så finnes det ikke lenger sykdoms**innsikt**" (N). Jamfør metaforane HÅP ER LYS, STERK EMOSJON GJER BLIND, og TRIST ER MØRK, og uttrykket *svartsyn*. Kjeldedomenet vert også nytta i titlane til tre kjende bøker om depresjon: *Synlig mørke* (Styron 1991), *Mørke midt på dagen* (Solomon 2004), *Svart sol* (Kristeva 1994).

Opplevinga av skilnaden mellom lys og mørke finn vi att i sambandet mellom døgnvariasjonar i sollys og biologisk rytme. Om dagen er det lyst, og kroppen er vaken og aktiv. Om natta er det mørkt, og kroppen er på lågbluss og innstilt på søvn. Dette er fysiologisk målbart i t.d. endringar i nivået til aktivitetsregulerande hormon og kroppstemperatur, og merkbar for personen sjølv.<sup>34</sup> (Personar som jobbar nattskift, kjenner til at perioden mellom tre og fem om natta typisk er den tyngste; då kjenner ein seg frostig og trøyt. Frå fem og utover kviknar ein til att.) Det er ein eigen type depresjon i DSM-IV og ICD-10 som er knytt til lystilhøve: *sesongavhengig depressiv lidning* ("vinterdepresjon"). Ein trur at mangelen på dagslys om vinteren fører til at somme personar opplever konstant lågbluss og depresjon, for så å kvikna til att i den lyse årstida.<sup>35</sup> Forsking har vist at *lysterapi* er ei effektiv behandling for denne tilstanden (Schatzberg, Stein og Kupfer 2006, s. 532). Dette er eit døme på kor komplisert samspelet mellom kropp og sinn er. Dersom kroppen ikkje får tilført nok lys, kan psykisk sjukdom oppstå. Det kan sjå ut som om samanhengen mellom mål- og kjeldedomenet i metaforen EFFEKT PÅ SINNET ER KONTAKT MED KROPPEN er meir komplisert enn at kjeldedomenet berre vert nytta for å forstå måldomenet.

Sannsynlegvis er grunnlaget for desse synsvanskemetaforane primærmetaforisk. Det psykiske ubehaget ein kjenner når synssansen ikkje fungerer (ein mental reaksjon på ei ytre hending: tap av syn eller mangel på lys; *mørkeredsle*), vert metaforisk utvida og nytta til å skildra ubehaget ved ein endogent oppstått intrapsykisk tilstand: depresjon.

---

<sup>34</sup> **døgnrytmer**, omfatter kroppsfunksjoner og sinnstilstander som varierer periodisk innanfor et døgn, kalles også circadianske rytmer. Eksempelvis varierer blodtrykk, kroppstemperatur og urinutskillelse i løpet av et døgn. Det same gjelder søvn/våkenhet. Vitaliteten er lavest ved midnatt. Dødeligheten etter kirurgiske operasjonar kan være opptil tre gonger høgere midt på natten sammenlignet med midt på dagen. Toleransen for mange medisiner, f.eks. cellegifter ved kreftbehandling, varierer også i løpet av døgnet. Dette kan utnyttas i behandlingen. Mange av døgnrytmene styres eller synkroniseres av lyset via hormonet melatonin som dannes i hjernen, i *corpus pineale*. (Hauge, Anton, Store norske leksikon, snl.no, 16.05.10 [http://www.snl.no/.sml\\_artikkel/d%C3%B8gnrytmer](http://www.snl.no/.sml_artikkel/d%C3%B8gnrytmer) )

<sup>35</sup> For somme er det omvendt, dei er deprimerte om våren og sommaren og symptomfrie om hausten og vinteren, derfor er "sesongavhengig depresjon" ein meir adekvat term enn "vinterdepresjon".

Tabell 3: Registrering av intrasubjektive prosessar er persepsjon

Kjeldedomene	Måldomene	Funn i tekstane
<b>persepsjon</b>	<b>registrering av intrasubjektive prosessar</b>	
stimuli oppfanga av den taktile sansen (hud- og kjenslesans <sup>36</sup> )	oppfatningar/ emosjonar	"vedkommende <b>føler</b> at han har gjort allverdens gale ting" (R) "Manikeren <b>føler</b> seg ofte <i>omnipotent</i> " (K) "Nå etter at jeg sluttet med antidepressiva kan jeg <b>føle</b> vanlig glede igjen" (N)
syn	kognisjon ytre perspektiv	"Det er også tilfeller der de depressive symptomene ikke <b>viser seg</b> så godt, fordi vedkommende er opptatt av å lide av legemlige symptomer isteden." (R) "å <b>betrakte</b> de bipolare tilstandene som én sykdomsgruppe" (K) "Nå, med Lamictal, <b>ser</b> jeg hvordan det var i mitt tidligere liv" (N)
synsproblem	psykopatologi indre perspektiv	"Ingen lyspunkter kan <b>sees</b> ." (R) "Han <b>ser</b> mørkt på alt og finner ikke glede i noe." (K) "Under vrangforestillinger og psykoser så finnes det ikke lenger sykdoms <b>innsikt</b> " (N)

**"Samtalen blir langsom, alt må hales ut av ham." (K)**

## 6.2.5 SINNET ER KROPPEN (SOM BEHALDAR)

### 6.2.5.1 Behaldarmetaforen

Behaldarmetaforen er ein av dei mest sentrale vi har. Ifølgje Lakoff og Johnson er det menneskekroppen som motiverer denne metaforen:

Vi er fysiske vesener, avgrenset og adskilt fra resten av verden av hudoverflaten, og vi erfarer resten av verden som noe utenfor oss selv. Hver av oss er en beholder, med en avgrensede overflate og en inn–ut-orientering. (2003, s. 31)

Desse eigenskapane vert projiserte over på andre gjenstandar og også på prosessar, fenomen og tilstandar. Ein snakkar t.d. om å vera i ein tilstand. Abstrakte storleikar som sinnet vert også omtalte som behaldarar: "Folk som har vært **fulle av** entusiasme, blir likeglade, tunge og klarer ikke de enkleste oppgaver" (R).

<sup>36</sup> Hud- og kjenslesans er to ulike aspekt ved den taktile sansen: **hudsansen** er sanseorgan i huda som registrerer smerte, trykk, berøring, varme og kulde ([www.snl.no](http://www.snl.no), 10.08.10), medan **kjenslesansen** er nerveceller i huda som registrerer mekanisk deformering (i form av berøring, trykk) av huda (Jansen, Jan, [www.snl.no/sml\\_artikkel](http://www.snl.no/sml_artikkel), 10.08.10). Jamfør skilnaden mellom å 'berøra' og å 'bli berørt'.

### 6.2.5.2 *Leidningsmetaforen*

Hjå Kringlen finn vi desse setningane: "Samtalen blir langsam, alt må **hales ut av ham**. (...) Hvis man har tålmodighet og venter lenge nok, får man oftest korrekte og **meningsfulle svar**." (K). Slike talemåtar byggjer på den utbreidde oppfatninga av at sinnet mottok og sender ut informasjon, idear og tankar i form av tale eller skrift, den såkalla leidningsmetaforen (*The Conduit Metaphor*). Reddy hevdar følgjande om leidningsmetaforen:

(...) the stories English speakers tell about communication are largely determined by semantic structures of the language itself. The evidence suggests that English has a preferred framework for conceptualizing communication, and can bias thought process toward this framework, even though nothing more than common sense is necessary to device a different, more accurate framework. (1993, s. 165)

Leidningsmetaforen har fire implikasjonar: (1) Språk fungerer som ein leidning der tankar fysisk vert overførte frå ein person til ein annan,<sup>37</sup> (2) å skriva eller snakka er å leggja tankar og kjensler inn i ord, (3) ord fungerer som transportmiddel ved å frakta meiningsinnhaldet til mottakaren, (4) ved å lytta eller lesa trekkjer mottakaren tankane og kjenslene ut av orda att (Reddy 1993, s. 170). Tankar og idear må altså gjevast ei fysisk *form* for å kunna formidlast, anten i form av lydbølgjer (tale) eller skrifteikn. (Sjå også drøftinga i avsnitt 6.2.8, SINNET ER FYSISK OBJEKT.) Reddy viser at denne metaforen fører til at somme termar vert tvitydige, som *ord*, *frase*, *setning*, *tekst* etc. Ei ytring som "Denne boka er tung" kan forståast på to måtar: bokstaveleg, som at boka veg relativt mykje, eller i overført (metonymisk) tyding, at tankane og kjenslene til forfattaren er vanskelege å få tilgang til for lesaren av boka. Den metonymiske tydinga er motivert av leidningsmetaforen, der innhald og form vert oppfatta som sameksisterande (Reddy 1993, s. 178–9). Denne tvitydigheita svarer truleg til det Croft og Cruse (2004) kallar *fasettar* og definerer slik:

Although facets display a significant degree of autonomy, they are not generally considered to represent polysemy in the traditional sense; for instance, they are rarely given separate definitions in dictionaries. (Croft og Cruse 2004, s. 116).

Jamfør leidningsmetaforen med kognitiv semantisk teori, der ord vert definerte som *nøklar* til store lager av kunnskap om ulike omgrep. Meiningskonstruering vert definert som konseptualisering, ein dynamisk prosess på det kognitive nivået. Mening er altså *ikkje* ei eining som er ferdig nedfelt i språket, men noko som blir forma "on-line" i ein spesifikk kontekst (jf. avsnitt 2.2). Reddy peikar på at leidningsmetaforen vektlegg at kommunikasjonsproblem kjem av at avsendaren ikkje greier å finna den adekvate forma å putta tankar og kjensler i, slik at mottakaren er ute av stand til å trekkja mening ut av uttrykka. Metaforen løyner at lesaren/lyttaren må utføra vanskeleg rekonstruksjon og

---

<sup>37</sup> Jf. uttrykka "avsender" og "mottakar", brukt om kommunikasjon.

hypotesetesting for å forstå budskapet til den andre, ei oppgåve som krev store kreative evner. Kvart einskilt ord har mange moglege tydingar.

Reddy si framstilling av tolkingsprosessen til mottakaren samsvarer med kognitiv semantisk teori si framstilling (over), men merk at kognitiv semantikk også legg vekt på at forståing heng saman med kunnskap om verda, medan Reddy nyttar termen *repertoar*. Repertoaret består av tankane, kjenslene og oppfatningane til individet (Reddy 1993, s. 172). Det ser dermed ut som om Reddy opererer med ein meir intrasubjektiv modell, medan KS har ein ensyklopedisk modell.

Dette er truleg forklaringa på kvifor det er så vanskeleg sjølv for forfattarar å skildra korleis det er å ha ein alvorleg psykisk sjukdom: Menneske som ikkje sjølv har opplevd slike ting, manglar reell kunnskap om det, slik at dei "nøklane" som vert "sende" til dei ikkje passar til noko "stort kunnskapslager" eller "repertoar".

Vi finn bruk av leidningsmetaforen også hjå Styron, som skriv:

Helt fra antikken av – i Jobs forpinte veklager, i Sofokles' og Aiskhylos' korsanger – har menneskesinnets fremste skildrere kjempet med ordene for å finne frem til de riktige **uttrykkene** for melankoliens trøstesløshet. (...) for de fleste som har opplevd depresjonen, står den som noe så overveldende redselsfullt at det ikke kan **uttrykkes i ord**. (1991, s. 93–5)<sup>38</sup> (mine uthevingar)

Kva tyder eigentleg å *uttrykkja'*? Nynorskordboka definerer det slik: "stå for, vise (seg i); **gje (språkleg) form, formulere**; ytre, seie *valet u-r folkeviljen / konjunktiv u-r eit ynske / u- stor takk, stor tvil / u- kva ein meiner / refl: u- seg (klart, dumt) ordleggje seg, formulere noko (munnleg el. skriftleg) / mat.: *finn lengda uttrykt i meter*" ([www.dokpro.uio.no](http://www.dokpro.uio.no)) (mi utheving).*

Leidningsmetaforen er også til stades i ordbøkene, som vi ser. Termen å *ordleggja seg* inneber ideen om at ein legg "seg" (seg = metonymi for 'tankane/kjenslene sine', altså PRODUSENT FOR PRODUKT) i **ord**. Formmetaforen syner seg direkte i bruken av *gje form, formulera*.

### 6.2.5.3 *Sinnet som behaldar for intrasubjektivt materiale*

Berre ein liten del av sinnet er synleg for andre (den sosiale "maska"), medan størsteparten er løynd, som i ein konkret behaldar: "Det er også tilfeller der de depressive symptomene ikke **viser seg** så godt, fordi vedkommende er opptatt av å lide av legemlige symptomer isteden." (R). Å visa det som i utgangspunktet er løynt, krev ei aktiv handling av individet, og vert i mange situasjonar sett på som upassande: "Jeg hadde vel fortalt alt og **tømt meg** helt foran dem." (N). (Jamfør også uttrykket å *missa andlet*.) Samstundes vert det som er lenger nede i behaldaren rekna for meir verdifullt enn det som ligg øvst, samanlikn t.d. uttrykk som *djup takksemd, djupe kjensler* med å *vera overflatisk/grunn*.

<sup>38</sup> Retterstøl nyttar faktisk Job 3, 24–26 som innleiingssitat til kapittelet sitt om affektive lidningar. Det fell utanfor ramma til denne oppgåva å kommentera og analysera denne sitatbruken.

Særeige for sinnet er at mykje av innhaldet er før- eller undermedvite, at individet til kvar tid berre har tilgang til ein liten del av det som finst i sinnet. Vi har berre evne til å fokusera på eit avgrensa felt om gongen, dette gjeld både indre og ytre prosessar. Når du t.d. les denne teksten, fokuserer du på eitt eller nokre få ord om gongen, du har resten av arket og litt av det som omgjev det, i synsfeltet, men ufokusert. Dette gjeld for alle sansane, høyrslé, syn, lukt etc. Det gjeld også mentale prosessar. Ein kan ikkje vera glad og sint samstundes, ein kan ikkje løysa likningar medan ein les dikt, ein kan ikkje minnst noko som hende i barndommen samstundes som ein planlegg kva ein skal gjera dagen etter. Ein kan raskt *veksla* mellom desse ulike prosessane/handlingane, slik ein t.d. raskt kan flytta blikket og fokusera på noko anna, men dei skjer *aldri samstundes*. Dette avspeglar seg i profil/bakgrunn-organiseringa til språket (Evans og Green 2006, s. 41). Jamfør sitatet frå Barcelona i avsnitt 2.4.3, der han samanliknar kroppsleg persepsjon og mental aktivering.

**Tabell 4: Sinnet er kroppen (som behaldar)**

Kjeldedomene	Måldomene	Funn i tekstane
<b>kroppen som behaldar</b>	<b>sinnet som behaldar</b>	
mellombels innhald i kroppen (mat og drikke går gjennom og vert omdanna i mage–tarmkanalen)	mellombels innhald i sinnet (emosjonar, tankar, førestellingar og innfall vert handsama/ reflekterte rundt)	”Folk som har vært <b>fulle av</b> entusiasme, blir likeglade, tunge og klarer ikke de enkleste oppgaver” (R) ”Samtalen blir langsom, alt må hales <b>ut av</b> ham.” (K) ”Man før [sic] økt energi, tusen tanker <b>i hodet</b> ” (N)
synleg ytre, usynleg innhald	behaldar for løyndommar (innetter vs. utetter)	”Det er også tilfeller der de depressive symptomene ikke <b>viser seg</b> så godt, fordi vedkommende er opptatt av å lide av legemlige symptomer isteden.” (R) ”Andre vil <b>lete etter</b> paranoide ideer, hallusinose eller tankeforstyrrelser før psykosediagnosen stilles.” (K) ”Jeg hadde vel fortalt alt og <b>tømt meg</b> helt foran dem.” (N)
permanent innhald i kroppen (organ, kroppsvæsker etc.)	meir permanente strukturar i sinnet (personlegdomstype, minne, medvit etc.)	”og <b>trekke frem</b> tidligere forsyndelser, feil eller mangler i livsmønsteret” (R)

**”Så jeg tenkte at en tråd der bipolare forklarer hva det er å være bipolar er for noe, ville være informativ både for de som ikke har denne sykdommen og de som ikke har så mye kunnskap om sin egen lidelse.” (N)**

---

## **6.2.6 KOGNISJON/PSYKISK TILSTAND ER Å HANDTERE/EIGA EIT OBJEKT**

### **6.2.6.1 Kognisjon som objekthandtering**

I denne metaforen vert tankar, idear, kunnskap og tilstandar omtalte som gjenstandar som ein eig eller handterer. Termene *fatta* og *begripa* kjem av 'å gripa om'. Det å ta og kjenna på objekt rundt seg er kanskje den mest grunnleggjande måten å læra om verda på. Småborn er som kjent svært opptekne av å ta på alt dei ser, og slik oppstår ein primær metafor. Objekthandsaming vert kopla saman med mental kunnskap om og mental representasjon av objektet. Dette skjer ved at den grunnleggjande erfaringa av å handsama eit objekt består av to subscener: I den første subscena har vi personen som handterer objektet, pluss objektet. I den andre subscena har vi den same personen, som dannar seg ein kognitiv representasjon av objektet, pluss den mentale representasjonen av organiseringa til objektet. Desse to dimensjonane av den totale erfaringa utfaldar seg samstundes. Derfor er det for personen ein sterk assosiasjon mellom det å handsama objektet og det å danna seg ei forståing av strukturen til objektet, sidan sistnemnde er kausalt avhengig av og temporalt korrelert med førstnemnde (Grady og Johnson 2003, s. 537–8). Vidare vert dette utvida til å gjelda abstrakte fenomen, metaforisk framstilte som fysiske objekt, som i dette dømet: ”Sånn har hvertfall jeg oppfattet lidelsen” (N). Vi ser at den syntaktiske konstruksjonen er den same som om det var snakk om å gripa ein gjenstand (”slik greip eg ballen”): Agens er subjekt, verbet er transitivt, og patiens er direkte objekt.

### **6.2.6.2 Psykisk tilstand som eigedom**

Ifølgje Heine (1997) er det vanleg å skilja mellom avhendeleg (*alienable*) og uavhendeleg (*inalienable*) eigedom. Uavhendeleg eigedom er alt som ikkje normalt kan skiljast frå eigaren: slektningar, kroppsdelar, relasjonelle romlege omgrep (øvre del, indre del), ibuande delar av gjenstandar (grein, handtak) og fysiske og psykiske tilstandar (styrke, frykt). I tillegg kan andre omgrep også ha uavhendeleg karakter, som namn, røyst, lukt, skugge, fotspor, eigenskap og heim. Ulike språk har ulike skiljelinjer mellom kva som vert oppfatta som avhendeleg, og kva som vert oppfatta som uavhendeleg eigedom, t.d. høyrer omgrepa 'hus', 'klede' og 'spyd' i somme språk til kategorien uavhendeleg eigedom. Ein god del språk rundt om i verda har morfosyntaktiske markørar som syner kva eigedomskategori den aktuelle egedelen tilhøyrer (Heine 1997, s. 85). Norsk har ikkje eit eige markørsystem for å skilja mellom desse kategoriane, slik at ein ikkje kan avgjera ut frå språklege konstruksjonar om det er snakk om ein avhendeleg eigedom eller ikkje. (Merk likevel at uttrykk som *handtaket*

*på panna og ein bror av meg* ikkje er mogelege for avhendeleg eigedom.) Kva kategori eigneluten høyrer til, må avgjerast ut ifrå korleis ein forstår det leksikalske omgrepet som denoterer han, som i dette dømet: "Så jeg tenkte at en tråd der bipolare forklarer hva det er å være bipolar er for noe, ville være informativ både for de som ikke **har** denne sykdommen og de som ikke har så mye kunnskap om **sin egen** lidelse." (N). Er lidinga avhendeleg eller uavhendeleg? Kva med sjølv *diagnosen*? Lidinga til pasienten er den same sjølv om diagnosen vert endra. Endring av diagnose kan skje fordi den første diagnosen var feil, eller fordi diagnosesystemet blir endra. (Sjå også drøftinga under avsnitt 6.2.2.2.)

Den predikative 'ha'-konstruksjonen i germanske og romanske språk skriv seg frå handlingsskjemaet for å gripa/halda. Verbet ha ('eiga, rå over') har etymologisk hatt tydingar som 'gripa' og 'halda'. Det germanske verbet tydde opphavelig 'halda eller ha det ein har teke eller gripe', altså eit durativt verb (Bjorvand og Lindeman 2007, s. 406–7). Vi ser restar av dette handlingsskjemaet i den syntaktiske konstruksjonen til 'ha', nemleg at eigaren er subjekt, 'ha' er eit transitivt verb, og eigedommen er direkte objekt. Eigedom har blitt metaforisk utvida til å gjelda også abstrakte fenomen som sjukdom, kjensler og andre psykiske tilstandar, det Heine kallar abstrakt eigedom (Heine 1997, s. 85–104). Slik kan vi forstå koplinga mellom eigedom og forståing, begge kjem frå handlingsskjemaet for å halda/gripa eit objekt. Jamfør dette dømet: "Hvilke former av depresjon **har** vi?" (R). Her er det ikkje snakk om eigedom, heller om forståing og kunnskap.

### **6.2.6.3 Psykopatologi som mangel på kontroll**

I nettdiskusjonen finn vi dette dømet: "Mens man i hypomani kan gjøre lite gjennomtenkte ting, så kan man i mani miste **kontrollen** helt og gjøre ting som er fullstendig upassende for den almene befolkningen." (N). Å kontrollera sitt eige sinn heng saman med SINNET ER FLEIRE DISTINKTE INDIVID. Dersom ein grip om og held eit objekt, kontrollerer ein det. Dette er igjen avhengig av at personen og objektet er samlokaliserte. Inne i behaldaren kroppen går det føre seg ein maktkamp mellom dei ulike delane av sinnet. Ei psykisk liding kan oppfattast som ein deltakar i denne indre kampen, sjå også avsnitt 6.3.2, AFFEKTIVE LIDINGAR ER INDIVID.



Tabell 5: Kognisjon/psykisk tilstand er å eiga/handtera eit objekt

Kjeldedomene	Måldomene	Funn i tekstane
<b>objekthand-saming/ eigarskap</b>	<b>kognisjon/ psykisk tilstand</b>	
halda/eiga eit objekt	tenkja, ha kunnskap om ytre perspektiv	"Hvilke former av depresjon <b>har</b> vi?" (R) "Det er imidlertid viktig å <b>holde klart for seg</b> at pasienten er klar og oppfatter hva man sier." (K)
eiga skadeleg /uønskt eigedom	psykisk lidning indre perspektiv	"de relativt lette depresjoner som de fleste av oss vil føle at vi <b>har</b> fra tid til annen" (R) "Men en rekke pasienter <b>har</b> både depressive og maniske symptomer samtidig." (K) "Så jeg tenkte at en tråd der bipolare forklarer hva det er å være bipolar er for noe, ville være informativ både for de som ikke <b>har</b> denne sykdommen og de som ikke har så mye kunnskap om sin egen lidelse." (N)
å gripa	forstå, tolka	"Den deprimerte <b>oppfatter</b> også verden på en slik måte" (K) "Sånn har hvertfall jeg <b>oppfattet</b> lidelsen" (N)
å få eit objekt	idé/tanke oppstår, endogent eller eksogent	"Han <b>gir seg selv</b> skylden for det meste som er gått galt i verden" (R) "Han er innfallsrik og <b>får</b> stadig nye ideer ", " <b>får</b> man oftest korrekte og meningsfulle svar" (K) "Man <b>før (sic)</b> økt energi, tusen tanker i hodet og ideer om alt man må gjøre" (N)
å kontrollera eit objekt	å vera i ein psykisk tilstand som ikkje verkar påfallande på omverda/å kunna stå imot uheldige impulsar	"Mens man i hypomani kan gjøre lite gjennomtenkte ting, så kan man i mani miste <b>kontrollen</b> helt og gjøre ting som er fullstendig upassende for den almene befolkningen." (N)

***”Det har lenge vært god latin at manien er depresjonens motpol og at normalt stemningsleie representerer et stadium mellom disse ytterpunkter.”***

**(K)**

---

## **6.2.7 SINNET ER EIN ENTITET MED ROMLEG PLASSERING, ORIENTERING OG FORFLYTTINGSEVNE**

### **6.2.7.1 Psykopatologi som ustabilitet**

Psykisk helse vert omtalt som stabilitet, evne til å motstå ytre påverknader. Dette kan illustrerast med desse døma: ”Enkelte ganger føler vi oss bedre og lettere til sinns, men så kommer kanskje små påkjenninger og **slår oss ut**” (R), ”Ved samtale kan pasienten i begynnelsesfasen virke **labil** og begynner lett å gråte” (K) og ”Jeg har blitt veldig **stabil** etter at jeg sluttet på antidepressiva og begynte på Lamictal.” (N). Dette samsvarer med omgrepsmetaforen AFFEKTIVE LIDINGAR ER FYSISK KRAFT, avsnitt 6.3.1.

Fysiske krefter kan verka på ein lekam eller person slik at han ufrivillig vert sett i rørsle. Endring inneber ofte å bruka ei form for kraft. Verknaden av affektive lidningar på sinnet vert omtalt som verknaden av fysiske krefter på lekamen. Det er sannsynleg at denne metaforiske koplinga mellom psykisk helse og fysisk stabilitet er avleidd av ein primær metafor. Når barnet lærer å sitja, stå og gå, må det læra seg å motstå ytre krefter (i hovudsak tyngdekrafta) som ”freistar å tvinga” det tilbake til liggjande posisjon. Balansesystemet er svært komplisert og tek lang tid for kroppen å perfeksjonera. Dersom ein manglar balanse, er ein ekstremt sårbar. Ein kan lett ramla og slå seg, og dersom ein vert liggjande, er ein utsett for åtak og lite mobil. (Tenk berre på kor ubehageleg og skremmande det kjennest å vera svimmel.) Barnet kopljar stabilitet med å meistra sin eigen kropp, fridom og sjølvstende. Å kunna reisa seg og gå fritt omkring er ein sentral del av utviklinga. Dersom ein er ustabil, manglar ein kontroll over sin eigen kropp, og det minste puff kan få ein til å mista balansen og ramla. Å bli råka av psykiske problem vert altså metaforisk framstilt som å bli overmanna av fysiske krefter, sjå også diskusjonen i avsnitta AFFEKTIV LIDING ER FYSISK KRAFT (6.3.1) og EFFEKT PÅ SINNET ER KONTAKT MED KROPPEN (6.2.3). Dess meir ustabil ein er, dess lettare vert ein overvunnen av desse kreftene. Jamfør også omgrepsmetaforen SJUKDOM ER NED, HELSE ER OPP.

### **6.2.7.2 Mental tilstand som plassering**

Plasseringa vår avgjer kva vi ser, høyrer og opplever. Ein kan komma fram til ønskt plassering gjennom å følgja ei bestemt (reise)rute. Ein kan også ha ei *uønskt* plassering ved at ein er blitt overmanna og sett i rørsle av ytre krefter, som i dømet ”Du har vært ”**der**” og du har klart å **komme deg litt over i et annet spor.**” (N). ”Der” refererer til den ufrivillige plasseringa som ytre krefter har forårsaka, ”et annet spor” til den ønskjelege plasseringa som

personen sjølv har oppnådd. Jamfør den engelske termen *e(-)motion* og den norske *sinns(-)rørsle*. Eit tredje alternativ er at ein har hamna på feil stad fordi ein har teke feil av vegen. Jamfør tittelen til Retterstøl si bok, *Menneskesinnets irrganger*,<sup>39</sup> og Dante sin metafor om å gå seg vill i mørke skogen, som Styron (1991, s. 94) siterer og held fram som det næraste ein kjem ei presis skildring av det han kallar "den bunnløse smerten" som kjenneteiknar tung depresjon:

Midt på den livets vei vi har å vandre,  
så jeg mig selv i svarte skogen vildre,  
for rette sti var floket inn i andre.<sup>40</sup>

Det er ofte eit samspel mellom kroppsleg plassering og psykisk tilstand. Å gå seg vill er ikkje berre å vera fysisk feilplassert, det er ein klar psykisk komponent i opplevinga som er meir merkbar enn den fysiske. For den som går seg vill i ein mørk skog, vil den psykiske og fysiske opplevinga av mangel på orientering og redusert syn (pga mørket) trigga responsen frykt hjå individet. Den same fryktresponsen kan oppstå i individet utan nokon (for medvitet/fornufta) påviseleg grunn og vert då kalla *angst*. Sidan responsen er den same, gjev det meining å samanlikna opplevingane ved å ta i bruk av den konkrete, ålmenmenneskelege opplevinga av å gå seg vill<sup>41</sup> som kjeldedomene, for så å overføra det metonymisk (EFFEKT FOR ÅRSÅK) til å referera til angstopplevinga, nettopp fordi ein ikkje veit *kvifor* ein kjenner angst. Kausalitetsprinsippet seier at kjenner ein seg redd, må det vera fordi noko truar personen og eksistensen hans. Biologiske forklaringsmodellar tilskriv psykiske lidningar feilfunksjonar i hjernen (Malt, Retterstøl og Dahl 2003, s. 62). Kjem fysiologien først, så kognisjonen/emosjonen, eller omvendt? Uansett er det snakk om forsterkande samspel.

#### 6.2.7.2.1 Affektive tilstandar som vertikal plassering og rørsle


For affektive lidningar vert tilstand og tilstandsendingar omtalte som plassering og rørsle langs ein vertikal koordinatakse. Nullpunktet til aksa er "normal" stemning, positive verdiar er den maniske skalaen, og negative verdiar er den depressive skalaen, som i dette sitatet frå Kringlen: "Det har lenge vært god latin at **manien er depresjonens motpol og at normalt stemningsleie representerer et stadium mellom disse ytterpunkter.**" (K). Ei grafisk framstilling av dette finn vi i den danske læreboka *Klinisk psykiatri* (Hemmingsen, Parnas, Sørensen et al. 1994, s. 133):

<sup>39</sup> *irrgang*; 'vanskeleg veg der ein lett går seg vill'. ([www.dokpro.uio.no](http://www.dokpro.uio.no))

<sup>40</sup> Kristen Gundelach si gjendikting av *Divina Commedia*.

<sup>41</sup> Jf. dømet med ryggsekken i avsnittet *Affektive lidningar er fysiske objekt*.

Figur 1: Grafisk framstilling av det vertikale affektive spektrumet



Opp–ned-orienteringa knytt til omgrepet bipolar kan ha ein metonymisk basis. Ein sterkt deprimert person ligg typisk urørleg i fosterstilling under dyna, medan ein manisk person har vanskeleg for i det heile å sitja stille. Effekten av tilstanden har komme til å skildra tilstanden sjølv, og blitt metaforisk utvida, som i utrykka *djup/botnlaus depresjon*. Metaforen gjer det her mogeleg å gradera depresjon på ein lettfatteleg måte: dess djupare, dess meir alvorleg. ”For hvis man begynner å tro at verden er så mørk og meningsløs som den synes å være når man er deprimert, så **fortsetter man bare nedover**.” Motsett for mani: ”Jeg **landet** før det ble noe av dette, heldigvis.” (N). (I begge døma er det snakk om ufrivillig rørsle.)

### 6.2.7.2.2 Normalitet som rett plassering

Ut ifrå metaforane i tekstutdraga og den grafiske framstillinga ser det ut som det finst ei normert plassering (= normal psykisk tilstand), ei malplassering<sup>42</sup> (= nevrotisk tilstand) og ei feilplassering (= psykotisk tilstand), som i desse døma:

Under mani oppfatter jeg det sånn at en hypomani er gått inn i **noe enda dypere** (...) Stemningsleiet blir **så høyt** at man ikke bare har svært god selvtillit [sic], men også kan forestille seg selv som et geni. (N)<sup>43</sup>

Dette normative fokuset er problematisk fordi det som før nemnt er vanskeleg å skilja mellom psykopatologi og normalitet: "Det er ingen enighet verken blant fagfolk eller folk flest hva som skal betraktes som normalt." (Kringlen 1997, s. 34), og "[D]et er flytende overganger mellom hva som er sykelig og hva som er normalt. Noen skarp grense er ikke tilstede." (Retterstøl 1998, s. 17). Det eksisterer altså ingen vasstette skott mellom psykisk sjukdom og psykisk helse. Den noverande kleskoden i psykiatrien, at både tilsette og pasientar går i "sivile klede", fører til at tilsette kan bli tekne for å vera pasientar og omvendt, sjå t.d. Rustand (2007, s. 58–9). Retterstøl seier det slik: "Det er heller ingen av oss mennesker som er upåfallende. (...) Særlig viktig er det å få frem at vi alle vil kjenne oss igjen i de fleste former av personlighetsforstyrrelser. Vi har en "rem av huden". (Retterstøl 1998, s. 17 og 305).

Retterstøl si skildring av manisk psykose, "det går **over streken**", er dermed ein mindre heldig metafor, fordi termen "strek" gjev konnotasjonar om at det er eit tydeleg markert skilje mellom mentale sjukdomskategoriar. Det er mindre snakk om ein strek enn om ei stor gråsoe. Døme frå Kringlen: "Det har lenge vært god latin at manien er depresjonens motpol og at normalt **stemningsleie** representerer et stadium mellom disse ytterpunkter." (K). Eit *leie* er primært ein stad der noko ligg, typisk ei permanent og todimensjonal plassering. Døme frå nettdiskusjonen: "Man kan oppleve eufori **til et punkt der** det nærmest blir en religiøs opplevelse." Jamfør dei tre sitata i dette avsnittet med sitatet frå Retterstøl og Kringlen i førre avsnitt, og med figuren frå den danske læreboka. Kartet stemmer ikkje heilt med terrenget her, som vi ser.

I desse tre døma ser vi at røynda vert forenkla i betydeleg grad. Inherent i språket finst mekanismar som lagar skilje og avgrensingar der det i røynda ikkje finst slike, som t.d. ontologiske metaforar (avsnitt 2.3.5). Sjølv om både Kringlen og Retterstøl presiserer at det ikkje er eit distinkt skilje mellom normalitet og patologi, er dei fanga av konvensjonane til språket, og nyttar uttrykk som *strek* og *grense*. Dette problemet er også inherent i psykiatrien som fag: psykiateren må ofte setja eit skilje mellom sjuk og frisk, sjølv om det er store gråsoner mellom desse to, og han må velja ein diagnose blant fleire mogelege. For personen

<sup>42</sup> *Malplassert* ; 'dårleg plassert', ([www.ordnett.no](http://www.ordnett.no))

<sup>43</sup> Den inkonsistente metaforbruken kjem av at to ulike omgrepsmetaforar er brukte, MANI ER OPP, og EIN TILSTAND ER EIN BEHALDAR.

som vert vurdert og ev. diagnostisert, er konsekvensane av legen si grenseoppdraging djuptgripande, sjå t.d. sitat frå Musalek i avsnitt 6.2.2 og drøftinga av "klebeeffekten" og det performative aspektet ved diagnostisering av psykopatologi i avsnitt 6.2.2.2.

### **6.2.7.3 Problem med depresjonsomgrepet**

På meg verkar omtalen av og metaforbruken om fenomenet 'depresjon' inkonsistent. *Depresjon* er eit uttrykk som er motivert av omgrepsmetaforen TRIST ER NED og ev. (PSYKISKE) VANSKAR ER BØRER. Det finst ein type "depresjon" som ikkje tykkjest å passa inn i ei slik framstilling:

Ved de **dypere depresjoner** er det heller regelen enn unntaket at det er **gledesløsheten** og **reaktivitetstapet** som er **de sentrale depresjonssymptomer** og **ikke tristhet** i tradisjonell forstand. (Malt 1994, s. 32) (mine uthevingar)  
Den **depressive** grunnstemning preger pasientens totale tankeinnhold. Han ser mørkt på alt og **finner ikke glede** i noe. (...) Undertiden kan man snakke om **følelsesanestesi**; pasienten **føler at han ikke har følelser** i det hele tatt. (Kringlen 1997, s. 303) (mine uthevingar)

I nettdiskusjonen finn vi følgjande skildring:

Selv så har jeg alltid visst hva det vil si at jeg er deprimert. Det er ikke vanskelig (...) å legge merke til at livet er helt **tomt** og man **ikke ser mening i noe** og **føler seg død innvendig**. Det beste rådet jeg har når det gjelder depresjon er å legge merke til at man faktisk er deprimert, at dette er en sykdomstilstand og ikke slik verden egentlig er. For hvis man begynner å tro at verden er så **mørk og meningsløs** som den synes å være når man er deprimert, så fortsetter man bare **nedover**. (mine uthevingar)

Forfattarane av den danske læreboka drøftar også dette temaet:

Det **forsænkede stemningsleje** er **depressionens kernesymptom**. Den **depressive** grundstemning præger det totale tankeindhold. En manglende udstråling – gråhed – afspejler det **dystre og triste** tankeindhold og patientens fortvivlelse, som hun ikke kan finde lindring for. Hun **afviser, at hendes følelser har lighedstræk med den mer velkendte følelse af sorg. Tomhed, glædesløshed og følelse af håbløshed er totalt dominerende**. (Hemmingsen, Parnas, Sørensen et al. 1994, s. 134) (mine uthevingar)

Det ser ut som om psykiateren som har skrive det siste sitatet, motseier seg sjølv, eller rettare sagt, motseier pasienten. Sjølv om pasienten avviser at den deprimerte tilstanden liknar sorg, tolkar fagpersonen dystre og triste tankar inn i depresjonen. Psykiateren freistar kanskje å forstå pasienten utfrå seg sjølv. Alle veit korleis det kjennest å vera trist og fortvila. Men det å vera "djupt deprimert" er ikkje ei allmenn erfaring. Her kan fagpersonen sine empatiske evner komma til kort. Korleis kan ein "leva seg inn i" eller forstå ein tilstand som er fundamentalt annleis enn noko ein sjølv har opplevd? Er det i det heile mogeleg? Kva meiner psykiatrarar når dei taler om "senka/oppløfta stemningsleie"? Er det metaforen TRIST ER NED,

GLAD ER OPP? Det kan ikkje vera SJUKDOM ER NED, HELSE ER OPP, for mani er ikkje helse. Dersom kardinalsymptoma ved djup 'depresjon' er **tomleik**, **håpløyse** og **gledesløyse**, burde ein ikkje heller venta seg omgrepsmetaforar som 'DEPRESJON' ER DEPRIVASJON eller 'DEPRESJON' ER TOMLEIK? Kanskje noko slikt som MEIR (STEMNING/VITALITET/REAKTIVITET) ER OPP, MINDRE ER NED er meir konsistent med somme former for "depresjon"? Melankoli

*Depresjon* er ein relativt ny term, som har erstatta *melankoli*. Merk at *melankoli* framleis vert nytta om alvorlege tilfelle av "depresjon" av somme. Termen kjem frå gresk, av *melas*, gen. *melanos*, 'svart' og *kholos*, *khole* 'galle', ettersom ein trudde svart galle var årsak til melankoli ([www.dokpro.uio.no](http://www.dokpro.uio.no)). Men det finst ikkje 'svart galle': galle er gulbrun til gulgrøn (Waalder, Bjarne A. i [www.snl.no](http://www.snl.no), 11.08.10). Johannisson gjev ei framstilling av Foucault sin teori om dette paradokset:

Michel Foucault har spurt seg om årsaksforholdet i virkeligheten var helt omvendt: ikke en mørk væske som produserte en mørk følelse, men en mørk følelse på jakt etter en kroppslig forklaring. Å føle stor skrekk og fortvilelse, var det samme som å føle seg gjennomstrømmet av sverte. (Johannisson 2010, s. 31–2).

Foucault sjølv ordlegg seg slik:

Syrernes kemi er ikke en forklaring af symptomerne, det er et kvalitativt valg: en hel fænomenologi for den melankolske erfaring. (...) En symbolsk enhed dannet af væskernes kraftesløshed, fordunklingen af de animalske livsånder og tusmørkets skygge, som de spreder ut over tingenes billeder; blodets klæbrighed, som kun med vanskelighed bevæger sig igennem karrene; dampenes fortykkelse, der er blevet sortladne, giftige og bitre; indvoldsfunktioner, som er blevet langsommere og ligesom limet til – denne enhed, der er mere sanselig end begrepslig eller teoretisk, giver melankolien den kode, som er særegen for den. (2003, s. 280–2)

Vi ser at termen *melankoli* er eit uttrykk som i hovudsak byggjer på omgrepsmetaforane SINNET ER KROPPEN og TRIST ER MØRK. I tillegg ser vi korleis metaforar kan vera transformative så vel som deskriptive (sjå også sitat frå Leary i avsnitt 3.2.1). Dette er også Foucault inne på :

Hvis maniskheden, hvis melankolien nu har fået det ansigt, som vores viden tilkender dem, så er det ikke fordi, vi i løbet af århundrederne har lært at "åbne øjnene" for de virkelige kendetegn. Det er ikke fordi, vi til gennemsigtighed har rensset vores perception. Det er fordi, disse begreper i erfaringen af galskaben er blevet integreret i visse kvalitative temaer, som har forlenet dem med deres enhed, givet dem deres betydningsbærende koherens, som endelig har gjort dem perciperbare. Man er gået fra en simpel begrepslig signalering (...) til et kvalitativt felt, tilsynelatende mindre organiseret, lettere, mindre præcist afgrænset, men som alene har kunnet udgøre nogle sanselige enheder, genkendelige og virkeligt til stede i den globale erfaring av galskaben. Observationsområdet for disse sygdomme er blevet skåret ud af nogle landskaber, som i det skjulte har givet dem deres stil og struktur. (...) Det er disse temaers stringens i deres kosmiske former – ikke en observerende klogskabs skøn –

som organiserer erfaringen (næsten allerede vores erfaring) af maniskheden og melankolien. (ibid., s. 287)

Dette samsvarer også med Nietzsche sitt syn:

Begrepenes opphav er metaforer, forestillinger og fortolkninger som aldri griper tingenes vesen, bare deres foranderlige overflate. Men når man har glemt hvor begrepet stammer fra og metaforene i lang tid har fungert som fast skillemynt, mister de karakter av fortolkninger og blir en pant på tingenes "vesen". (Nietzsche i Eriksen 2000, s. 140).

Johannisson seier følgjande om konsekvensane av at melankoli vart bytta ut med depresjon:

Ordbyttet dreier altså blikket radikalt. Mens ordet melankoli peker på sterke følelser (framkalt av mørke væsker), peker ordet depresjon på hemning (fremkalt av nedtrykning). (...) At depresjonsbegrepet har slukt melankolibegrepet er selvsagt også en slags suksess. Moderne psykiatri har lært seg å innskrenke kriteriene for og forklaringene av ulike psykiske tilstander. Jegets mørke kan måles, deles opp og forsynes med adekvate forklaringer og terapeutiske innsatser. Det mister sin fortryllelse og blir en sykdom like behandlingsbar – men også like meningsløs – som eksem, diabetes eller halsbetennelse.

Problemet har vært å fiksere grensen mellom friskt og sykt. I den prosessen har man merkelig nok gått bort fra selve følelsene. (...) Begrepet *skjult* depresjon illustrerer dette særlig tydelig: depresjon kan finnes også uten sin egen følelse. Iblant fins den rett og slett fordi den svarer til en bestemt legemiddelbehandling. (Johannisson 2010, s. 64–6)

Dette siste poenget til Johannisson vert også drøfta av Andrew Lakoff (Lakoff 2005), s. 7 som hevdar at psykiske lidingar og behandlinga av desse vert tilpassa kvarandre, at sjukdommen i aukande grad vert definert ut frå kva han "responderer" på: "Depresjon" bør vera mogeleg å kurera ved hjelp av "antidepressiva". Denne praksisen påverkar konseptualiseringa, kategoriseringa og språkbruken om psykopatologi: "Angst og agitasjon forekommer ofte samtidig, men det kan iblant være nyttig å skille disse, siden agitasjonen oftest reagerer på nevroleptika." (K) Kringlen viser også til korleis det kan innebera epistemologiske fallgruver å definera sjukdommen ut ifrå kuren:

Etter innføring av de antidepressive medikamenter synes det hos enkelte leger å ha vært en tendens til å diagnostisere nesten enhver uklar nevrotisk tilstand som maskert depresjon og gi pasienten medikamentell behandling. At antidepressiva ikke sjelden har en umiddelbar effekt er selvsagt ikke noe bevis for diagnosens gyldighet. (Kringlen 1997, s. 305)

#### 6.2.7.3.1 Depresjon vs. melankoli

Kraus meiner at problemet med depresjonsomgrepet ligg i at ICD-10 ikkje skil mellom dei ulike typane "depresjon". I diagnosesystemet vert det operert med éin einskild modell som ikkje differensierer mellom melankolske, reaktive og psykogene kategoriar. Ein føreset dermed at dei ulike utgåvene er kvalitativt identiske. Dette gjeld også for depresjon ved tilstandar som schizofreni og epilepsi. Konsekvensen av denne samanslåinga blir då at



diagnostiseringa utelukkande byggjer på kvantitative ulikskapar (Kraus 2003, s. 206). Dette er tydeleg hjå m.a. Retterstøl: "For at vi skal kalle en tilstand en depresjon, **må det være en del symptomer til stede**. For det første må **minst to av de følgende symptomer** være til stede: (...) I tillegg skal **minst tre av de følgende syv symptomer** være til stede:" (R), (mine uthevingar).

Som sitata frå lærebøkene (over) viser, er den djupe depresjonen (melankoli) ofte kvalitativt annleis enn andre typar depresjon ved at pasienten *ikkje* opplever sorg eller tristheit i vanleg forstand. Kraus skriv: "Indeed, he would rather like to be sad but cannot feel any emotions; he has no feelings at all." (2003, s. 207). Han hevdar at elementa som kjenneteiknar den melankolske tilstanden, vanlegvis ikkje finst i andre former for depresjon eller tristheit, og at dei melankolske symptoma heller ikkje treng indikera ein alvorleg tilstand, slik det blir framstilt i ICD-10. Det finst melankolske tilstandar som er lette eller mindre alvorlege. Kjernesymptomet i melankoli er *mangel på sinnstemning*, ei form for depersonalisering (Kraus 2003, s.207–8). Uttrykka *depresjon* og *djup depresjon* (= melankoli) framstår som forvirrande. Dei konnoterer same kvaliteten og ulik kvantitet, medan det i røynda kan vera omvendt. Eg siterer igjen Retterstøl: "Symptomene ved **melankolien, som den dype depresjonen kalles**, er karakteristiske. **Tristheten dominerer** stort sett hele døgnet, men vedkommende er mest **trist** om morgenen." (mine uthevingar). Kringlen nyttar så vidt eg kan sjå ikkje termen 'melankoli' i det heile, i stikkordlista i læreboka hans finn vi oppføringa "melankoli, se depresjon" (Kringlen 1997, s. 546).

#### 6.2.7.3.2 Styron om depresjonstermen

Styron opponerer mot bruken av termen *depresjon* innan psykiatrien:

"Melankoli" ville fremdeles være en bedre og mer treffende betegnelse for de alvorlige former for sykdommen, men har altså måttet vike plassen for et glatt substantiv uten akademisk autoritet, og som kan brukes til å beskrive nær sagt hva som helst – en økonomisk nedgangsperiode, en sekning i terrenget – kort sagt en vokabulær pusling av et navn på en farlig sykdom. (1991, s.46–7)

Styron hevdar at fordi termen *depresjon* er så inkjeseiande, hindrar han folk i å forstå "hvor djevelsk aggressiv denne sykdommen er når den kommer ut av kontroll." (ibid., s. 47). Han meiner at ein klinisk depresjon best kan samanliknast med at sinnsstemninga til personen har utvikla seg til "(...) en storm – en virkelig hylende skypumpe i hjernen (...)", men konkluderer: "Men "depresjon" blir vi visst nødt til å slite med til noen finner på en sterkere og sannere betegnelse." (ibid., s. 48). Også Styron, som meistrar språket betre enn dei fleste, understreker kor dårleg språket strekk til for å skildra tilstanden:

For de fleste som har opplevd depresjonen, står den som noe så overveldende redselsfullt at det ikke kan uttrykkes i ord. Derfor finner man selv i de største kunstners verk en frustrert følelse av utilstrekkelighet. Men både vitenskapen og

kunsten vil utvilsomt lete videre etter det rette uttrykk for sykdommens egentlige innhold (...) (ibid., s. 95)

Eg undersøkte heile boka til Styron for å sjå om han nyttar vesentleg ulike omgrepsmetaforar i høve til fagfolka/nettdiskusjonen. Så langt eg kunne sjå, er omgrepsmetaforane samanfallande; den einaste skilnaden er at han nyttar to spesifiseringar som dei andre mangla: affektive lidningar er entitet → individ → **demon**, og affektive lidningar er kraft (→ solenergi) → **vêrphenomen**. I tillegg samanliknar han depresjon med å drukna eller å bli kvelt. Det er fleire moglege tolkingar av kva som er kjeldedomena i desse samanlikningane. Det er mange måtar å bli kvelt på, t.d.: giftig gass, mangel på luft, sjukdom, ulukker, drap. Desse metaforane er truleg heller ikkje nye. Styron har altså ikkje laga nye omgrepsmetaforar, sjølv om han uttrykkjer seg annleis enn folk flest. Dette funnet stemmer med påstanden til Gibbs, som hevdar at:

The language of great poets is clearly more creative, or poetic, than that employed by most ordinary speakers. But both poets and ordinary people make use of the same figurative schemes of thought in saying what they do. Much of our everyday talk reflects people's ability to think in ways that go beyond the literal. (1994, s. 3)

Med andre ord kan ein seia at poetar eigentleg uttrykkjer det same som alle andre, men dei har meir uvanlege måtar å seia det på. Kreativiteten deira ligg ikkje i tenkjemåten, men i seiemåten. Gibbs meiner at metaforar *set grenser for kreativitet*:

(...) our basic metaphorical conceptualizations of experience constrain how we think creatively and express our ideas in both everyday and literary discourse. The way we ordinarily speak, the way creative writers compose, is not unlimited. Yet the constraints on how we speak and write are not imposed by the limits of language but by the ways of how we actually think of our ordinary experiences. (ibid., s. 8)

**Tabell 6: Mental tilstand/ending/aktivitet er romleg plassering/orientering/forflytting**

Kjeldedomene	Måldomene	Funn i tekstane
<b>romleg plassering/ orientering/ forflytting</b>	<b>mental tilstand/ ending/ aktivitet</b>	
rørsle	ending	"I de maniske faser vil pasienten være oppstemt, rastløs, svært aktiv og også meget effektiv, inntil det <b>går</b> over streken." (R) " <b>Utslagene</b> her er ikke kraftige nok til at diagnosene hypomani eller depressiv episode kan anvendes." (K) "Bipolar lidelse er plagsomt <b>svingende</b> stemningsleie." (N)
reise/ forflytting	mental/ kognitiv aktivitet	"Han holder det gjerne <b>gående</b> til langt på natt" (K)

reisetempo	mengd mental/ kognitiv aktivitet/ endring per tidseining	"Det psykiske <b>tempoet</b> er forøket med livlige assosiasjoner og flyktig tankegang" (K)
reisemåte	endring i sinnet	"han <b>faller</b> ofte fort til ro" (K) "Jeg <b>landet</b> før det ble noe av dette, heldigvis." (N)
progresjon langs ei reiserute for å nå ein destinasjon	utvikling av tilstanden til det verre eller betre	"Dette kan være en lidelse som ubehandlet kan ta så lang tid som ½ til 1 år før vedkommende <b>kommer seg igjen.</b> " (R) "når han er <b>på vei inn eller ut av</b> en depressiv fase." (K) "etter jeg var <b>kommet ut av</b> den dype depresjonen"/ "du har klart å <b>komme deg litt over i et annet spor.</b> " (N)
hindring av eller ufrivillig rørsle/aktivitet	psykiske vanskar	"Iblant kan denne selvovertureringen <b>gli</b> over i stormannsgalskap." "Ved lettere depresjoner kan pasienten bare virke trist og <b>hemmet</b> med dårlig arbeidsevne"(K) "Vi låser oss i en depresjon fast <b>i</b> det tunge og triste" (R) "For hvis man begynner å tro at verden er så mørk og meningsløs som den synes å være når man er deprimerert, så <b>fortsetter man bare nedover.</b> " (N)
balanseevne, evne til å halda seg oppreist, likevekt	sinnet si evne til å halda seg uendra over tid, normert tilstand, stå imot påverknad	"Enkelte ganger føler vi oss bedre og lettere til sinns, men så kommer kanskje små påkjenninger og <b>slår oss ut</b> " (R) "Ved samtale kan pasienten i begynnelsesfasen virke <b>labil</b> og begynner lett å gråte" (K) "Jeg har blitt veldig <b>stabil</b> etter at jeg sluttet på antidepressiva og begynte på Lamictal." (N)
romleg plassering	psykisk tilstand	"slik at vedkommende i en periode kan være <b>dypt deprimerert</b> " (R) "den <b>deprimerte</b> " (K) "Du har vært <b>der</b> " og du har klart å <b>komme deg litt over i et annet spor.</b> " (N)
plassering av gjenstand i behaldar	plassering av sinnet i ein tilstand	"I en slik depressiv fase vil vedkommende ofte føle seg forlatt av Gud og mennesker" (R) "Utpå dagen blir pasienten trist <b>i</b> sin hyperaktivitet" (K) "Mens man <b>i</b> hypomani kan gjøre lite gjennomtenkte ting, så kan man <b>i</b> mani miste kontrollen helt og gjøre ting som er fullstendig upassende for den almene befolkningen." (N)
malplassering	nevrose	"I de maniske faser vil pasienten være oppstemt, rastløs, svært aktiv og også meget effektiv, inntil det går <b>over streken.</b> " (R) "Det har lenge vært god latin at manien er depresjonens <b>motpol</b> og at normalt stemningsleie representerer et stadium mellom disse <b>ytterpunkter.</b> " (K)
feilplassering	psykose	"Under mani oppfatter jeg det sånn at en hypomani er gått inn i <b>noe enda dypere.</b> (...) Stemningsleiet blir <b>så høyt</b> at man ikke bare har svært god selvtillit (sic), men også kan forestille seg selv som et geni." (N)

***”Det er rart hvordan verden forandrer seg ettersom formen forandrer seg.” (N)***

---

## **6.2.8 SINNET ER EIT FYSISK OBJEKT**

Føresetnaden for denne ontologiske metaforen er ABSTRAKT EKSISTENS ER FYSISK EKSISTENS, ein omgrepsmetafor som er grunnlaget for heile metaforsystemet ”den store kjeda”.(sjå vedlegg 1) Ved å forstå sinnet ut ifrå strukturen til eit fysisk objekt, kan vi m.a. skildra og kategorisera det ut ifrå fysiske eigenskapar. Sjå også diskusjonen i avsnitt 6.3.3 AFFEKTIV LIDING ER FYSISK OBJEKT. Eg vil presisera at der det ikkje er klart om kjeldedomenet skal tolkast som levande organisme (kroppen) eller fysisk objekt, har eg konsekvent valt kroppen som kjeldedomene, i tråd med Lakoff og Johnson, som hevdar at vår eigen kropp er i ei særstilling som kjeldedomene, fordi sinnet er kroppsleggjort (Lakoff og Johnson 2003). Fordelen med å nytta omgrepsmetaforen SINNET ER EIT FYSISK OBJEKT, er at ei skildring av dei abstrakte eigenskapane til den abstrakte storleiken sinnet kan omtalast i form av ei skildring av dei fysiske eigenskapane til eit fysisk objekt.

### **6.2.8.1 Vekta til sinnet**

Vi ser døme på at kjeldedomenet *vekt* vert nytta om sinnet: ”Folk som har vært fulle av entusiasme, blir likeglade, **tunge** og klarer ikke de enkleste oppgaver.” (R). Dette heng truleg saman med omgrepsmetaforane (PSYKISKE) VANSKAR ER BØRER (6.3.3.6), og MEIR ER TYNGRE, på den måten at eit sinn med vanskar er ”tyngre” enn eit sinn utan vanskar, jf. uttrykket *hugtung*, som er eit synonym til *nedtrykt* og *deprimert*. (Uttrykket *tungsinn* stammar også frå desse omgrepsmetaforane.) Vi erfarer tidleg at mengd er proporsjonal med masse, derfor er det logisk for oss å skildra omfanget av psykiske problem i form av vekt. Jf. diskusjonen i avsnitt 6.3.3, AFFEKTIV LIDING ER FYSISK OBJEKT.

### **6.2.8.2 Styrken til sinnet**

Ein av personane i nettdiskusjonen skriv: ”Ja så du er kommet **styrket** ut av dette!”. Dette utsegnet byggjer på omgrepsmetaforane SINNET ER EIN SKJØR GJENSTAND og PSYKISK STABILITET ER STYRKE. Det er mange språklege uttrykk for desse metaforane: å vera *sprø*, *skjør*, *svak på nervane* og motsett: å ha *sterke nerver/sterk psyke*. Det ligg implisitt i desse uttrykka at ved påkjenningar kan ein ”nervesvak” person bli ”knust/knekt/bryta saman” etc. Uttrykka gjev konnotasjonar om at det er snakk om irreversibel skade; er ein gjenstand først knekt, vil han aldri bli like bra att, sjølv om han blir reparert. Og dersom ein omtaler ein person som ”svak på nervane”, vil ein forventast at han bryt saman ved den minste påkjenning. Bruk av slike metaforar kan dermed medføra ein noceboeffekt. Det er berre i utdraget frå nettdiskusjonen at vi finn bruk av denne metaforen, dei to andre utdraga inneheld ikkje slike uttrykk. Men andre stader i bøkene til både Retterstøl og Kringlen finn vi

uttrykk som "sårbarhetsfaktorer" (R, s. 65) og "jeg-svake" (K, s. 79), som eg meiner stammar frå same tankegangen.

### 6.2.8.3 *Sinnet si form*

Sinnet kan bli omtalt som eit fysisk objekt med ein skiftande fasong. Det finst ei typisk form for dei fleste objekt, også for sinnet. Ein kan snakka om å vera i toppform, i (god) form, i dårleg form og til og med å vera heilt ute av form. Ein av deltakarane i nettdiskusjonen skildrar endringar i den psykiske tilstanden sin på denne måten: "Det er rart hvordan verden forandrer seg ettersom **formen** forandrer seg." (N). Her er det *personen si vurdering av verda* som endrar seg, ikkje verda i seg sjølv. Eitt av kriteria for psykopatologi er nettopp ei skadeleg eller feil oppfatning av seg sjølv eller omverda, i tillegg til lite føremålstenlege reaksjonar på eksterne hendingar. Personen sine endra reaksjonar på hendingar eller omverda vert metonymisk erstatta med hendingane eller omverda sjølv. Truleg er det metonymien EFFEKT FOR ÅRSÅK som er verksam her.

Ifølgje St. Clair (2002) er formmetaforen ein metafor om relasjonen mellom objekt, ikkje om objektet i seg sjølv. Ei vurdering av forma til eit objekt er eigentleg ei implisitt samanlikning med andre objekt. St. Clair hevdar at formmetaforen dominerer vår tids sosiale, historiske og sekulære tenking og er den illustrerande metaforen for nye tankesystem. Opphavet til metaforen er Aristoteles. Hornblower og Spawforth (Hornblower og Spawforth 1997) framstiller det slik:

Aristoteles meinte at det sentrale spørsmålet om det som er (*to on*) er eit spørsmål om *ousia* ( $\approx$  substans). To spørsmål er sentrale når ein leiter etter substans: eit spørsmål om *endring* og eitt om *identitet*. Sidan ein sentral del av erfaringa vår med naturen er endring (t.d. årstider og livssyklusen), må ei utgreiing om naturen innehalda ein koherent måte å omtala erfaring på. Dette krev at ein er i stand til å skilja ut somme entitetar som (relativt) stabile *subjekt* (eller *substrat*)<sup>44</sup> som gjennomgår endringar. Ein diskurs om verda krev samstundes at ein kan svara på spørsmålet "Kva er det?" om entitetar i erfaringa vår. Dette inneber å kunna seia kva det er ved eit individ som gjer det til nettopp dette individet, og å skilja det aspektet frå meir overflatiske eigenskapar som kan forsvinna medan individet sjølv forblir det same. Ei plausibel tolking av Aristoteles er at dei mest basale substrata også er essensane til tinga, og at begge er identiske med *forma* til tingen som ein medlem av ein spesifikk art. Det som tingen er, og det som må bli verande det same ved han uansett om andre eigenskapar endrar seg, er tingen si karakteristiske artstilhøyrse. Ein naturfilosof må ifølgje Aristoteles vera budd på å kunna gje ulike typar forklaringar. Ein kan svara på

---

<sup>44</sup> Substrat; frå lat. 'underlag'. Under den foranderlege overflata finn vi den eigentlege, uforanderlege tingen.

spørsmålet "Kvifor?", stilt om ein ting eller ein kompleks tilstand, på fire grunnleggjande måtar:

Ein kan nemna kva *materiale* tingen består av. Dette er utilstrekkeleg, sidan ein treng å skilja ut tingen som ein struktur av ein spesiell type før ein kan gjera greie for komponentane til tingen.

Ein kan nemna *forma* eller den karakteristiske tilhøyrsla til tingen.

Ein kan nemna ein agent eller ei hending som forårsaka eksistensen til tingen. (Aristoteles kalla dette *opphavet til endringa*, men det vart seinare erstatta med uttrykket *den direkte årsaka*.)

Ein kan nemna *føremålet* med tingen. Aristoteles understreka stadig at ein bør forklara prosessane eller subsystema til skapnader med å visa til korleis dei bidreg til den overordna funksjonen til skapnaden. Den karakteristiske tilhøyrsla til ein art er på det viset eit føremål som prosessane skal bidra til å nå. (Hornblower og Spawforth 1997, library.nlx.com, 30.05.10).

Vi ser at Aristoteles sine retningslinjer er i bruk også i dag, og vert nytta om fysiske så vel som abstrakte fenomen: Form, kategori, årsak og føremål er faktorar som vert trekte inn for å skildra og forklara sinnet og affektive lidningar. St. Clair forklarar kva implikasjonar Aristoteles si tenking hadde:

In Presocratic philosophy, a thing always was assumed to have an essence that underlies (...) it, a foundation or [*Unterlage*]<sup>45</sup>. One came to know the essence (to understand it) by examining its unique properties [*Eigenschaften*]. But, these properties belonged, if addressed in Platonic terms, to the World of Appearances and Essence [**to ens**] belongs to the World of Ideal Forms. However, Aristotle did not approve of this Platonic model. But, with the rhetorical mode of thought espoused by Aristotle, properties were given existence; they became real. The shift was from the thing and its essence to the properties, the predications about the thing. (St. Clair 2002, s. 269)

St. Clair viser også korleis formmetaforen er manifest i språket ved å lista opp ei rekkje termar avleidde frå den latinske rota *form*: *form*, *formal*, *format*, *konform*, *deform*, *reform*, *informasjon*, *formasjon*, *formel*, *uniform*, og den greske rota *morf*: *morf*, *morfem*, *isomorf*, *amorf*, *morfologisk*, *allomorf* etc. (ibid, s. 230) På norsk nyttar vi avleiingsformativen *-skap*<sup>46</sup> for å laga substantiv (nominalisering). Vi har t.d. *bodskap*, *reiskap*, *venskap* (avleiingar av subst.), *djervskap*, *likskap*, *klokskap* (av adj.) og *kjennskap*, *vitskap*, *rekneskap* (av verb) ([www.dokpro.uio.no](http://www.dokpro.uio.no)).

St. Clair peikar også på at leidningmetaforen er avleidd av formmetaforen. (Sjå diskusjon i avsnitt 6.2.5.) Formmetaforen framhevar det normative aspektet ved sinnet, at det er ei spesiell "form" som er sedd på som ønskeleg for sinnet. Dersom sinnet ikkje er i

<sup>45</sup> Jf. Aristoteles: *substrata*; underlag.

<sup>46</sup> Samanheng med *skap* (form, figur).

denne "forma", er det eit symptom på psykopatologi eller hjerneskaade. Formmetaforen løyner det dynamiske og plastiske ved sinnet. Menneskesinnet sitt potensiale for læring og tilpassing er stort.

#### **6.2.8.4 Sinnet som maskin**

I nettdiskusjonen finn vi også omgrepsmetaforen SINNET ER EI MASKIN: "Så sviver det på **høygir**" (N). Sinnet vert her framstilt som eit framkomstmiddel, noko som kan passa inn med andre metaforar som t.d. SINNET ER EIN REISANDE, ENDRING ER RØRSLE. Nettdiskusjonen inneheld også desse døma: "Bipolar lidelse er å leve med **defekte bremsar** på følelsene/stemningen. Sånn sett kan man si at all **regulering skjer med gasspedalen**" (N) og "Forskerne har påvist etpar stoff som er sannsynlige **bremsar**, og stemningsstabiliserende medisin øker virkningen av dem." (N).

Maskinmetaforen er velkjend. St. Clair (2002) hevdar at *maskina* i løpet av dei siste to–tre hundreåra vart gjord til modell for menneskeleg åtferd, og at maskinmetaforen er kjernemetaforen (the root metaphor) i den moderne vestlege sivilisasjonen (St. Clair 2002, s. 273–4). Gjennom historia har sinnet blitt metaforisk framstilt som t.d. ei klokke, ei dampmaskin og ei datamaskin. Dette er ei sterkt reduksjonistisk framstilling, der sinnet vert sett på som ei form for mekanisk innretning. Alexander and Selesnick (1966) drøftar følgjende av denne framstillinga:

The mechanistic view had led to the teleological conclusion that since man-made machines are always constructed with a use or purpose in view, so also must that most complex of machines, man himself. This led to disturbing questions. Who or what was responsible for the sensible construction of animal organisms, including man, or are such organisms an exception? Must their function and development be explained in terms of purposes instead of causes? And if there is a purpose behind the construction of the living organism, whose purpose is it? (Alexander og Selesnick 1966, s. 10)

St. Clair viser kva implikasjonar maskinmetaforen har på menneskesynet vårt:

Human beings create their own goals in life. And, even when their goals have been presented to them as social scripts within their family and within their community, they have the option of changing them. Machines, on the other hand, are given goals by human beings. They are constructed to perform a certain goal. (...) when dealing with a machine, one does not dwell on the goals themselves or the action-directed programs that operate them. The focus is on the efficiency of the operation. And, emphasis is placed on how the components function within the larger organized system. The question is not one of why, but of how things work. (St. Clair 2002, s. 317)

Fokuset på effektivitet og korleis den operative eininga fungerer, finn vi att i desse døma: "Folk som har vært fulle av entusiasme, blir likeglade, tunge og **klarar ikke de enkleste oppgaver.**" (R), "alvorlig deprimerte **fungerer dårlig** hjemme og på arbeidet." (K) og "Jeg var faktisk **helt ubrukelig**" (N).

Fokuset på korleis komponentane fungerer i det større systemet, er parallelt med fokuset på korleis individet fungerer i samfunnet. Jamfør dei normative og moralske kriteria som definerer psykisk sjukdom: "Mens man i hypomani kan gjøre lite gjennomtenkte ting, så kan man i mani miste kontrollen helt og gjøre ting som er **fullstendig upassende for den almene befolkningen.**" (N), "Iblant **kan det virke som om alle hemninger er borte (...)** På **andre mennesker virker** pasienten **kritikkløs (...)** Mange pasienter neglisjerer sitt utseende og **virker usoinerte (...)** På grunn av pasientens nedsatte selvkritikk kan tilstanden få **uheldige sosiale konsekvenser.**"

Som ei motvekt mot det synet maskinmetaforen representerer, finn vi eksistensialismen, som har som credo at menneska sin eksistens har forrang for essensen deira. Dei representerer ei motvekt til objektiviseringa og dehumaniseringa av mennesket som m.a. form- og maskinmetaforane er uttrykk for.

**Tabell 7: Sinnet er eit fysisk objekt**

Kjeldedomene	Måldomene	Funn i tekstane
<b>fysisk objekt</b>	<b>sinnet</b>	
vekt	problemmengd	"Folk som har vært fulle av entusiasme, blir likeglade, <b>tunge</b> og klarer ikke de enkleste oppgaver." (R) "Pasienten går langsomt med lutende gange og virker <b>tung</b> og dyster" (K) "Da føler man seg <b>lett</b> og nesten svevende." (N)
form	tilstand	"Det er rart hvordan verden forandrer seg ettersom <b>formen</b> forandrer seg." (N)
styrke	motstandskraft	"Ja så er du kommet <b>styrket</b> ut av dette!" (N)
maskin/ framkomstmiddel	sinnet	
defekt bremsemekanisme	psykisk lidning, manglande kjensle- regulering	"Bipolar lidelse er å leve med <b>defekte brems</b> er på følelsene/stemningen. Sånn sett kan man si at all <b>regulering skjer med gasspedalen</b> " (N)
maksimal fart	mani	"Så sviver det på <b>høygir</b> " (N)
maskina går og går	manisk tale/åtferd	"Han snakker gjerne <b>i ett kjø</b> r, blir lett irritabel hvis man prøver å <b>stans</b> e ham" (K)
maskina stoppar opp/framkomst- middelet trillar fritt nedover	depresjon	"Da blir det null <b>gass</b> og nedtur uten <b>brems</b> er" (N)
bremsemekanisme	signal- substansar i nervesystemet	"Forskerne har påvist etpar stoff som er sannsynlige <b>brems</b> er, og stemningsstabiliserende medisin øker virkningen av dem." (N)



**”Han gir seg selv skylden for det meste av det som er gått galt her i verden” (R)**

---

## 6.2.9 SINNET ER FLEIRE DISTINKTE INDIVID

### 6.2.9.1 *Det delte sjølv*

Ein vanleg omgrepsmetafor for sinnet er ASPEKT VED SJØLVET/SINNET ER FLEIRE DISTINKTE INDIVID. Eg viser til drøftinga i avsnitt 6.3.1, AFFEKTIV LIDING ER FYSISK KRAFT, der den kognitive lingvisten Leonard Talmy sin teori om kraftdynamikk og psykologiske mekanismar vert gjennomgått. Han kallar det delte sjølv ein grunnleggjande semantisk konfigurasjon i språket (Talmy 2000, s. 431). Dei ulike ”delane” av sjølv er blitt personifiserte, dei vert omtalte som sjølvstendige individ. Kjeldedomenet i metaforen er viljestyrte individ (menneske), måldomenet er ulike aspekt av eller strukturar i sinnet. Merk at *individ* har etymologisk opphav i det latinske *individuus*; ’udeleleg’. ’Individ’ i tydinga ’einskildperson’ står då i kontrast til førestellinga om det delte sjølv.

Sinnet (eller sjølv) vert omtalt som om det inneheld ulike distinkte delar som forhold seg til kvarandre slik menneske forhold seg til kvarandre. Språkleg gjev dette seg t.d. utslag i at sinnet fungerer både som subjekt og direkte objekt i den same, transitive setningskonstruksjonen: ”**Den deprimer**te straffer ikke bare **seg selv**, men også omgivelsene” (K). Her må ein forstå det slik at det er ein del av sinnet som straffar ein annan del av sinnet, slik ein autoritet straffar ein person som har gjort noko gale. Det finst også andre konstruksjonar, som preposisjonsuttrykk og indirekte objekt, høvesvis: ”Mens man i hypomani kan gjøre lite gjennomtenkte ting, så kan man i mani **miste kontrollen helt**” (N) (underforstått: mista kontrollen **over seg sjølv**) og ”Han gir **seg selv** skylden” (R).

Dei ulike delane av sinnet er ikkje ekvivalente med kvarandre, ifølgje Talmy: Den medfødde, lyststyrte delen av sjølv vert oppfatta som meir sentral enn den blokkerande eller pådrivande delen, fordi denne er internalisert, og dermed meir perifer. (Der Talmy omtaler den perifere delen av sjølv som internaliserte sosiale verdiar, hevdar Freud at det er snakk om internalisert *foreldreautoritet*, resultatet av ein forsvarsmekanisme som hindrar individet i å uttrykkja ødipale ønske, og som gjev seg utslag i ei kjensle av at ein alltid vert halden auge med (Appignanesi og Zarate 1996, s. 158–9)). Dette semantiske oppsettet er reflektert syntaktisk t.d. ved transitive konstruksjonar der den perifere delen er subjekt/agens og verkar på den sentrale delen, som opptre som direkte objekt/patiens (refleksivt pronomen) (Talmy 2000, s. 432–3). Talmy hevdar at den sentrale delen av sjølv er ein parallell til id, og den meir perifere delen er ein parallell til superego. Det er dermed eit samsvar mellom id–superego-konflikten og det grammatiske mønsteret til konfigurasjonen

*det delte sjølv*. Den freudianske modellen av denne intrapsykologiske konflikten kan faktisk lesast rett ut av det semantiske og syntaktiske mønsteret i setningar som "I held myself back from responding." (Talmy 2000, s. 460–1). I nettdiskusjonen finn vi døme på det same: "Mens man i hypomani kan gjøre lite gjennomtenkte ting, så kan man i mani **miste kontrollen** helt" (N). Her er det snakk om å mista kontrollen over seg sjølv – i freudianske vendingar: Superego går tapande ut av konflikten med id. Ifølgje Talmy finn vi også lingvistiske uttrykk for oppfatninga av det delte sjølv som ikkje involverer kraftdynamikk. Sjølvet vert tillagt to distinkte sosiale roller som normalt refererer til to personar i ein gjeven situasjon, som i handlings skjema for å myrda, å gje, å ta vare på og å hjelpa. Jamfør døma " **selvmordsforsøk**" (K), "Han gir **seg selv** skylden for det meste av det som er gått galt her i verden" (R), "Mange går helt i stå og klarer ikke ta vare på **seg selv**." (K) og "Men selv moderat deprimerte blir **hjelpeløse**" (K).

Det kan diskuteras om termen *sjølv* er ein metafor, eller om det berre er snakk om tydingsutviding i form av generalisering. Kanskje står vi her overfor eit tilfelle av det Steen kallar direkte språk og indirekte tyding? (Sjå avsnitt 5.2.1.2) Eg meiner i alle tilfelle at det er fruktbart å sjå termen i lys av omgrepsmetaforen ASPEKT VED SINNET ER FLEIRE DISTINKTE INDIVID. Dei syntaktiske konstruksjonane er dei same for 'sjølv' som for 'mord'. Eit mord refererer typisk til handlinga å drepa ein person mot denne sin vilje. Dersom ein person som vert teken livet av, samtykkjer i denne handlinga, snakkar vi om eutanasi eller dødshjelp. Vi snakkar heller ikkje om miskunns**mord**, termen er miskunns**drap** ("barmhjertighetsdrap"). Forklaringa på språkbruken om suicid kan liggja i førestillinga om det delte sjølv. Overlevingsdrifta er i utgangspunktet sterk hjå mennesket. Det at nokon vel å ta sitt eige liv, verkar uforståeleg for dei fleste. Freud freista å forklara fenomenet ved å innføra omgrepet *thanatos*; 'dødsdrift', som eit motstykke til *libido*; 'livsdrift'. Ein kan tenkja seg at sidan psykisk sjukdom råkar "sjølv", vert personen vurdert som ikkje heilt tilrekneleg. Dødsdrifta er blitt sterkare enn livsdrifta: Den sjuke delen av sjølvet drep den friske delen av sjølvet, altså: 'mord'.

I Freud sin modell av sinnet er det tre delar: id (det'et), ego (eg'et) og superego (over-eg'et). Talmy seier ikkje noko om ego og korleis det eventuelt passar inn i kraftdynamikksystemet. Freud tilla ego fleire viktige funksjonar: Ego er ein vegvisar i røynda; medvitne observasjonar av den ytre verda tilhøyrer ego. Samstundes er ego vendt innover; det er ein vaktar som verkar umedvite via ulike forsvarsfunksjonar. Ego vert utvikla gjennom kontakt med den ytre verda, ved at det nyfødde barnet ("reint id") registrerer skilnaden mellom interne behov og omverda, som er utanfor kroppen og likevel reell. Sjølvmedvitet og kroppsaktiviteten utviklar seg gjensidig (Appignanesi og Zarate 1996, s. 156–7). Etter mitt syn er dette truleg grunnlaget for den primære metaforen SINNET ER KROPPEN.

Mitt forslag er at ego er naudsynt for at vi skal kunna vera klare over konfliktane mellom delane av sjølvet vårt; det er den delen som observerer det heile, sjølvmedvitet, det som gjer at vi er klare over oss sjølve. Det er den delen som står utanfor kraftdynamikksystemet og observerer prosessen. Eit særdrag ved mennesket er nettopp at vi har evne til å reflektera over oss sjølve, vera medvitne på vårt eige medvit gjennom introspeksjon. Også den psykisk sjuke kan ha innsyn i sjukdommen sin. Som her: "**Selv** mener jeg å tendere mot 3b – som innebærer depresjon med hypomani" (N). William Styron fortel om opplevinga han og andre deprimerte har hatt av å ha ein nøytral observatør i sinnet som objektivt registrerer forløpet av depresjonen (Styron 1991). Ved alvorlege sinnslidingar som psykose manglar denne evna til realitetsorientering og sjukdomsinnsikt. Alvorlege depresjonar kan innebera vrangførestillingar: "Han gir **seg selv** skylden for det meste av det som er gått galt her i verden" (R). Det same finn vi ved maniar: "Stemmingsleiet blir så høyt at man ikke bare har svært god selvtillit [sic], men også kan **forestille seg selv** som et geni." (N). Freud forklarar det slik: "Överföringsneurosen svarar mot konflikten mellan jag och det, den narcissistiska neurosen mot den mellan jag och överjag och psykosen mot den mellan jag och yttervärld." (Freud i Norman 2001, s. 139–40). Det er altså når ego sviktar, at sjølvinnsikta og realitetsorienteringa forsvinn.

**Tabell 8: Aspekt ved sinnet er fleire distinkte individ**

Kjeldedomene	Måldomene	Funn i tekstane
<b>fleire distinkte individ</b>	<b>aspekt ved sinnet</b>	
ta stilling til/vurdera ein annan	ta stilling til/vurdera seg sjølv	"Vedkommende vil også vurdere <b>seg</b> negativt" (R) " <b>selv</b> bebreidelse" (K) " <b>Selv</b> mener jeg å tendere mot 3b – som innebærer depresjon med hypomani (...) Stemningsleiet blir så høyt at man ikke bare har svært god selvtillit (sic), men også kan <b>forestille seg selv</b> som et geni." (N)
freista å kontrollera ein annan	freista å kontrollera seg sjølv/ha nedsett funksjonsevne	"Mens man i hypomani kan gjøre lite gjennomtenkte ting, så kan man i mani <b>miste kontrollen</b> helt" (N)
ta livet av ein annan	ta livet av seg sjølv	" <b>Selvmordstanker</b> " (R) " <b>selvmordsforsøk</b> " (K) " <b>Selvmordsraten</b> " (N)
gje ein annan noko	gje seg sjølv noko	"Han gir <b>seg selv</b> skylden for det meste av det som er gått galt her i verden" (R)
passa på ein annan	passa på seg sjølv	"Mange går helt i stå og klarer ikke ta vare på <b>seg selv</b> ." (K)
hjelpa ein annan	hjelpa seg sjølv	"Men selv moderat deprimerte blir <b>hjelpeløse</b> " (K)
straffa ein annan	straffa seg sjølv	"Den deprimerte straffer ikke bare <b>seg selv</b> , men også omgivelsene" (K)

## 6.3 AFFEKTIVE LIDINGAR

Affektive lidningar, eller stemningslidningar, som dei også vert kalla, er eit samlenamn for uni- og bipolare tilstandar, som igjen har kvar sine ulike underkategoriar (sjå vedlegg 3, frå Kringlen, første side). Det er såleis ei heterogen gruppe tilstandar det er tale om. *Affekt* er i Nynorskordboka definert som sterke sinnsrørsler, altså grunnleggjande, sterke emosjonar som sinne, sorg, glede og angst, medan *stemning* refererer til sinnstilstand generelt, og er ein meir nøytral term. Sjølv om termane vert nytta om kvarandre, er det altså ein skilnad i tyding mellom omgrepa 'affekt' og 'stemning'. Variasjonen i sjukdomskategorien er reflektert i metaforbruken om han. Eg har identifisert tre hovudmetaforar om effektive lidningar: AFFEKTIV LIDING ER FYSISK KRAFT, AFFEKTIV LIDING ER INDIVID og AFFEKTIV LIDING ER FYSISK OBJEKT. Førstnemnde omgrepsmetafor fokuserer på affektiv lidning som dynamisk prosess, sistnemnde på affektiv lidning som ein kronisk og statisk tilstand eller eigenskap, medan affektiv lidning som individ står i ein mellomstilling: "Individet" kan utøva dynamisk så vel som statisk kraft på personen, men også påverka personen på meir avanserte måtar, i rolla som fiende, inntrengjar, parasitt eller herskar. Alle desse omgrepsmetaforane vert også nytta om emosjonar generelt, sjå Kövecses (2000).

***"Utslagene her er ikke kraftige nok til at diagnosene hypomani eller depressiv episode kan anvendes." (K)***

---

### 6.3.1 AFFEKTIV LIDING ER FYSISK KRAFT

#### 6.3.1.1 *Psykopatologi som kraft*

Omgrepsmetaforen AFFEKTIV LIDING ER FYSISK KRAFT er eit hyponym av ÅRSAK ER KRAFT. Måldomenet er affektiv lidning, som forårsakar endring i den psykiske tilstanden til ein person. Kjeldedomenet er ei kraft som verkar på ein lekam slik at han vert sett i rørsle og får ei ny romleg plassering. Omgrepsmetaforen er koherent med TILSTAND ER PLASSERING og ENDRING ER RØRSLE. Desse omgrepsmetaforane har basis i grunnleggjande fysiske erfaringar. Plasseringa vår avgjer mellom anna kva vi ser, høyrer, kjenner, luktar, og korleis vi lear oss. Jamfør t.d. skilnaden mellom å vera ute vs.inne, på fjellet vs. i sjøen. For å endra på noko må vi ofte røra på oss sjølv eller ein gjenstand. Rørsle føreset at ei kraft verkar på ein lekam eller eit stoff. Dette er den erfaringsmessige bakgrunnen for at årsaka til den effektive tilstanden kan verta omtalt som ei kraft som trykkjer personen ned (depresjon) eller løfter han opp (mani). Leonard Talmy har utvikla ein teori for korleis språket handsamar

fenomenet kraft. Eg vil presentera denne teorien og deretter bruka han til å forklara motivasjonen for metaforane eg har funne i tekstane.

### 6.3.1.2 *Talmy sitt kraftdynamikkssystem*

Talmy hevdar, ifølgje Evans og Green, at det konseptuelle systemet vårt er todelt: innhaldssystemet inneheld detaljar og innhald (opne ordklassar, leksikalske element), og struktureringssystemet sørger for struktur til innhaldet (lukka ordklassar, grammatiske element). Struktureringssystemet er delt i fire hovudsystem. Tre av dei er primært baserte på visuell persepsjon, medan det siste systemet, kraftdynamikk (Force-Dynamics), er utleidd frå erfaringane våre med kinestesi-, kjensle- og smertesansen (Evans og Green 2006, s. 199). Kraftdynamikkssystemet går ut på at det er to entitetar som utøver kraft: *agonisten*, som er i fokus, og *antagonisten*, som utøver motkraft mot *agonisten*. Språket markerer ein skilnad mellom *agonist* og *antagonist* ved at *agonisten* er fokus i ytringa, medan *antagonisten* vert vudert ut ifrå om han greier å overvinna *agonisten* eller ikkje. Eg forstår det slik at *agonisten* er profil og *antagonisten* høyrer til bakgrunnen i ytringa, ved at den mest iaugefallande entiteten vert gjeven *agonistrolla*. Det sentrale aspektet i interaksjonen er om *agonisten* blir verande i den opphavslege tilstanden sin, eller om han vert påverka av *antagonisten*. Krafta til både *agonisten* og *antagonisten* kan vera retta anten mot ro eller mot rørsle, men alltid motsett av den andre entiteten si kraft. Den som utøver størst kraft, får den andre til å stoppa eller byrja å lea seg, alt etter som. I språket er kraftdynamikkkonseptet konstruert ut ifrå ein primitiv eller folkeleg teori: at *entitetane* utøver ei kraft *fordi dei har ein innebygd tendens til å manifestera ho*. Krafta kan vera mellombels eller permanent, men aldri eksogen, og krafttendensen er anten mot aktivitet (rørsle) eller inaktivitet (ikkje-rørsle). Den entiteten som greier å manifestera krafttendensen sin på bekostning av den andre, er den sterkaste. Resultatet er ei observerbar hending (Talmy 2000, s. 413–14).

Språket byggjer altså tydelegvis på ei pre-newtonsk oppfatning av verda. Det handsamar kraftdynamikk som om kraft er ein eigenskap ved entiteten som entiteten utøver fordi det ligg i naturen hans å gjera det, altså ein kausativ modell. Slik eg forstår det, tilsvarer 'kraft' i språket 'resultant'<sup>47</sup> i fysikken. Talmy meiner at kraftdynamikken som system omfattar alle former for kausativ i språket: forårsaking, tillating, startårsaka til rørsle/ro, utvida årsak til rørsle/ro, starttillatinga til rørsle/ro, utvida tillating til rørsle/ro og at *antagonisten* er anten sterkare eller svakare enn *agonisten*. Vidare skriv han:

Finally, with the idea of alternative foregrounding, the force-dynamic framework is able to capture the concept not only of the causing of a result, but also of the *prevention* of a *tendency* (a factor also noted below for modals, in alternations of the type *He must go* / *He may not stay*). The provision for alternatives of foregrounding, furthermore,

---

<sup>47</sup> *Resultant* er ei tenkt kraft som har den same effekten som alle kreftene som påverkar ein lekam, og er definert som vektorsummen av desse ulike kreftene.

permits treating not only constructions with the affecting entity (the Antagonist) as subject. It also brings in on a par constructions with the affected entity (the Agonist) as subject and even as the only-mentioned participant, as with intransitive *keep* (and all modals (...)) (Talmy 2000, s 429)

Slik ligg kraftdynamikken sine mogelegheiter til ulik profilering til grunn for modalitet og valfridommen mellom ulike syntaktiske konstruksjonar, t.d. at både agonist og antagonist kan fungera som subjekt i setninga, og at agonisten kan opptre åleine i setninga. Jf. dømet "Mange **deprimerte** klager over forskjellige somatiske symptomer." (K) Her vert den "deprimerande" krafta underforstått.

### **6.3.1.3 Kraftdynamikk og mentale prosessar**

Talmy viser at forståinga av desse interaksjonane mellom fysiske krefter (kraftdynamikk) er overført til intrasubjektive (psykodynamiske) og sosiale (sosiodynamiske) interaksjonar. Det at kraftdynamikken sine omgrep og distinksjonar vert nytta om intrasubjektive forhold, kjem av det Talmy kallar ein grunnleggjande semantisk konfigurasjon i språket: *det delte sjølv*. (Jf. omgrepsmetaforen SINNET ER FLEIRE DISTINKTE INDIVID (6.2.9).) I det psykodynamiske domenet har vi følgjande konstallasjon: Éin del av sjølv vil utføra ei handling, medan ein annan del motset seg denne handlinga. Desse delane er ikkje ekvivalente, dei har ulike roller. Agonisten står for ønska til individet og er lyststyrt, medan antagonist tykkjest å vera ei internalisering av eksterne sosiale verdiar. Antagonisten representerer ansvarskjensla vår og kan verka som blokkering eller drivkraft for ei handling. Talmy lanserer hypotesen om at ein kraftdynamisk, intersubjektiv opposisjon mellom sjølv og omgjevnadene til sjølv tykkjest å bli projisert over på det intrasubjektive planet (internalisert) og oppfatta som *ein motsetnad mellom delar av sjølv*. Den lyststyrte delen vert derfor oppfatta som sentral, og den blokkerande/pådrivande delen som perifer, sidan denne opphavelig var eksogen. Kraftmanifestasjonane til sansande individ vert i regelen handsama som resultat av underleggjande *psykologisk* kraftdynamikk. Dette i motsetnad til i ikkje-sansande fysiske entitetar, der kraftdynamiske eigenskapar vert tilskrivne naturlege *fysiske eigenskapar* ved entiteten sjølv. Her ser vi korleis dei tre sentrale omgrepsmetaforane for affektive lidingar heng saman: Kraftutøvinga er eit *innebygt aspekt* ved sansande så vel som ikkje-sansande fysiske entitetar, slik at AFFEKTIV LIDING ER KRAFT (6.3.1), AFFEKTIV LIDING ER INDIVID (6.3.2) og AFFEKTIV LIDING ER FYSISK OBJEKT (6.3.3) alle er koherente.

Talmy illustrerer skilnaden mellom korleis sansande og ikkje-sansande entitetar vert handsama, med følgjande døme:

- a) The new dam resisted the pressure of water against it.
- b) The man resisted the pressure of the crowd against him. (Talmy 2000, s. 433)

Dersom ein i døme b) hadde vurdert mannen ut frå dei fysiske eigenskapane hans, ville ein ha oppfatta han som ein svakare agonist, som ville ha blitt pressa vekk av mengda. Den

psykologiske komponenten vert vurdert som den faktoren ved mannen som gjer han til ein agonist som er sterkare enn folkemengda. Dette skjer ved at ein målorientert del av psyken hans overvinn ein kvileorientert del, slik at resultatet vert ei energiutfolding, ei motkraft til det sosiale presset frå mengda. Talmy viser til tre faktorar som er implisitte i analysen av den kraftdynamiske karakteren til psyken: 1) Ein grunnleggjande (kanskje den mest grunnleggjande) tilstand for den sentrale delen av psyken er *kvile*. Denne tendensen må overvinnast av ein meir perifer del av psyken for at ein skal utøva energi. 2) Språket er semantisk organisert slik at det fysiske aspektet av eit sansande individ er handsama som om det i utgangspunktet er inaktivt. Det er psyken som fyller kroppen med krafteigenskapar,<sup>48</sup> dvs. at psyken gjev liv til kroppen<sup>49</sup> (psykologisering av kroppen). 3) Kraftdynamikksystemet i språket er ikkje avgrensa til nokre få, enkle mønster, det er generativt. Han oppsummerer det slik:

(...) it appears that language ascribes to the psychophysical nature of sentient entities the following particular force-dynamic concatenation: A more peripheral part of the psyche overcomes a more central part's intrinsic repose to animate the otherwise inert physical component into overt force manifestation against a further external force entity. (Talmy 2000, s. 435)

I punkt 2) ovanfor skildra Talmy ei omgrepsdanning som psykologiserer kroppen. Komplementært til dette har vi ei omgrepsdanning der sinnet vert lekamleggjort. Han viser til at i dei fleste språk er uttrykk for situasjonar der patiens er involvert i reint fysiske interaksjonar, syntaktisk parallelle med uttrykk for situasjonar der patiens er viljestyrt. Begge er intransitive: "The drunk sailed out of the bar." vs. "The drunk went out of the bar.". Likeeins er uttrykk for situasjonar der nokon overtaler ein annan til å gjera noko, syntaktisk parallelle med uttrykk for situasjonar der nokon utøver fysiske krefter på ein annan. Begge er transitive: "They threw the drunk out of the bar." vs. "They sent the drunk out of the bar." (Talmy 2000, s. 459).

Det er ei tydeleg kopleing mellom psykisk og fysisk "overtaling": forhøyr vs. tortur. Tortur: ved å bruka fysisk makt kan ein "knekka" psyken. Forhøyr: ved å bruka psykisk makt kan ein "knekka" psyken. Ein kan "bryta saman under forhøyr" eller "bryta saman under tortur". Den syntaktiske konstruksjonen er lik i begge tilfella. Fransk *question* tyder både 'spørsmål' og 'avhøyr/tortur'. Psykiske påkjenningar kan på si side få *kroppen* til å "bryta saman": Ein kan svima av p.g.a. t.d. frykt for sprøytestikk.

---

<sup>48</sup> Jf. at *sjel* i Nynorskordboka vert definert som 'åndeleg kraft'. [www.dokpro.uio.no](http://www.dokpro.uio.no)

<sup>49</sup> Jf. at *anima, spirit, ånd* etc. alle opphaveleg tydde 'pust'. Å vera levande inneber å pusta. Dette ser vi døme på i 1. Mosebok 2, 7: "Og Herren Gud skapte mannen av mold frå marka og bles livsande inn i nasen hans, så mannen vart ein levande skapning."

#### **6.3.1.4 Freud og kraftdynamikksystemet**

Talmy trekkjer ein parallell mellom den lyststyrte delen av sjølvvet (typisk patiens/refleksivt, direkte objekt i setningskonstruksjonane) og Freud sitt id-omgrep, og mellom den delen av sjølvvet som er i konflikt med ønske og lyster (typisk agens/subjekt i dei syntaktiske konstruksjonane), og Freud sitt superego-omgrep. Den lyststyrte delen er djupt rotfesta i sjølvvet og inkluderer grunnleggjande ønske og lyster, medan den ansvarsstyrte delen oppstår som ei internalisering av sosiale verdiar. Desse er i stadig konflikt med kvarandre. Talmy spekulerer på om Freud utvikla desse omgrepa som følgje av teoretisering rundt allereie eksisterande omgrep i den semantiske og syntaktiske organiseringa i språket (Talmy 2000, s. 460), sjå drøfting i avsnitt 6.2.9, SINNET ER FLEIRE DISTINKTE INDIVID. Ein kan sjå på mani som ein tilstand der id har fått overtaket, og depresjon som ein tilstand der superego har fått overtaket. Samanlikn t.d. desse skildringane av høvesvis mani og depresjon:

Manikeren føler seg ofte omnipotent, og i tillegg til at han overvurderer seg selv, har han gjerne manglende skam- og skyldfølelse og benekter virkelig fare. (...) Enkelte kan sette overstyr penger og formue ved å kjøpe ny bil, dyr pels eller nytt hus.

Pasienten husker ofte ubetydelige feil eller forgåelser fra sitt tidligere liv, og oppdimensjonerer slike bagateller voldsomt. Han mener seg fortjent til straff og gir uttrykk for at han vil bli straffet. (Kringlen 1997, s. 302–3)

#### **6.3.1.5 Kraftdynamikksystemet sine avgrensingar**

Sjølv om kraftdynamikksystemet er blitt utvida til ulike felt, har det klart avgrensa rekkjevidd. Stort sett dreier det seg om følgjande: ei sterkare kraft som utøver kraft rett mot (180° på) ei svakare kraft, med anten–eller-resultat. Språklege avvik frå denne prototypen er sjeldne. Talmy hevdar at denne prototypen kan visa seg å vera ein viktig konseptuell modell i kognitiv utvikling og generell konseptuell organisering (Talmy 2000, s. 467). Det er dette Lakoff og Johnson (2003, s. 68–9) kallar *det paradigmatiske tilfellet av direkte årsaksforhold*:

Agens har som mål en tilstandsending hos patiens.

Tilstandsendingen er fysisk.

Agens har en "plan" for å nå dette målet.

Planen forutsetter at agens utfører visse fysiske manipulasjoner.

Agens har kontroll over disse fysiske manipulasjonene.

Agens er hovedansvarlig for å utføre planen.

Agens er energikilden (agens retter sin energi mot patiens),

og patiens er energiens mål (endingen i patiens skyldes en ytre energikilde).

Agens berører patiens enten med sin egen kropp eller et redskap (det agens gjør, overlapper i tid og rom endingen i patiens).

Agens lykkes i å gjennomføre planen.

Ending i patiens er merkbar.

Agens overvåker endingen i patiens gjennom sansning.

Det er én bestemt agens og én bestemt patiens. (ibid., 2003, s. 69)

Lakoff og Johnson hevdar at årsaksforhold er ei form for erfaringsgestalt, eit heile som vi vurderer som meir grunnleggjande enn dei "underliggjande" delane. For oss er t.d.



resultanten mykje meir sentral enn dei ulike vektorkreftene, rett og slett fordi det er den vi kan *observera direkte*.

### 6.3.1.6 Affektiv lidning som kraft

Overført til våre døme, henta frå tekstane om affektive lidningar, vert då *personen* å oppfatta som agonisten og *den affektive lidinga* som antagonisten. Personen er direkte objekt i aktivkonstruksjonar eller subjekt i passivkonstruksjonar (patiens), og den affektive lidinga er agens. Dette fordi det er personen som er i fokus, og den affektive lidinga vert vurdert ut ifrå kva effekt ho har på personen. (Jamfør Talmy, som viser at den sentrale delen av sjølvet ("id") er agonist og typisk patiens/refleksivt, direkte objekt i setningskonstruksjonane, sjå over.) Døme: "Den alvorlig deprimerte **preges** av nedsatt stemningsleie" (K). Ofte er det underforstått at ein agens har påverka patiens (her i form av nedtrykking og oppløfting), antagonisten er ikkje nemnd: "Ved de bipolare former veksler stemningen, slik at vedkommende i en periode kan være **dypt deprimert**" (R). I dei aller fleste døma utøver antagonisten (den affektive lidinga) ei større motkraft på agonisten (personen) enn omvendt, slik at agonisten anten vert sett i rørsle eller stoppar opp. Jf. desse døma: "For hvis man begynner å tro at verden er så mørk og meningsløs som den synes å være når man er **deprimert**, så **fortsetter man bare nedover**." (R) og "Pasienten **glir** inn i en tilstand" (K).

Dette gjev konnotasjonar om at personen er svak og ikkje greier å stå imot desse kreftene. Andre, "friske", personar greier å yta nok motstand, kjempa imot skadelege motkrefter. AFFEKTIV LIDNING ER KRAFT heng nøye saman med omgrepsmetaforen PSYKISK HELSE ER STABILITET/STYRKE (6.2.7.1). "Å vera ustabil", "ikkje sterk", "ha svake nerver" er ikkje uvanlege synonym for det å vera psykisk sjuk. KJENSLE ER KRAFT er truleg den mest sentrale metaforen for domenet emosjonar, jf. Kövecses (2000, s. 61). Det er derfor ikkje unaturleg at kjeldedomenet kraft også vert mykje nytta om psykopatologi. Bakgrunnen for metaforen er truleg metonymien EFFEKT FOR ÅRSAK.

Dei fysiologiske mekanismane som trer i kraft ved emosjonar, er funksjonar som ikkje er viljestyrte, og som stammar frå den tidlegaste perioden av mennesket si historie. Dersom ein av forfedrane våre støyte på eit farleg rovdyr, måtte kroppen mobilisera umiddelbart for å kunna flykta eller kjempa. Endringar i blodtrykk, puls etc. kan opplevast som at krefter verkar på eller i kroppen utan at vi kan kontrollera det. I våre dagar er ikkje dette reaksjonsmønsteret alltid like gunstig. For ein som t.d. er livredd for å halda ein tale, vil fryktaktiveringa kunna verka sterkt negativt inn på prestasjonen. Dei primitive delane av hjernen tek over, og resten av hjernen vert meir eller mindre "kopla ut", personen kan oppleve "jamteppe". Dette kan vera noko av forklaringa på kvifor vi i vår kultur er så opptekne av å halda kjensler under kontroll. Idealet er å vera rasjonell og beherska, då er ein mest produktiv. Det å "la kjenslene springa av garde med ein", at emosjonane tek styringa

over intellektet, er sett på som noko skamfullt. Ulike kjensler fører til ulik åtferd, og ofte er denne åtferda sett på som korkje ønskjeleg eller konstruktiv. Å vera psykisk "stabil" er eit kjenneteikn på psykisk helse, dvs. at ein greier å stå imot krefter som verkar på ein. Merk at affektive lidningar kan bli framstilte som både objekt og individ. Dermed blir dei oppfatta på ulike måtar, kraftdynamisk sett. Som nemnt ovanfor vert kraftmanifestasjonane til sansande individ i regelen handsama som resultat av underliggjande psykologisk kraftdynamikk, og kraftmanifestasjonane til ikkje-sansande fysiske entitetar vert tilskrivne naturlege fysiske eigenskapar ved entiteten sjølv.

**Tabell 9: Affektiv lidning er fysisk kraft**

Kjeldedomene	Måldomene	Funn i tekstane
<b>fysisk kraft</b>	<b>affektiv lidning</b>	
retning	symptomtype	" <b>Senket</b> stemningsleie" (R) "deprimert" (K)
entitet som krafta verkar på	person med affektiv lidning	"Den <b>deprimerte</b> " (K)
intensitet/styrke	alvorlegheitsgrad	"Angsten og uroen kan være ganske <b>sterkt</b> markert, og vi taler i tilfeller hvor disse symptomene er meget <b>sterke</b> om agitert melankoli." (R) "Utslagene her er ikke <b>kraftige</b> nok til at diagnosene hypomani eller depressiv episode kan anvendes." (K)
veksling i intensitet/styrke/retning (rytme/utslag/svinging)	korleis den affektive lidninga ter seg over tid	"Ved de bipolare former veksler stemningen, slik at vedkommende i en periode kan være <b>dypt deprimert</b> , for kanskje i en etterfølgende fase å ha et <b>forhøyet</b> stemningsleie med økt aktivitetstrang." (R) "Rapid <b>cycling</b> " <sup>50</sup> (N)
entitet vert sett i rørsle av kraft	psykiske endringar/uro	"det <b>går</b> over streken." (R) "Pasienten <b>glir</b> inn i en tilstand" (K) "Man kan også si eller gjøre ting som man normalt ikke ville gjort, som i ettertid kan <b>føre</b> til skyldfølelse" (N)
entitet vert endra av kraft	kjenneteikn ved affektiv lidning	"Den alvorlig deprimerte <b>preges</b> av nedsatt stemningsleie" (K)
kraftreservoar	mani	"Også manier kan være " <b>brennstoff</b> " til depresjoner" (N)
krafta hindrar/vanskeleggjer rørsle for entiteten, motkraft	opplevd redusert energi ved affektiv lidning	"alt fortøner seg <b>tungt</b> og gledesløst." (R)
spenning	otte/angst	"Aktiviteten tar sikte på å oppheve den indre <b>spenningen</b> " (K)

<sup>50</sup> Rapid cycling: raske svingingar ved bipolar lidning, definert som minst fire distinkte sjukdomsepisodar i løpet av eitt år (Malt, Retterstøl og Dahl, 2003, s. 305).

<b>kinetisk energi</b>		
straum i væske	manisk snakking	"I løpet av natta blir pasienten hyperaktiv med tankeflukt og en voldsom ord <b>flom</b> , samtidig som han er manipulerende og seksuelt provoserende (manisk)." (K)

### ***"Det maniske anfall kan begynne snikende" (K)***

## **6.3.2 AFFEKTIV LIDING ER INDIVID**

### **6.3.2.1 Affektive lidingar som individ**

Omgrepsmetaforen AFFEKTIVE LIDINGAR ER INDIVID finn vi språklege døme på i alle tekstane, særleg hjå Kringlen. Dette er ei undergruppe av ontologiske metaforar. Dei ontologiske metaforane strukturerer måldomenet *abstrakt eksistens* ut frå kjeldedomenet *konkret eksistens* (gjenstandar og stoff). Denne generelle metaforen er her nærare spesifisert ved at kjeldedomenet er *eit individ*. Metaforar der noko abstrakt vert framstilt som eit levande vesen, er eit velkjent språkleg verkemiddel. Ein menneskeleggjer abstrakte fenomen ved å omtala abstrakte fenomen som individ som kan handla, kommunisera, interagera med andre osv. Vi har rik kunnskap om menneske og dyr (og korleis vi samhandlar med dei), og den vert nytta for å strukturera måldomenet psykiske lidingar. Vi forstår dei abstrakte fenomena ut ifrå oss sjølve. Slik kan vi finna meining i det som verkar vilkårleg og uforståeleg (Lakoff og Johnson 2003, s. 35). Mange av dei språklege metaforane har ein metonymisk basis, t.d.: "tilstanden kan **få** uheldige sosiale konsekvenser." (K). Her finn vi metonymien ÅRSÅK FOR VERKNAD, *pasienten si åttferd som følgje av den psykiske lidinga* får konsekvensar. Eller denne: "antipsykotika som svært ofte brukes til **behandling av** bl.a. bipolar lidelse." (N). Det er *pasienten* som vert behandla, ikkje sjukdommen. Å *behandla* tyder 'å kurera/gjera frisk'. Her har vi metonymien SJUKDOMMEN FOR DEN SJUKE, ei undergruppe av PÅVERKNAD FOR DEN PÅVERKA. Det er ikkje alltid mogeleg å avgjera om det er eit menneske eller dyr det er snakk om i desse uttrykka. Jamfør følgjande døme: "Det er også tilfeller der de depressive symptomene ikke **viser seg** så godt" (R), "Det maniske anfall kan begynne **snikende**" (K) og "Under mani oppfatter jeg det sånn at en hypomani **har gått** inn i noe enda dypere." (N).

#### 6.3.2.1.1 Kva slags "individ"?

Både menneske og dyr kan syna seg, snika eller gå. Det er ikkje avgjerande for forståinga av metaforen at ein veit kva art det er snakk om; poenget at det dreier seg om eit levande, rørleg og viljestyrt vesen. Derfor har eg heller ikkje konkludert med at det utelukkande er snakk om å tillegga eit abstrakt fenomen *menneskelege* eigenskapar (personifisering), sjølv

om dei aller fleste døma kan tolkast slik. Eit unntak er dette dømet: "Mi erfaring med rapid cycling e at det **suge livet ut av deg** på null komma niks" (N). I uttrykket *suga livet ut av* finn vi ein metonymi der liv står for blod, og verknad for årsak. Dersom ein vert tappa for nok blod, misser ein livet. Det å suga blodet ut av nokon er ikkje noko ein assosierer med menneskeleg åtferd, heller med åtferda til somme typar rovdyr, parasittar eller vampyrar. Ei mogleg tolking av kjeldedomenet i denne metaforen er at det dreier seg om eit overnaturlig vesen. Omgrepsmetaforen PSYKISKE VANSKAR ER DEMONAR SOM INVADERER KROPPEN er stadig i bruk, jf. klisjeen *indre demonar*. Denne metaforen byggjer på primitive, men seigliva teoriar: Den tidlegaste forklaringsmodellen for psykiske og somatiske lidningar var at overnaturlige krefter verka på og i kroppen. Bortsett frå perioden frå dei tidlege greske legane (som Hippokrates) og fram til Romarriket gjekk under (ca. 400 f. Kr. til 400 e. Kr.), var teorien om overnaturlige fenomen dominerande heilt fram til 1700-talet (Hergenhahn 2001, s. 432). Dette synet oppstod slik:<sup>51</sup>

Primitive humans, then, saw most illness as caused by evil forces or spirits entering the body. This view of illness was simply an extension of how primitive people viewed everything:

Wind was destructive; hence he [the primitive human] assumed an angry being who blew it to attack him. Rain was sent by spirits to reward or punish him. Disease was an affliction sent by invisible superhuman beings or was the result of magic manipulations by his enemies. He animated the world around him by attributing to natural events the human motivations that he knew so well from his own subjective experiences. Thus it was logical to him to try to influence natural events by the same methods he used to influence human beings; incantation, prayer, threats, submission, bribery, punishment and atonement. (Alexander og Selesnick 1966, s. 9) (Hergenhahn 2001, s. 434)

Dette synet på psykiske lidningar eksisterer framleis i somme miljø i samfunnet vårt. I 2008 kunne Aftenposten avsløra at den katolske kyrkja i Noreg hadde tilsett ein eigen eksorsist som skulle hjelpa demonbesette nordmenn.<sup>52</sup> Også i somme miljø tilknytte statskyrkja vår vert det praktisert eksorsisme, jf. m.a. BT-artikkelen *Frykt for demonutdrivere i Os*<sup>53</sup> og Bratlund (2010). Jamfør dette med det å be til Gud for at nokon skal bli friske (psykisk eller somatisk) og bruk av *force majeure* (eig. 'større makt') som inkluderer "Acts of God, such as tornadoes and hurricanes".<sup>54</sup>

### 6.3.2.2 Motivering av metaforen

Kva set metaforen AFFEKTIVE LIDINGAR ER INDIVID fokus på, og kva løyner han? Ved å nytta omgrepsmetaforen AFFEKTIVE LIDINGAR ER INDIVID framstiller ein dei psykiske vanskane som eit sjølvstendig, viljestyrt vesen som interagerer med personen. Personen vert altså vurdert som skild frå den psykiske lidinga, og eit passivt "offer" for den andre.

<sup>51</sup> Dei to første linjene i sitatet er Hergenhahn sine, resten har han henta frå Alexander og Selesnick.

<sup>52</sup> <http://www.aftenposten.no/nyheter/iriks/article2479668.ece>

<sup>53</sup> <http://www.bt.no/nyheter/lokalt/Frykt-for-demonutdrivere-i-Os-1041983.html>

<sup>54</sup> <http://financial-dictionary.thefreedictionary.com/force+majeure>

Metaforen er eit avslørande døme på korleis mennesket handterer utrivelege sanningar. Alexander og Selesnick (1966) seier det slik:

(...) man has a deep disinclination to understand the disturbances of his behavior in terms of psychology. He undoubtedly shuns the responsibility which results from such understanding and is ready to blame the spirits, the devil, or even mystical fluids in his body<sup>55</sup> for his abnormal behavior instead of recognizing that it is the result of his own feelings, strivings, and inner conflicts. (Alexander og Selesnick 1966, s. 13) (min fotnote).

Alexander og Selesnick peikar på at menneska sin motvilje mot "å gå i seg sjølv" har gjeve seg utslag t.d. i at vitskapane psykiatri og psykologi oppstod så seint. Vitskapen byrja med det som er lengst frå oss, stjernene, skildra deretter kroppen og sist det som er oss nærast: vår eigen personlegdom. Vidare kan motviljen forklara paradokset med samanfallet mellom renessansen og hekseprosessane: ein valdeleg reaksjon mot den nye psykologiske innsikta den nye vitskapen førte med seg. I vår tid er demonane erstatta med ein *deus ex machina*: hjernekjemi. Den komplekse vekselverknaden mellom hjernen og psyken vert underslått, og "ansvaret" for psykiske problem vert tillagt kjemiske ubalansar i hjernen. Psykiatri vert redusert til somatikk og eit spørsmål om rett medisinerings (Alexander og Selesnick 1966, s. 12–14).

### 6.3.2.3 Implikasjonane av metaforen

Metaforen AFFEKTIVE LIDINGAR ER INDIVID er koherent med AFFEKTIV LIDING ER FYSISK KRAFT (6.3.1). Krafta som verkar på personen, kan vera utøvd av eit anna individ, t.d. ved at individet kan løfta opp eller trykkja ned personen. Det er også koherens med EFFEKT PÅ SINNET ER KONTAKT MED KROPPEN (6.2.3), som i dømet med at *rapid cycling* "syg livet ut av" personen. Det metaforen løyner, er som sagt at det er *personen sjølv* som t.d. utviser avvikande åtferd, og at psykiske problem er noko som til sjuande og sist oppstår endogent. Personen vert framstilt som heilt passiv, ein "isolerer" lidinga frå personen. Individet er ofte ikkje nemnt i det heile i desse døma, berre underforstått (jf. tabell under). Kanskje er det derfor Kringlen er den som nyttar dette mest, sidan han har skrive den teksten som er mest vitskapeleg i sjanger. Nominalisering er eit sentralt drag ved vitskapelege tekstar. Prosessar og tilstandar vert typisk endra frå verb/adjektiv til substantiv og kan dermed fungera som subjekt i setningar som: "siden agitasjonen oftast **reagerer på nevroleptika**" (K). Vi ser i dette dømet korleis personen med affektiv liding er fråverande i setninga, sjølv om det faktisk er hans kropp og sinn som reagerer på det systemiske medikamentet, og hans åtferd som vert endra som følgje av dette. Dette er ei metonymisk overføring motivert av at ein fokuserer på det mest iaugefallande ved personen i den gjevne situasjonen, den agiterte åtferda. Åtferda vert gjord til ein entitet som vert tillagd menneskelege eigenskapar og "erstattar"

---

<sup>55</sup> Humoralpatologi og temperamentslæra.

personen som subjekt i dei syntaktiske konstruksjonane. Som her: "Klinisk kan situasjonen **ytre seg slik**" (K).

#### 6.3.2.4 Drøfting av døme frå teksten

I dømet "Den depressive **straffer** ikke bare seg selv, men også omgivelsene ved sin **klamrende hjelpeløse** tristhet" (K), finn vi for det første at emosjonen (tristheit) vert personifisert og tillagd eigenskapar og handlingar. (Termen *hjelpelaus* drøftar eg i avsnittet SINNET ER FLEIRE DISTINKTE INDIVID.) Termen *klamrande* er basert på det durative verbet *å klamre seg*. Pasienten sin hjelpelause og klamrande ('klamrande' som metafor for 'usjølvtendig') veremåte vert metonymisk overført til det mest iaugefallande ved pasienten, at han er trist. Dette kan vera ei form for eufemisme. Å skildra ein pasient som klamrande og hjelpelaus er ei subjektiv verdivurdering og gjev konnotasjonar om at pasienten oppfører seg som eit lite barn. Ved å overføra desse skildringane til tristheita oppnår ein to ting: Tristheita vert oppfatta som årsaka til åtferda (klamringa og hjelpeløysa vert tillagde tristheita), og pasienten vert skild frå tilstanden, jf. TILSTAND ER EIGEDOM. Alternativt kunne ein sagt at "pasienten er klamrande og hjelpelaus", og slik forklart åtferda som eit personlegdomsdrag. Ei liknande kausalitetsoppfatning finn vi i første del av setninga, der Kringlen hevdar at "den depressive straffer ikke bare seg selv, men også omgivelsene". Omgjevnadene opplever effekten av åtferda til pasienten (som igjen er ein effekt av tilstanden hans) som at pasienten *straffar* dei. Åtferda kan bli assosiert med avvising og straffing av andre m.a. ved at pasienten ikkje er i stand til å sjå på eller snakka med den andre og manglar mimikk. I tillegg tolkar dei tilstanden og åtferda til pasienten som at han også straffar seg sjølv. Her er det tale om ein EFFEKT FOR ÅRSAK-metonymi.

Forklaringsmodellen som ser ut til å liggja til grunn for Kringlen si formulering, er teleologisk, fordi ein går ut ifrå at pasienten sin tilstand og åtferda som tilstanden medfører, er meir eller mindre medvitne strategiar for å nå eit mål, nemleg avstraffing. Straff er i utgangspunktet gjengjeld for misgjerning eller brotsverk. Åtferda til deprimerte kan kanskje bli assosiert med åtferda til menneske som har forbrote seg og angrar djupt, kanskje med ein reaktiv<sup>56</sup> depresjon som konsekvens. Men depresjonane det er tale om her, er ikkje *utløyste* av at pasienten har gjort noko gale, objektivt sett. Tvert om kan *tilstanden* utløysa ei massiv og generalisert skuldkjensle. Som i dette dømet frå Retterstøl: "[V]edkommende føler han har gjort allverdens gale ting. Han gir seg selv skylden for det meste av det som er gått galt i verden, av kriger, ulykker eller katastrofer." (R). Og liknande hos Kringlen: "Pasienten husker

<sup>56</sup> Reaktiv vs. endogen: gamalt skilje, no forkasta, men eg nyttar det fordi det kan finnast spor av det i tekstane. *Reaktiv* refererer til ein forbigåande depresjon forårsaka av eit psykotraume/ytre traume ("stressutløyst"), der karakteren og innhaldet til traumet vil vera patoplastisk (sjukdomsformande) for tilstanden. Depresjon er som andre psykiske forstyrringar ein kombinasjon av predisposisjon og miljøfaktorar/utløysande årsaker. Slik eg oppfattar det, er det eit reaktiv – endogen-kontinuum, der endepunktet for reaktiv depresjon er posttraumatisk stressyndrom.

ofte ubetydelige feil eller forgåelser fra sitt tidligere liv, og oppdimensjonerer slike bagateller voldsomt. Han mener seg fortjent til straff og gir uttrykk for at han vil bli straffet.” (K).

Kringlen ser i denne setninga (”Den depressive **straffer** ikke bare seg selv, men også omgivelsene ...”) ut til å kombinera dei psykodynamiske teoriene til Freud og Bonime. Freud hevdar at *tap* er det sentrale både ved sorg og depresjon, men at ved depresjon vert sinne, aggresjon og fiendskap retta innover mot ego i staden for utover mot det tapte objektet som har ”svikta” ego (Malt, Retterstøl og Dahl 2003, s. 315). Bonime på si side hevdar at den depressive ikkje vender aggresjonen innover, men tvert om er svært hatefull overfor omgjevnadene. Depresjonen er ein meningsfull, føremålsretta aktivitet, ei form for interpersonell manipulasjon. Den depressive har dermed reell grunn til å kjenna skuld (Kringlen 1997, s. 316). All denne omgrepsmessige forvirringa kan skuldast at *depresjon* er ein term som vert nytta om så mange ulike tilstandar: unipolar, bipolar, melankolsk, psykotisk, sesongavhengig, komorbid, reaktiv etc. Til dømes kan personlegdomsdrag og personlegdomspatologi ha store innverknader på forløpet og arten av depresjon, jf. Schatzberg, Stein og Kupfer (2006, s. 683). Sjå også diskusjon i avsnitt 6.2.7.3.

**Tabell 10: Affektiv liding er individ**

Kjeldedomene	Måldomene	Døme frå tekstane
<b>individ</b>	<b>affektiv liding</b>	
heimen til individet	sjukdomskategorien til lidinga	”Det hører imidlertid <b>hjemme</b> i den samme formkretsen.” (R)
sambuar, del av huslyd	kronisk/tilbakevendande affektiv liding	”Bipolar lidelse er <b>å leve med</b> defekte bremser” (N)
reisefelage	komorbiditet, symptom	”depresjoner som er <b>ledsaget</b> av sinnssykelige symptom.” (R) ”angsten kan <b>ledsages</b> av svette, palpitasjoner eller hurtig puls.” (K)
syna seg	tydelege symptom	”Det er også tilfeller der de depressive symptomene ikke <b>viser seg</b> så godt” (R)
mild	mindre alvorleg	”Begge systemer inkluderer <b>milde</b> , men vedvarede forstyrrelser” (K)
snika (seg)	utvikla seg gradvis	”Det maniske anfall kan begynne <b>snikende</b> ” (K)
få/eiga noko	bli tilskrive noko	”På grunn av pasientens nedsatte selvkritikk kan tilstanden <b>få</b> uheldige sosiale konsekvenser.” (K)
snakka	arta/ovra seg	”Klinisk kan situasjonen <b>ytre seg</b> slik” (K)
stå	vera ein del av	”Sentralt i depresjonen <b>står</b> den deprimertes lave selvfølelse.” (K)
gå	endra karakter	”I de maniske faser vil pasienten være oppstemt, rastløs, svært aktiv og også meget effektiv, inntil det <b>går</b> over streken.” (R) ”Under mani oppfatter jeg det sånn at en hypomani har <b>gått</b> inn i noe enda dypere.” (N)

åtfærd/tilstand	effekten den affektive lidinga/symptoma (årsaka til åtfærd) har på personen	" <b>sinnsykelige</b> symptomer" (R) "hypomane symptomer" (K) "Aktiviteten <b>tar sikte på</b> å oppheve den indre spenningen. (...) <b>agitert</b> depresjon (...) Den depressive straffer ikke bare seg selv, men også omgivelsene ved sin <b>klamrende hjelpeløse tristhet</b> " (K)
(kroppen) reagerer på systemiske lækjemiddel	symptoma/lidanga reagerer på systemiske lækjemiddel	"siden agitasjonen oftest <b>reagerer på nevroleptika.</b> " (K) "Hvis du går på stemningsstabiliserende, så kan det være at du går på antipsykotika som svært ofte brukes til <b>behandling av</b> bl.a bipolar lidelse." (N)
individ kjem (attente)	tilbakefall/ny episode av affektiv lidung	"Depresjonen kan imidlertid <b>komme tilbake</b> " (R) "kategorier for <b>tilbakevendende</b> (periodevise) episoder." (K)
herskar	affektiv lidung/symptom	"Tristheten <b>dominerer</b> stort sett hele døgnet" (R)
fiende		"Søvnforstyrrelser." (R) "Enkelte pasienter blir i melankolsk fase svært pirkete og nøyaktige og kan være plaget av <b>tvangstanker</b> og lettere vaskemani./Det maniske <b>anfall</b> " (K) "Mi erfaring med rapid cycling e at det <b>suge livet ut av deg</b> på null komma niks" (N)

**"Lettere depresjoner er betydelig mer utbredt." (R)**

### 6.3.3 AFFEKTIV LIDUNG ER FYSISK OBJEKT

#### 6.3.3.1 Affektive lidungar som fysiske objekt

AFFEKTIVE LIDUNGAR ER FYSISKE OBJEKT er ein omgrepsmetafor som høyrer inn under den ontologiske hovudmetaforen ABSTRAKT EKSISTENS ER FYSISK EKSISTENS. Når affektive lidungar vert omtalte som fysiske gjenstandar, er det mogeleg å samanlikna dei ulike manifestasjonane av desse lidungane ved å samanlikna fysiske eigenskapar som t.d. storleik, utbreiing, form og vekt. Dermed kan vi nytta den rike kunnskapen vi har om fysiske gjenstandar, til å skildra affektive lidungar på ein lettfatteleg måte.

#### 6.3.3.2 Vekta og storleiken til depresjonar

I dømet "**Lettere** depresjoner er betydelig mer **utbredt.**" finn vi t.d. at fenomenet depresjon er tillagt eigenskapar som vekt og romleg utbreiing. Dersom noko har stor utbreiing, dekkjer det ei stor flate. Ei befolkning kan oppfatast i form av individ spreidde ut over eit geografisk areal. Dersom eit fenomen er "utbreidd", kan det "rekkja over" relativt mange av desse individa. Vi erfarer også tidleg at vekt er proporsjonal med mengd, og dermed forstår vi at ein



*lett* depresjon inneber færre plager enn ein *tung* depresjon. (Jf. uttrykket *tung psykiatri*.) I tillegg har vi omgrepsmetaforen VIKTIG<sup>57</sup> ER TUNG. Retterstøl skriv: "Den **viktigste** gruppen stemningslidelser kaller vi manisk-depressiv lidelse. Der kan depresjonen være ganske **stor** og alvorlig" (R). Storleik er i hovudsak proporsjonal med mengd, og dermed også med vekt, som i sitatet: "de relativt **lette** depresjoner som de fleste av oss vil føle at vi har fra tid til annen" (R). Retterstøl sin bruk av termen *viktig* refererer her til den forma for depresjon som er tyngst, størst og mest alvorleg – *for individet*. Dei lettare depresjonane, som ein kan hevda er eit større problem *for samfunnet* – fordi dei råkar så mange – er mindre "viktige". Jamfør Jostmann, Lakens og Schubert (2009), som har utført fire ulike studiar som syner at det abstrakte omgrepet 'viktig' er basert på kroppslege erfaringar med vekt (også omtalt i avsnitt 2.3.7): "The conceptualization of importance is grounded in bodily experiences of weight." (Jostmann, Lakens og Schubert 2009, s. 1169). Dei konkluderer med følgjande: "Gravitational pull not only shapes people's bodies and behavior, but even influences their very thoughts." (ibid., s. 1173).

### **6.3.3.3 Relativitet**

Den ontologiske tinglegginga og kategoriseringa av psykiske tilstandar inneber at fokuset ligg på korleis fenomena forhold seg til kvarandre, på kategoriar, namn og andre eigenskapar, ikkje på fenomena i seg sjølve. Det er ei underforstått samanlikning mellom det aktuelle fenomenet og andre fenomen. Uttrykket *ein lett depresjon* gjev berre meaning dersom ein føreset andre typar depresjon som er relativt tyngre. Det implisitte i samanlikninga er problematisk fordi det ikkje vert presisert kva ein samanliknar med. Dette gjev rom for misforståingar og ulike tolkingar. Jamfør dette sitatet frå Yes Minister: "I (...) remarked that this Europass thing is the worst disaster to befall the government since I was made a member of the cabinet." (Lynn og Jay 2006, s. 121). Ministeren samanliknar denne saka implisitt med andre katastrofar som har skjedd *før* han vart minister. Dei andre oppfattar at katastrofen eksplisitt vert samanlikna med ministeren si utnemning, som dei tykte *var* ein katastrofe.

### **6.3.3.4 Forma til psykiske lidningar**

Å omtala eit abstrakt fenomen som eit fysisk objekt inneber m.a. å tillegga det *ei form*. St. Clair hevdar at formmetaforen er heilt sentral innan vestleg epistemologi:

It constitutes centuries of epistemological scripts. In its antecedent form it appeared as the Involution and Evolution of Spirit, a metaphor upon which all Western religion is based, a metaphor the [sic] provides the rationale for metaphysics, and the occult, a metaphor of Jungian archetypes. The Metaphor of Form sustains the Platonic World of Ideal Forms, the Augustinian City of God versus the City of Man, the Structuralism of

---

<sup>57</sup> Opphavelig same ord som *vektig*.

Ferdinand de Saussure, the Transformational Grammar of Noam Chomsky, the Semiotics of Film, Art, Music, Dance, and Language. It is the basis for visual metaphor, visual literacy, and the interpretation of art throughout history. The only other metaphor that claims such a wide distribution and acceptance as the foundation of a dominant Zeitgeist can be found in the Metaphor of Path in Eastern culture (Campbell, 1988, 1990)<sup>58</sup>.

There is a handful of scholars who are fully aware of the limitations of this metaphor and its epistemological implications. They are commonly referred to as **existentialists** or **phenomenologists**. What they have in common is the realization that this Metaphor of Form is not (...) about things, but about relationships between things. It is about labels, names, and other attributes and other forms of predication and never about substance or about the essence, which underlies such substance. It is a metaphor that systematically avoids the more profound philosophical questions of being and essence. (St. Clair 2002, s. 267–8) (min fotnote)

Vi finn formmetaforen hjå Retterstøl, som skriv: "Det er mange **former** for depresjon. (...) Depresjon kan forekomme i alle **former**". Dersom det er rett at depresjon verkeleg kan opptre i *alle former*, er vel definisjonen av termen for vid? (Sjå drøfting i avsnitt 6.2.7.3.) Kringlen nyttar ikkje formmetaforen, han formulerer seg m.a. slik: "Noen ganger kan tilstanden ha preg av (...) I ekstreme tilfeller (...) I mer sjeldne tilfeller (...) et blandet manisk-depressivt bilde". I nettdiskusjonen finn vi uttrykka *undergrupper* og *variantar*, men ikkje *form*.

Problemet som oppstår når ein tillegg eit abstrakt fenomen ei form, er at denne "forma" er vanskeleg å definera. Korleis kan ein identifisera og klassifisera ei abstrakt "form"? Kva gjeld som ei distinkt form? Korleis kan stemningslidingar ha ei stabil, gjenkjenneleg form, når dei samtidig er definerte som svingningar, endringar, fasar og utslag, altså dynamiske prosessar? Sjå t.d. desse døma frå nettdiskusjonen: "Har prøvd i årenes løp å summere opp hvor mange **faser** det er i bipolar, men har gitt opp det (...) de forskjellige **stadiene** i bipolar lidelse (...) Mi erfaring me rapid cycling e at det suger livet ut av deg på null komma niks, null peiling på kordan neste time kan bli (...) Bipolar lidelse er plagsomt **svingende** stemningsleie". Formmetaforen gjev konnotasjonar om eit uforanderleg objekt, noko statisk og permanent, og løyner det dynamiske og labile aspektet ved stemningslidingar. Han løyner også at heller ikkje for den einskilde pasienten er forløpet av stemningslidinga føreseieleg. Som vi ser av døma frå nettdiskusjonen, er sjukdommen heilt uføreseibar for personen sjølv.

Metaforen AFFEKTIVE LIDINGAR ER FYSISKE OBJEKT gjev ei forståeleg og rik strukturering av måldomenet, fordi vi har så stor kunnskap om kjeldedomenet til metaforen; fysiske gjenstandar. Det er ikkje lett å skildra eller eksplisitt samanlikna psykiske lidingar utan å ty til denne omgrepsmetaforen. (Prøv sjølv!) Lauveng viser korleis formmetaforen likevel kan verka negativt i det psykiatriske fagfeltet:

Og skal man få til et skikkelig samarbeid, så må man forbi beskrivelsene og diagnosene og inn på forståelse og ressurser og livssituasjon. For et symptom er alltid nettopp det, et symptom *på* noe, noe annet, og ikke en sykdom i seg selv. Og det er

---

<sup>58</sup> Sitert i teksten til St. Clair

kan hende den største faren med en diagnose. Den blir så lett sirkulær, og skjuler så lett det viktige. (...) en beskrivelse kan i seg selv aldri gi forståelse. Til det trengs dypere kunnskap. Min forståelse, nå etterpå, er at min tilstand, min sykdom, påvirket *formen* tankene og følelsene mine ble uttrykt i, men ikke *innholdet*. (...) Det som skremmer meg mest ved disse "sannhetssetningene"<sup>59</sup> er at de konsentrerer seg så kraftig om formen, det ytre observerbare og beskrivbare, at det blir liten plass igjen til innholdet. De blir så opptatte av å beskrive at det blir liten plass til å forstå. (Lauveng 2005, s. 134–5) (min fotnote)

Jamfør også Nietzsche:

Det har gitt meg store problemer, og gjør det fremdeles, at det er langt viktigere hva tingene *kalles* enn hva de *er*. Rykte, navn og utseende blir tingens vanlige mål og vekt – og de er nesten alltid gale og vilkårlige, som om de er kastet rundt tingen som et klesplagg av fremmed natur, fremmed for deres egen hud – alt det som sies om noe, vokser fra generasjon til generasjon bare fordi folk tror på det, til det gradvis vokser *inn* i tingen og til sist blir *tingens egen kropp*. Det som først var utseende, blir til slutt nesten alltid tingens *vesen* og fungerer som det. (Nietzsche i Eriksen 2000, s. 141)

Omgrepsmetaforen AFFEKTIVE LIDINGAR ER FYSISKE OBJEKT framhevar at måldomenet er intrasubjektive tilstandar som i motsetnad til emosjonar er langvarige og til dels kroniske. Han løyner at affektive lidingar i motsetnad til fysiske objekt er prosessar.

### 6.3.3.5 *Forklaring vs. skildring av psykiske lidingar*

Nietzsche kritiserte vitenskapen sitt krav på å kunna *forklara* verda: "Vi kaller det "forklaring", men det er "beskrivelse" som skiller oss fra tidligere stadier av kunnskap og vitenskap. Vi **beskriver** bedre – vi **forklarer** like lite som de som kom før oss." (Gane og Chan 1998, s. 59). Ta fagfeltet astrofysikk som døme. Trass i den rike kunnskapen som er oppnådd på dette feltet, er ingen i nærleiken av å kunna forklara *kvifor* universet finst, eller korleis det vart til. Dette gjeld også for psykiatri – ein kan ikkje forklara *kvifor* psykisk sjukdom oppstår, eller *kva* det er.

### 6.3.3.6 *Psykiske problem er bærer*

Eit hyponym til AFFEKTIVE LIDINGAR ER FYSISKE OBJEKT er AFFEKTIVE LIDINGAR ER BØRER. Dette har ført til metaforiske uttrykk som dømet frå nettdiskusjonen, der betring i psykisk tilstand vert samanlikna med å hiva av seg ein sekk: "Det var **litt**<sup>60</sup> den følelsen jeg har hatt etter å ha kastet av meg en tung **ryggsekk** som har hengt på ryggen en hel dag." (N). Her har vi ein metonymisk basert metafor der effekt står for årsak, og effekten er blitt metaforisk utvida. Den karakteristiske lutande kroppshaldninga som menneske med

<sup>59</sup> A. hører røyster (og har andre symptom). Då er A. schizofren. Kvifor hører A. røyster? Fordi A. er schizofren.

<sup>60</sup> Merk at ytringa kan tolkast som ein simile. I kognitiv semantikk vert metafor og simile ofte handsama under eitt (men jf. Croft og Cruse (2004), s. 211-6). Truleg er det dei same mekanismene som er verksame i metafor og simile. Ved simile er det meir eksplisitt metaforbruk, ei flagging av metafor. Goatly (1997) kallar dette for hedges(heilgarderingar), downtoners(demparar, modererarar) og minimizers, sjå Goatly s. 176.

depresjon har, kan gje assosiasjonar om at dei ber på tunge, men usynlege bærer. Den som ber ei tung bær, er *hemma* av bæra si. Vekta av bæra trykkjer oss ned og gjer det vanskeleg å stå oppreist, vi vert krumbøygde, *nedtrykte*. Dess tyngre bær, dess alvorlegare depresjon. Blir bæra for tung, greier vi ikkje å stå oppreiste, vi knear og greier ikkje reisa oss att, vi *bryt saman*. Jf. Nynorskordboka, som fører opp *hugtung* som synonym til *nedtrykt*. I tillegg kan bruken av ryggsekkmetaforen vera motivert av konkrete erfaringar som er rimeleg allmenne: å gå på tur med tunge sekkar. For eit turfølgje som har fordelt proviant etc. mellom seg, er følgjande ordveksling nærast obligatorisk: – *Er sekken din for tung? – Nei, det går bra. – Er du sikker? Få kjenna* (lettar på sekken til den andre). Korleis kan ein formidla korleis det er å ha ein alvorleg depresjon til folk som ikkje sjølv har vore i ein slik tilstand? Ein kan freista å samanlikna det med noko som ein *veit* at den andre har opplevd (kjent på kroppen). Den som har bære ein for tung sekk, har hatt for mykje å handtera, han har opplevd å ikkje meistra det han forventa å skulla meistra, motkreftene har overstige hans eigne kraftressursar. Kanskje har han følt at han har svikta eigne og andre sine forventingar til kva han kunne klara, m.a.o. eit *nederlag*. Personen med psykiske lidingar nyttar noko kjent og konkret som kjeldedomene i håp om å vekka assosiasjonar og kjensler som kan bidra til forståinga av det abstrakte og intrapsykiske. Han har sett andre slita med tunge bærer, ev. letta på sekken til den andre for å kjenna på vekta, og konkludert med at dei må kjenna det same som han sjølv gjer i tilsvarende situasjon. Når det gjeld psykiske tilstandar, er det umogeleg å vita om termane denoterer det same for andre som det gjer for ein sjølv, ein kan ikkje dela opplevingane på same måten som ein kan byta ryggsekkar. Jamfør også den primærmetaforiske koplinga mellom vekt og viktighet.

### **6.3.3.7 Mani som mangel på bærer**

Den ukritiske åtferda og den auka fysiske og mentale aktiviteten til maniske er ofte omtalt som *hemningsløyse*: "Iblant kan det virke som om **alle hemninger er borte**." (K). Under ein mani er personen "i en tilstand av godt humør, **løftet** stemning, lykkefølelse, optimisme, selvtilfredshet, med selvoverturering og tilsvarende nedsatt selvkritikk." (K). Personen har "kasta" alle problem av seg og opplever dermed ei auka oppdrift. Dette viser seg i korleis han fører seg: "pasientens kroppsholdning er preget av selvsikkerhet og godt humør med rask, **fri** og bestemt gange. (...) Motorisk preges pasienten av stor *aktivitet* og rastløshet." (K). Når problema ikkje tyngjer eller hemmar lenger, vert det lettare å utfalda seg. Dette er ein EFFEKT FOR ÅRSÅK-metonymi, der det auka aktivitetsnivået ved mani vert nytta til å karakterisera manien sjølv. Vidare er dette blitt metaforisk utvida til å gradera manien. Eit alvorleg anfall av mani vert omtalt som *å fly*. I nettdiskusjonen finn vi to døme på dette (frå to ulike personar): "Jeg **landet** før det ble noe av dette, heldigvis." og "En gang jeg var euforisk så var jeg sikker på at jeg holdt på å få vinger, jeg skyndtet [sic] meg hjem for å speile meg.

Følte meg passe dum da jeg **landet**.” Merk korleis vrangførestellinga i det siste dømet samsvarer med metaforbruken til personen. Dette samsvarer med Lauveng sine erfaringar med å vera schizofren:

For meg var en konkret handling, selv en misforståelse, like meningsbærende som et utsagn, og også utsagn kunne jeg ofte misforstå. Jeg tolket metaforer konkret og konkrete ting metaforisk. (Lauveng 2005, s. 133–4)

Forskning indikerer at tankeforstyringar, vrangførestellingar og hallusinasjonar er meiningsberande:

(...) the choice of the particular delusional theme is caused by a complex interaction of factors such as age, gender, social situation (particularly social isolation and alienation) and so-called 'key experiences'. Prevailing problems for males and females in particular life periods, as well as the content of actual crises, reappear in the delusional themes (Kretschmer 1966; Musalek et al. 1989; Rümke 1951). (Musalek 2003, s.158).

At vrangførestellingane reflekterer personlege og samfunnsmessige forhold, kan vi sjå av dette sitatet frå Kringlen:

Før hadde depresjonen ofte et religiøst innslag. Pasienten mente å ha syndet mot den hellige ånd og så ingen mulighet for frelse. I dag med den økende sekularisering sees slike symptomer sjeldnere. (Kringlen 1997, s. 303)

#### **6.3.3.8 Psykisk lidning som behaldar**

Eit anna hyponym til AFFEKTIV LIDING ER FYSISK OBJEKT er AFFEKTIV LIDING ER EIN BEHALDAR, som i dette dømet: ”når pasienten er i sin **dypeste** depresjon” (K). Denne metaforen er koherent med omgrepsmetaforen TILSTAND ER PLASSERING, som har underkategorien TILSTAND ER PLASSERING I EIN BEHALDAR, jf. uttrykket ”å vera i ein tilstand”. Dersom ein tilstand vert omtalt som ein behaldar, gjev det konnotasjonar om at tilstanden er meir permanent. Å vera i ein behaldar inneber å vera lukka inne, med få utgangar. Djupna til behaldaren seier noko om kor vanskeleg det er og kor lang tid det ev. tek å komma seg ut av behaldaren. Ein kan også tenkja seg at dess *djupare* ein behaldar er, dess *mørkare* er han. Slik passar TRIST ER NED og TRIST ER MØRKT saman med AFFEKTIV LIDING ER EIN BEHALDAR.

Tabell 11: Affektiv lidning er fysiske objekt

Kjeldedomene	Måldomene	Funn i tekstane
<b>fysisk objekt</b>	<b>affektiv lidning</b>	
samansett av delar som kan identifiserast og teljast	kvalifiserande symptom, kjenneteikn	"For at vi skal kalle en tilstand en depresjon, må det være <b>en del symptomer</b> til stede." (R) "Men en rekke pasienter har både depressive og maniske symptomer samtidig." (K) "Man kan miste virkelighetsoppfattelsen, få <b>hallusinasjoner, vrangforestillinger, psykoser.</b> " (N)
vitskapeleg klassifisering av objektive fenomen	vitskapeleg klassifisering av intrasubjektive fenomen (ICD-10, DSM-IV)	"Hvilke former av depresjon <b>har</b> vi?" (R) "Både <b>ICD-10 og DSM-IV</b> har kategorier for enkeltepisoder av affektiv lidelse, så vel som kategorier for tilbakevendende (periodevise) episoder" (K) "Det blir spennende å se hva det nye <b>diagnosesystemet</b> gjør med bip-variantene." (N)
form	undertype, eksistens, manifestering	"Det er mange <b>former</b> for depresjon." (R) "betydelig angst i <b>form</b> av en indre uro" (K)
vekt	alvorlegheitsgrad	" <b>Lettere</b> depresjoner " (R) "Mange kan ha <b>lettere</b> maniske faser, såkalt hypomani." (K)
storleik		"Der kan depresjonen være ganske <b>stor</b> og alvorlig" (R)
plassering (her)	eksistens	"For at vi skal kalle en tilstand en depresjon, må det være en del symptomer <b>til stede.</b> " (R) " <b>tilbakevendende</b> (periodevise) episoder" (K)
samlokalisasjon med andre objekt	tilskrivning av symptom til tilstand	"Symptomene <b>ved</b> melankolien, som den dype depresjon kalles, er karakteristiske." (R) "I mer sjeldne tilfeller kan symptombildet ha et "psykopatisk" preg <b>med</b> verbale og fysiske angrep, spydige bemerkninger og trusler." (K) "depresjon <b>med</b> hypomani" (N)
utbreiing	(psykiatrisk) epidemiologi	"Lettere depresjoner er betydelig mer <b>utbredt.</b> " (R)
uforanderleg	vedvarande	" <b>stadig</b> depresjon" (K)

endring	einskilde/tilbakevendende episodar	"I en slik depressiv <b>fase</b> vil vedkommende ofte føle seg forlatt av Gud og mennesker" (R) "Enkelte pasienter blir i melankolsk <b>fase</b> svært pirkete" (K) "Har prøvd i årenes løp (...) å summere opp hvor mange <b>faser</b> det er i bipolar, men har gitt opp det." (N)
er synleg	eksisterer/hender, manifesterer seg	"uten <b>tegn</b> til noen psykisk lidelse." (R) " <b>klare</b> psykotiske symptomer." (K)
fenomen som kan vera løynde eller vanskelege å få auge på	uklare symptom	"Det er også tilfeller av depresjoner der de depressive symptomene ikke <b>viser seg</b> så godt, fordi vedkommende er opptatt av å lide av legemlige symptomer isteden." (R) "Andre vil <b>lete etter</b> paranoide ideer, hallusinose eller tankeforstyrrelser før psykosediagnosen stilles." (K) " <b>vage</b> vrangforestillinger" (N)
<b>bør</b>	<b>affektiv lidning</b>	"Vi låser oss i en depresjon fast i det <b>tunge</b> og triste" (R) "Det var litt den følelsen jeg har hatt etter å ha kastet av meg en <b>tung ryggsekk</b> som har hengt på ryggen en hel dag." (N)
<b>beholdar</b>	<b>psykopatologisk tilstand</b>	
innhald i behaldaren	symptom	"Vi låser oss <b>i</b> en depresjon fast <b>i</b> det tunge og triste" (R) "Sentralt <b>i</b> depresjonen står den deprimeretes lave selvfølelse." (K)
djupna til behaldaren	grad av depresjon	"når pasienten er i sin <b>dypeste</b> depresjon" (K) "den <b>dype</b> depresjonen" (N)
låst behaldar med innhald	løysing som er inherent i problemet	"En annen <b>nøkkelfaktor</b> i depresjonen er håpløshet." (K)

## 7 Oppsummerings- og konklusjonskapittelet

*der funna vert samanlikna og undersøkinga oppsummert. Her vert også funna vurderte i høve til forskingsspørsmåla og hypotesen frå innleiingskapittelet.*

### 7.1 Samanlikning av funna

Ikkje uventa er det i Kringlen sin tekst at vi finn den mest formelle og "vitskapelege" stilen: lange setningar, terminologibruk for dei innvigde og mange grammatiske metaforar. Han nyttar også ofte personifisering og ontologiske metaforar, og dermed fjernar han pasienten frå teksten, som her: "Aktiviteten tar sikte på å oppheve den indre spenningen" og "Iblant kan det virke som om alle hemningar er borte". Når ein les Kringlen sin tekst, får ein derfor kjensla av at ein ser pasienten utanfrå og ovanfrå. Kringlen har også ein meir direkte stil enn Retterstøl, eksemplifisert ved bruken av uttrykket "sondeforing": "I en slik depressiv stuportilstand kan det bli aktuelt med fullstendig pleie, blant annet sondeforing hvis ikke pasienten tar til seg næring." (Kringlen 1997, s. 319) Termen *fôring* er henta frå kjeldedomenet husdyrhald og gjev uheldige konnotasjonar. Han står i kontrast til dei meir nøytrale termene *sondeernæring* og *sondemating*, som er dei konvensjonelle (og ikkje-metaforiske) uttrykka for denne behandlinga. Dette *kan* vera uttrykk for menneskesynet til Kringlen, men mest sannsynleg er det ein glipp som stammar frå ein sjargong som kjem av behovet for å distansera seg frå det triste og tunge. Svart humor er ein overlevingsmekanisme i helsevesenet. Som Nietzsche sa det: "Vidd er et gravskrift over en emosjon." (Gane og Chan 1998, s. 154). Å le av noko er det same som å ufarleggjera det; ein *ler det vekk*. Kringlen nyttar også eufemismar i form av bruk av passiv og nominalisering (grammatiske metaforar), som også medfører distansering, jf. dømet om sjølv-mord i avsnitt 2.4.6.

Retterstøl er den som er mest politisk korrekt og språkmedviten. Agendaen hans er "å rive ned tabuer", som han sjølv uttrykkjer det på side 9 i *Menneskesinnets irrganger*. Han er truleg klar over at språket er eit viktig verkemiddel i dette arbeidet. Vi finn ingen blømande metaforikk hjå Retterstøl. Han nyttar konvensjonaliserte metaforar og bruker mykje *vi*, som i "Vi låser oss i en depresjon fast i det tunge og triste og lar oss vanskelig trøste." Dette fører til at lesaren får inntrykk av at han snakkar om menneske generelt, seg sjølv inkludert, og ikkje berre omtaler ei spesiell pasientgruppe. Retterstøl har pasienten i fokus og skildrar han "frå innsida", m.a.o. kva pasienten sjølv opplever og kjenner. Han nyttar konsekvent uttrykket *å ha ein sjukdom* i staden for *å vera sjuk*. Det metaforiske omgrepet 'å ha ein sjukdom' tykkjest å vera mindre stigmatiserande enn det ikkje-metaforiske 'å vera sjuk' (sjå drøfting i avsnitt 7.1.1). Dei to forfatarane har, etter teksten å dømma, ulikt syn på prognose. For å seia det med ein klisjé: Glaset er halvtomt for Kringlen, medan det for Retterstøl er halvfullt. Dei sit nok med det same talmaterialet (bøkene kom ut med eitt års mellomrom), men



presenterer det ulikt. Jamfør desse døma om høvesvis depresjon og mani for å sjå skilnaden mellom dei to forfattarane:

Man regner at vel halvparten av pasienter med depresjon vil få nye depressive episoder, og hver ny episode øker faren for tilbakefall, samtidig som den symptomfrie perioden mellom episodene ofte avtar. (Kringlen 1997, s. 322)

Den som rammes av en depresjon, ser gjerne alt håpløst og trøstesløst når depresjonen herjer. Det gir godt håp. Få lidelser er det mer takknemlig å behandle enn en depresjon. (...) Depresjonen kan gi grunnlag for utvikling videre, modning, vekst og trivsel. (...) Vi må også være klar over at (...) tilbakefall kan komme. (Retterstøl 1998, s. 107)

Det har vært vanlig å hevde etter Kraepelin at manisk-depressive pasienter har en god prognose og stort sett er symptomfri mellom sine faser. (...) etterundersøkelser basert på personlige intervju [viser] at mange pasienter langt fra er friske mellom sine faser. Mange utvikler seg i kronisk retning med søvnløshet, angst, tretthet og lettere depresjon, med langt fra optimal sosial fungering. (Kringlen 1997, s. 308)

For den alvorligste form, den manisk-depressive sinnslidelse, er forløpet også i store trekk gunstig. De aller fleste blir helt friske igjen, og kan fungere videre som før. (Retterstøl 1998, s. 107)

I nettdiskusjonen finn vi ein meir verdiladd, mindre politisk korrekt biletbuk, t.d. bruk av maskinmetaforen<sup>61</sup> og demonmetaforen. I tillegg samanliknar dei mani med tap av kontroll og det å fly, og depresjon med å kjenna seg død innvendig.<sup>62</sup> Dette kan dei tillata seg å gjera fordi dei snakkar om seg sjølv og sine personlege erfaringar. Personane i nettdiskusjonen framstår som lite sjølvhøgtidelege og har til dels kreativ og ukonvensjonell metaforbruk (på det språklege nivået). Fokuset er meir på den einskilde og hans spesielle opplevingar, men deltakarane i diskusjonen samanliknar seg også med kvarandre.

### 7.1.1 Å vera sjuk vs. å ha ein sjukdom

Som ein ekskurs av diskusjonen i avsnitt 6.2.6.2, *Psykisk tilstand som eigedom*, vil eg drøfta dei pragmatiske skilnadane mellom uttrykka *å vera sjuk* og *å ha ein sjukdom*. Hjå Kringlen og personane på nettdiskusjonen finn vi talemåtar der diagnosen eller symptomet vert nytta predikativt for å karakterisera personen. Ein tilskriv personen ein eigenskap. Merk skilnaden mellom *å vera psykotisk* og *å ha ein psykose*. *Å vera* noko gjev konnotasjonar om noko mykje meir kronisk og djupgripande enn *å ha* noko, ein eigedom som ein kan få eller mista/avhenda. I det første dømet er sjukdommen ein del av personen, i det andre eit separat vedheng. Tilstanden vert omtalt som ein gjenstand som personen eig. Denne metaforen kan kallast TILSKRIVING ER EIGEDOM. (Merk at predikative uttrykk som *å vera psykotisk* ikkje er metaforiske.)

I somatikken nyttar ein også diagnose eller symptom predikativt for å kategorisera pasientar, men helst i situasjonar der tilstanden er alvorleg eller omfattar heile lekamen, t.d. *å*

<sup>61</sup> Merk at på s. 307 hjå Kringlen finn vi setninga: "Pasienten går for halv **maskin** (...)."

<sup>62</sup> Det er sannsynleg at Kringlen sin metafor "følelsesanestesi" refererer til det same måldomenet som "død innvendig".

*vera komatøs, døydande, febril, dehydrert, underernært* etc. Derimot er det høgst uvanleg å seia at nokon er "klamydisk", "lårbeinsknekt" eller "øyrebetent".

Kringlen snakkar i tillegg om "manikeren" og "den deprimerede". Dette er metonymiske uttrykk baserte på omgrepsmetonymien DEL FOR HEILSKAP, der det mest påfallande ved personen vert nytta til å omtala heile mennesket. Tilstanden er blitt gjord til ein kategori, eit substantiv, noko som indikerer permanente eigenskapar. I helsevesenet er det ikkje uvanleg å nytta denne metonymien. Ein fokuserer på det som er årsaka til innlegginga. Dette kan ofte vera føremålstenleg. Kirurgen planlegg arbeidet sitt utifrå kva inngrep han skal gjera; ein dag har han t.d. to *appendektomiar* og ein *ileostomi* på lista si. Kva type inngrep det er snakk om, avgjer korleis han handsamar pasienten pre-, per- og postoperativt. I eit akuttmottak gjeld dette i endå større grad. Her kan dei t.d. snakka om at *ein hjartestans* eller *eit multitraume* er på veg i ambulanse. Alt fokus er på den livstruande skaden eller tilstanden.

At psykiatrane tek med seg denne språkpraksisen inn i psykiatrien, er gjerne ikkje heilt ulogisk. Like fullt er det ikkje uproblematisk. Det er ein vesentleg skilnad mellom somatisk og psykisk funksjonssvikt. Som den store kjeda indikerer (i Kövecses (2002, s. 127–34) si tolking, sjå vedlegg 1), vert sinnet oppfatta som eit abstrakt komplekst system, overordna mennesket. Sinnet styrer mennesket; det er "det eigentlege sjølvet". Denne tankegangen finn vi att i ymse religionar, der sjela har evig liv, og kroppen berre er eit jordisk hylster. Det at sinnet vert oppfatta som "det eigentlege mennesket", kan forklara kvifor det t.d. ikkje er det same å missa ein fot som å missa sjølvtiliten. Ein person som manglar eit bein vert framleis oppfatta som seg sjølv, medan personen som har mista trua på seg sjølv, kan bli omtalt på følgjande måtar: "Eg kjenner han ikkje att", "Han er ikkje seg sjølv/den same". Likeeins har ikkje personen med kompresjonsfraktur i ryggen problem i form av å bli stigmatisert, medan den som har hatt eit "samanbrot" i form av ein reaktiv psykose, vil kunna møte slike problem. Personen med somatisk sjukdom eller skade er den same personen sjølv om delar av kroppen ikkje fungerer som før. Personen med psykisk sjukdom eller skade har eit sinn (sjølv) som ikkje fungerer som før; derfor tykkjer folk det er vanskeleg å forholde seg til vedkommande. Dei ulike delane av kroppen har klart definerte funksjonar. Men ved psykiatriske tilstandar er det vanskeleg for omverda å avgjera kva for delar av sinnet som er "sjuke" vs. "friske", og det er ein tendens til at ein oppfattar heile mennesket som dysfunksjonelt. Sjå t.d. Lauveng (2005) og Rustand (2007). Jamfør også Andreassen (1997), som definerer psykiatri som vitskapen om sjukdommar som rammar "sjølve kjernen av eksistensen vår" (avsnitt 4.1).

Kringlen problematiserer sjølv denne språkbruken ved å omtala det som "sjargong og ikke riktig språkbruk" (1997, s. 34). Likevel førekjem det fleire gonger i tekstutdraget eg har sett på av nettopp Kringlen. Dette er interessant fordi Retterstøl sitt tekstutdrag er fritt for desse uttrykka. For å sjå om dette er eit særdrag ved den populærvitskapelege delen av

forfatterskapen hans, såg eg på kapittelet om affektive lidningar i læreboka i psykiatri der han er medforfattar (Malt, Retterstøl og Dahl 2003). Det er ikkje oppgjeve kven som har skriva kva for kapittel, men teksten om affektive lidningar er så lik på den i *Menneskesinnets irrganger*, at det truleg er hans verk. Heller ikkje lærebokteksten hans inneheld uttrykk som "er deprimert" eller "den deprimerte". Merk at mi utgåve av læreboka stammar frå 2003, medan den populærvitskapelege boka kom i 1998. Om Retterstøl alltid skreiv slik eller om den populærvitskapelege verksemda hans smitta over på den vitskapelege, er derfor ikkje godt å seia. I kapittelet om schizofreni i denne læreboka finn vi derimot uttrykk som "de schizofrene", truleg er det forfatta av éin av dei to andre. Både medforfattarane hans nyttar også slike uttrykk i ei anna bok eg har sett på, den populærvitskapelege boka *Den dypeste smerte* (Dahl, Heradstveit, Nilsen et al. 1994). Fleire andre psykiatriprofessorar som har bidrege til denne boka nyttar også liknande uttrykk, t.d. *utbrente mennesker, psykopaten, den anorektiske pasient, kverulanten, hypokonderen, paranoikere, demente*. Eit rask gjennomsyn av denne boka synte at av alle psykiatrane representerte i boka var det éin som omtaler psykiatriske diagnosar utelukkande som eigedommar i staden for som eigenskapar, og han skriv om schizofreni, ein av dei mest invalidiserande diagnosane innan psykiatrien. Dette tyder på at tendensen til å nytta slike uttrykk er idiosynkratisk heller enn knytt til diagnosekategori eller målgruppe for teksten. For å samanlikna ytterlegare såg eg på ei dansk lærebok i psykiatri frå 1994, *Klinisk psykiatri* (Hemmingsen, Parnas, Sørensen et al. 1994). Her finn vi også uttrykka *de schizofrene, den depressive*.

Vi ser at predikativ bruk av diagnosar kan vera meir problematisk i psykiatrien enn i somatikken. Å vera *dehydrert* vert oppfatta som ein mellombels tilstand, medan å vera *schizofren* vert oppfatta som ein permanent tilstand. Den aspektuelle sida av adjektivet er i ei mellomstilling i høve til substantivet, som skildrar permanente eigenskapar, og verbet, som skildrar forbigåande fenomen og prosessar. Adjektiv kan visa til både kortvarige og permanente eigenskapar, jf. td "ballen er våt" vs. "ballen er blå".

Her vil eg våga meg på ein liten spekulasjon. Vi ser at desse predikative uttrykka er i bruk hjå mange lærebokforfattarar i psykiatri, men ikkje hjå Retterstøl. Dette kan ha samband med at han var oppteken av å bryta ned fordommar, og dermed svært medviten på språkbruken sin. Når slike uttrykk vert nytta i lærebøker, vil det påverka dei som skal inn og verka i fagfeltet, m.a. allmennpraktikarar, psykologar og psykiatrar. Og sjansen er stor for at dei ikkje berre vert påverka språkleg, men også kognitivt, i form av tankegang, vurdering og haldningar. Dersom ein pasient får meldinga "du er bipolar", vil det kunna verka som ein sjølvoppfyllande profeti. Omgjevnadene og personen sjølv vil venta "bipolar åtferd", og tolka personen i den retninga. Å setja ein slik "merkelapp" på ein person inneber på ein måte at ein er ferdig med å vurdere han. Ein er ikkje lenger nyfiken på noko som ein har kategorisert. Det ukjende og uvisse er mykje meir spennande og interessant enn det opp-og-avgjorde. Det

kan føra til at ein overser ressursane til individet. Ingen vil venta varig betring eller at personen vert heilt frisk att. Det vert vanskeleg å ta personen på alvor, for ein lurar alltid på om det er "sjukdommen som snakkar". Alt kan verta tolka som symptom på den bipolare tilstanden. Det er dermed svært vanskeleg å overtyda omverda om at ein no er frisk att. Psykologen Arnhild Lauveng, som tidlegare var schizofrenipasient, har skildra dette slik:

De sa jeg var syk, og de sa at jeg aldri ville bli bra. Og det er det som er problemet. Jeg har flere ganger referert til studier som viser at ca. en tredjedel av pasientene med schizofreni blir friske, ca. en tredjedel kan leve bra med sine symptomer, og ca. en tredjedel vil være sterkt plaget av sykdommen hele livet. Til tross for dette er schizofreni fortsatt en boks som det ikke er mulig å komme seg ut og inn av; enten er du der, for evig, eller du har aldri vært der. Det irriterer meg. For det er ikke sant. Og det holder folk fanget i en forståelse av sitt liv som kan skade dem. Liv er utvikling. (Lauveng 2005, s. 194)

Val av talemåte påverkar også korleis pasienten sjølv oppfattar tilstanden sin. Grunnleggjaren av narrativ terapi, Michael White, hevdar følgjande:

Mange mennesker som ønsker å gå i terapi, tror at problemene de har i livet avspeiler deres egen identitet, eller andres identitet, eller at de avspeiler identiteten til de personlige forholdene de lever i. Denne typen forståelse former deres anstrengelser for å løse problemene, og dessverre fører disse anstrengelsene uten unntak til at problemene forverres. Og så tror folk enda fastere på at problemene de opplever, avspeiler visse "sannheter" om deres natur og vesen, om andres natur og vesen, eller om forholdenes natur og vesen. Kort sagt begynner folk å tro at problemene er innebygd i dem selv eller i de andre – at de selv eller de andre faktisk er problemet. (...) Innenfor behandlingsprofesjonene er det for eksempel ikke uvanlig at terapeuter refererer til en person som "forstyrret" eller "dysfunksjonell", og i kulturen som helhet er det ikke uvanlig at folk betrakter seg selv eller andre som "inkompetente" eller "inadekvate" av natur. (...) Når problemet blir en egen enhet, adskilt fra personen, og når folk ikke knuges av begrensede "sannheter" om sin egen identitet og negative "vissheter" om livet sitt, åpner det seg nye muligheter for å ta fatt på vanskelighetene de opplever. (White 2009, s. 14 og 28–9)

### **7.1.2 Affektiv lidning som kraft – kunstnarmyten**

Som ein ekskurs av diskusjonen i avsnitt 6.3.1 vil eg drøfta den andre sida av omgrepsmetaforen AFFEKTIV LIDING ER KRAFT, det ein kanskje kan kalla plussida. Eg innleier ekskursen med følgjande sitat frå Kringlen:

Psykiatere stiller ofte det tilsynelatende underlige spørsmål: Hva koster psykisk helse? Er det slik at de lettere tvangstrekk, de avgrensede interesser, den manglende fantasi som er karakteristisk for mange såkalte normale, er det man må betale for mental helse? Eller er det heller slik at dette er noen av betingelsene for psykisk helse? Er middels intelligens en forutsetning for stabilitet, men samtidig assosiert med mangel på skaperevne og ambisjon? (Kringlen 1997, s. 36)

Stemningslidingar er ofte assosierte med intellektuelle og kreative prestasjonar. Lista over kjende og talentfulle personar med bi- og unipolar liding er lang. Det vil føra alt for langt å gå grundig inn på emnet her, men eg vil visa m.a. til artikkelen *You don't have to be bipolar to be a genius – but it helps* (Laurance 2010) som er basert på forskingsfunn presenterte i (MacCabe, Lambe, Sham et al. 2010). Forskinga til MacCabe et al. viser at eksepsjonelle intellektuelle evner verkeleg er assosierte med bipolare tilstandar: ei studie av over 700 000 vaksne viste at dei som fekk toppkarakterar i 16-årsalderen hadde fire gonger større risiko for å utvikla bipolar liding enn dei med gjennomsnittskarakterar. Det motsette er tilfelle med schizofreni, der høge karakterar er assosierte med lågare risiko for utvikling av schizofrene tilstandar (MacCabe, Lambe, Sham et al. 2010).

Hypomani kan konseptualiserast som ei positiv kraft som skapar oppdrift, fart og auka rørsleevne, ei energikjelde: "et forhøyet stemningsleie med økt aktivitetstrang." (R), "Det psykiske tempoet er forøket" (K), "Man får økt energi, tusen tanker i hodet og ideer om alt man må gjøre, mindre søvnbehov og mindre behov for å spise (...) Så sviver det på høygir" (N) Forskarane skildrar det slik:

Bipolar disorder is associated with several cognitive styles that could also be related to creativity or scholastic achievement. First, people with hypomania have apparently enhanced access to vocabulary, memory and other cognitive resources, with successive ideas being linked in innovative ways, and individuals in this mental state can often be witty and inventive. Second, people with bipolar disorder often show exaggerated emotional responses, which may facilitate their talent in art, music and literature. Third, individuals with hypomania often have extraordinary stamina, and a tireless capacity for sustained concentration. Any or all of these cognitive styles or a predisposition to hypomanic mental states, may facilitate high levels of performance in creative school subjects, but also predispose to bipolar disorder. Indeed, it has been observed that the creative output of individuals with bipolar disorder frequently coincides with periods of hypomania. (MacCabe, Lambe, Sham et al. 2010, s. 114), s. 114

Merk at dei positive bieffektane av bipolar liding gjeld *hypomani*. Mani refererer til ein tilstand der personen tvert om har vanskeleg for å konsentrera seg om intellektuelt arbeid (Kringlen 1997, s. 302), og har nedsett dømmekraft og kontakt med røynda. Skilnaden mellom mani og hypomani er dermed kvalitativ så vel som kvantitativ, sjølv om det i språket vert handsama som om skilnaden utelukkande er kvantitativ. Mani er altså ikkje det same som "auka hypomani", sjølv om prefikset *hypo-* i den språklege konstruksjonen *hypomani* indikerer det.

## 7.2 Oppsummering av undersøkinga

Metaforar finst i rik mon i alle tekstane eg har analysert, og dei har svært varierte kjeldedomene. Sinnet er omtalt som fleire individ, kroppen og eit fysisk objekt. Affektive lidingar er omtalte som krefter, individ og fysiske objekt. Desse kjeldedomena omfattar mange former for fysisk eksistens; det som "manglar" i desse tekstane er kjeldedomene utan

klar avgrensing, som t.d. stråling, stoff, væsker og gassar. Disse domena kan også bli brukte metaforisk om psykiske tilstandar, jf. similen til Styron i avsnitt 4.1.1, der han samanliknar depresjon med å drukna eller å bli kvelt. Ei plausibel tolking av desse similane er at depresjon er høvesvis ei væske og ein gass.

Biletleg språk finst altså overalt i tekstane. Mange av metaforane er konvensjonelle og kan ikkje utan vidare erstattast med ikkje-metaforiske uttrykk. Grunnen til det er at det aldri har funnest noko anna uttrykk for måldomenet; metaforene har fylt ulike hòl i språket.

Det kan diskuteras om alle tilordningane er like metaforiske; særleg gjeld dette dei som stammar frå SINNET ER KROPPEN. Tilordningane som høyrer inn under denne omgrepsmetaforen, ser ut til å vera meir primærmetaforiske og metonymiske enn metaforiske i vanleg forstand, eller med andre ord: Metaforisiteten er svak. Eg har vist fleire døme på kor komplisert samspelet og vekselverknaden mellom kropp og sinn er, og det er derfor ikkje overraskande at SINNET ER KROPPEN er blant dei mest nytta omgrepsmetaforane i tekstane. Som t.d. Lakoff og Johnson slår fast i boka *Philosophy in the Flesh* (1999), har sinnet ein kroppsleg basis. Den kartesiske dualismen vert meir og meir tilbakevist.

Eg har analysert nokre få sider av kvar tekst, og berre tre tekstar. At eg ikkje fann døme baserte på alle omgrepsmetaforane i alle tekstane, kan dermed vera tilfeldig. Det er meir påfallande at eg fann døme frå så mange ulike omgrepsmetaforar på dei få sidene, og at skilnaden mellom tekstane er såpass liten. Dette kjem truleg av at sinnet er så abstrakt og komplisert, og at dei ulike metaforane gjer det mogeleg å fokusera på ulike sider av det. Direkte nedsetjande språklege eller konseptuelle metaforar er ikkje nytta i tekstutdraga til psykiatarane, noko som ikkje er overraskande. Eg har funne eit døme på ein slik i kapitlet om affektive lidningar hjå Kringlen (*sondefôring*), men ikkje i det analyserte tekstutdraget. I nettdiskusjonen finn vi uttrykk som "ubrukeleg", men dei som nyttar slike uttrykk skildrar seg sjølv.

Eg fann fort ut at eg måtte analysera heile setningsledd/setningar, då metaforar ikkje avgrensar seg til einskildord. Setningane inneheld ofte fleire metaforar innbakte i kvarandre, og analysen vart derfor fort kompleks. Eg meiner å ha nytta den metoden som fangar opp mest mogeleg metaforar i tekstane, noko som var målet mitt for analysen. Ved hjelp av dei to metaforsystema (vedlegg 1) kunne eg sortera og systematisera dei ulike uttrykka eg fann.

### 7.3 Konklusjon

Eg meiner å ha vist i oppgåva mi at det ikkje er mogeleg å snakka om psykiske lidningar utan bruk av metaforar og biletleg språk, korkje for fagfolk eller lekfolk. Det er ikkje vesentlege skilnader på omgrepsmetaforplanet i tekstane, berre på det språklege planet (stilistisk). Psykiatrar har andre, mindre verdiladde måtar å seia det same som lekfolk på: *tap av*

*kontroll/mangel på bremsar* er i fagfolka sin sjargong *mangel på hemningar, å fly er løfta stemning, ubrukeleg er fungerer ikkje i vanlege roller, svak er sårbar* osv. Hypotesen min er dermed stadfesta: Fagfolk bruker mange av dei same omgrepsmetaforane som folk flest, sjølv om somme av dei språklege uttrykka for metaforane er ulike. Psykiatrien sin terminologi er gjennomsyra av biletleg språk. Funna mine kan tolkast som ei stadfesting av OMT generelt og Grady sin teori om primære metaforar spesielt. Grady hevdar at intrasubjektive erfaringar vert konseptualiserte ved hjelp av sensorisk-perseptuelle erfaringar fordi dei typisk hender samstundes og dermed utgjer subscener i primære erfaringar. Ytre, konkrete erfaringar vert altså nytta som kjeldedomene for psykiske erfaringar. Dette gjeld for normale så vel som patologiske erfaringar. Ifølgje m.a. Kövecses (Kövecses 2000) vert emosjonar konseptualiserte som både individ, krefter, objekt, bærer og kroppslege erfaringar, for å nemna noko. Vi ser dermed at det ikkje er nokon distinkt skilnad mellom metaforbruken om emosjonelle vs. psykopatologiske opplevingar, dei same kjeldedomene vert nytta for begge kategoriane.

Ikkje alle metaforuttrykka eg har identifisert i tekstane, er like heldige, tvert om. Det er bruk for meir fokus på språkbruk i og om psykiatri, jf. t.d. placebo- og noceboeffekten og stigmatiseringsproblematikken i høve til pasientane. Behandlingsforma narrativ terapi er eit prov på at språkbruk har psykiske og kognitive konsekvensar.

Eg har vist at språket er med på å forma opplevinga vår av omverda, og at våre erfaringar med omverda legg grunnlaget for organiseringa av språket. Biletleg språk, lik språk generelt, er ein refleksjon av det samla kognitive systemet, med dei avgrensingar dette medfører i form av korleis persepsjonen vår fungerer, som t.d. gestaltfenomena. Resultata mine kan dermed sjåast som ei støtte for Lakoff og Johnson sitt syn: "Vi forstår virkeligheten gjennom metaforer." (Lakoff og Johnson 2003, omslag)

For å eksemplifisera dette vil eg visa til to sitat av Shakespeare. Det første er ein monolog av Lady Macbeth, som utviklar vaskemani etter mordet på kong Duncan: "Out, damned spot! out I say! (...) Here's the smell of blood still: all the perfumes of Arabia will not sweeten this little hand. Oh! oh! oh! (Shakespeare, s. 936–7) Forsking viser at konkrete handlingar som handvask kan ha psykologisk effekt, og støttar dermed opp under det synet at sinnet er kroppsleggjort: "Threats to moral purity activate a need for physical cleansing, which can assuage moral emotions and reduce direct compensatory behaviors." (Zhong og Liljenquist 2006, s. 1452) og " (...) in the context of morality, purity is not just a metaphor" (Schnall, Benton og Harvey 2008, s. 1222).

Det andre Shakespeare-sitatet er ein monolog frå Julie:

'Tis but thy name that is my enemy;  
Thou art thyself though, not a Montague.  
What's Montague? it is nor hand, nor foot,

Nor arm, nor face, nor any other part  
Belonging to a man. O! be some other name:  
What's in a name? that which we call a rose  
By any other name would smell as sweet;  
So Romeo would, were he not Romeo call'd,  
Retain that dear perfection which he owes  
Without that title. Romeo, doff thy name;  
And for that name, which is no part of thee,  
Take all myself. (Shakespeare, s. 835)

I monologen vert det peikt på at ein term ikkje er inherent i det som termen denoterer. Eg viser til avsnitt 3.1, der eg siterer Berger og Luckmann på at vi vert primærsosialiserte til å oppfatta språket som inherent i naturen til tinga. Det som vi kallar ei rose, vil det lukta nett like godt same kva vi kallar det? Namnet til ein ting påverkar vårt syn på tingen. Ville t.d. rosa ha lukta like godt *i vår oppfatning* dersom ho vart kalla *ugras*? Denne sterke koplinga mellom namnet til tingen og oppfatninga av tingen i seg sjølv er grunnen til at ein utfører såkalla blindtestar. Jamfør også dette dømet, ein monolog frå minister Hacker om EU-standardisering av matvarer, henta frå *Yes, Prime Minister*. (I dømet vert det også spelt på omgrepsmetaforane IDEAR ER MAT, Å AKSEPTERA ER Å SVELGJA osv.):

Of course, they can't actually stop us eating the British sausage. But they can stop us calling it a sausage. It seems that it's got to be called the Emulsified High-Fat Offal Tube. And I was forced to swallow it. I mean, it is a perfectly accurate description of the thing, but not awfully appetising. And it doesn't exactly trip lightly off the tongue. It sticks in the throat, as a matter of fact. (Lynn og Jay 2005, s. 11)

På førehand var eg i tvil om Kringlen sin tekst eigna seg for metaforanalyse, pga. ein tilsynelatande mangel på metaforar. Nærlesing av teksten viste at dette var langt frå sanninga. Eg tolkar dette som teikn på at konvensjonaliserte metaforar opererer "under radaren", dvs. umedvite: Eg la ikkje merke til dei. Det kan tyda på at dei har fått karakter som "sanningar". Sjå sitat av Nietzsche på første sida, der sanning vert definert som konvensjonelle metaforar.

Det eg ikkje kan avgjera, er om omgrepsmetaforane er aktive i sinnet til språkbrukaren eller om dei er innlærte, konvensjonelle uttrykk som ikkje aktiverer nokon koplingar mellom ulike domene. Det er viktig å presisera at det å nytta døde metaforar kan vera eit spørsmål om konvensjon så vel som kognisjon i det daglege. Eg slår fast at biletleg språk er motivert av slike koplingar, men det kan gjelda mest språkhistorisk og ikkje nødvendigvis for kvart individ. Samstundes har vi dei primære metaforane, som er tilnærma allmenne. Og dersom metaforane er så konvensjonelle at vi ikkje legg merke til dei, er det ikkje då mogeleg at dei vert tekne for sanningar?

Biletleg språk er motivert av kroppsleggjering og er innbyrdes koherent. I tillegg kan døde metaforar alltid vekkjast til live att; sjølv dei eldste klisjeane kan bli som nye. Som døme kan eg nemna det britiske tv-programmet *TopGear* som har ein eigen såkalla *Cool*



*Wall* for bilar. Her reaktiverer programleiarane det metaforiske ved uttrykket *cool* ('kjøleg') ved å ha ein eigen seksjon på vegggen som dei kallar *subzero*, for dei bilmerka som er ekstra "cool" og ved å ha ein eigen minifrysar til bilmerket *Aston Martin*, som er rekna for det bilmerket som er aller mest "cool".

Oppgåva mi har eit kvalitativt fokus. Det kunne på bakgrunn av funna mine ha vore interessant å gjera ein kvantitativ studie av metaforbruk om psykiatri, ved hjelp av korpussøk, for å sjå kva slags metaforar som er mest og minst brukte.

Eg tok ikkje med kasusskildringar i analysen, fordi det fall utanfor problemstillinga, som gjaldt metaforar om psykopatologi generelt, ikkje individuelle manifestasjonar av psykopatologi. Men dette vil slett ikkje seia at det ikkje hadde vore interessant å sjå på slike kasusskildringar i eit eige prosjekt med liknande kvalitativt og samanliknande fokus. Korleis samanfattar (ulike) psykiatrar menneske sine "lidingshistorier" m.o.t. ordbruk, vinkling osv.? Og korleis er forholdet mellom psykiatrane si kasusskildring og pasientane si eiga framstilling? Johannisson (2010, s. 252) viser til Robert Musil, som i *Mannen uten egenskaper* skreiv:

Har man ikke registrert at opplevelsene har gjort seg uavhengige av menneskene? De har gått til scenen, inn i bøkene, inn i beretningene fra forskningssentre og forskningsreiser, inn i ideologiske og religiøse samfunn, som fremmer bestemte former for opplevelse på bekostning av andre, likesom et sosialt eksperiment, og dersom opplevelsene ikke direkte utspringer av arbeidet, ligger de simpelthen i luften; hvem kan vel i dag påstå at hans sinne virkelig er hans sinne, når så mange mennesker blander seg inn i samtalen og forstår seg bedre på det enn han? (Musil 2001, s. 135)

## 8 Litteraturlista

Aaslestad, P. (1997). Pasienten som tekst: fortellerrollen i psykiatriske journaler : Gaustad 1890-1990. [Oslo], Tano Aschehoug.

Alexander, F. og S. T. Selesnick (1966). The history of psychiatry: an evaluation of psychiatric thought and practice from prehistoric times to the present. New York, Harper & Row.

Andreasen, N. C. (1997). "What is Psychiatry?" American Journal of Psychiatry **154**(5): 591-593.

Appignanesi, R. og O. Zarate (1996). Freud for begynnere. [Oslo], Bracan forl.

Barcelona, A. (2002). Clarifying and applying the notions of metaphor and metonymy within cognitive linguistics. Metaphor and metonymy in comparison and contrast. R. Dirven og R. Pörings. Berlin, Mouton de Gruyter.

Barcelona, A. (2003). Introduction. The cognitive theory of metaphor and metonymy. Metaphor and metonymy at the crossroads. A cognitive perspective. A. Barcelona. Berlin, Mouton de Gruyter.

Barcelona, A., Ed. (2003). Metaphor and metonymy at the crossroads. Berlin, Mouton de Gruyter.

Barcelona, A. (2003). On the plausibility of claiming a metonymic motivation for conceptual metaphor. Metaphor and metonymy at the crossroads A cognitive perspective. A. Barcelona. Berlin, Mouton de Gruyter.

Barrett, L. F., M. Lewis og J. M. Haviland-Jones (2008). Handbook of emotions. New York, Guilford Press.

Benson, N. C. (1999). Psykologi for begynnere. [Oslo], Spektrum forl.

Berger, P. L. og T. Luckmann (2000). Den samfunnsskapede virkelighet. Bergen, Fagbokforl.

Berulfsen, B. og D. Gundersen (2003). Fremmedord for alle. oslo, Kunnskapsforlaget.

Bjorvand, H. og F. O. Lindeman (2007). Våre arveord: etymologisk ordbok. [Oslo], Novus.

Bratlund, B. (2010). Besatt av demoner. Oslo, Spartacus.

Brodersen, R. B., F. Bråten, A. Reiersgaard, et al. (2007). Tekstens autoritet: tekstanalyse og skrivning i akademia. Oslo, Universitetsforl.

Cameron, L. (2003). Metaphor in educational discourse. London, Continuum.

Chilton, P. (1995). Security metaphors: cold war discourse from containment to common house. New York, P. Lang.

Croft, W. og D. A. Cruse (2004). Cognitive linguistics. New York, Cambridge University Press.

Cullberg, J. (1999). Dynamisk psykiatri i teori og praksis. [Oslo], Tano Aschehoug.  
4. oppl. 2006 med 13-sifret ISBN

- Dahl, A. A., P. Ø. Heradstveit, H. A. Nilsen, et al. (1994). Den Dypeste smerte: en bruksbok om psykiatri. Oslo, Universitetsforl.  
Retterstøl-bibliografi: s. 219-222
- Darian, S. G. (2003). Understanding the language of science. Austin, University of Texas Press.
- Ekman, P. L., Robert W.; Friesen, Wallace V. (1983). "Autonomic nervous system activity distinguishes among emotions."  
." Science **Vol 221**((4616)): 1208-1210.
- Eriksen, T. B. (2000). Nietzsche og det moderne. Oslo, Universitetsforl.  
2. utg. er optrykk av 1.utg.
- Evans, V. og M. Green (2006). Cognitive linguistics: an introduction. Edinburgh, Edinburgh University Press.
- Feer, H. (1987). Die Sprache der Psychiatrie: eine linguistische Untersuchung. Berlin.
- Fløttum, K., T. Dahl og T. Kinn (2006). Academic voices: across languages and disciplines. Amsterdam, J. Benjamins Pub. Co.
- Foucault, M., M. Chrom Jacobsen og A. Fogh Jensen (2003). Galskabens historie i den klassiske periode. Fredriksberg, Det Lille forlag.  
Oversatt etter: [3sieme. ed.] - Paris : Gallimard, 1976.-(Collection Tel ; 9)  
Fransk originalutg.: Paris : Plon, 1961.- (Civilisations d'hier et d'aujourd'hui) med undertittelen: Folie et déraison  
Uten forfatterens svar på Derridas kritikk fra første nyutgave: Paris : Gallimard, 1972. - (Bibliothèque des histoires; 8)
- Fulford, K. W. M., T. Thornton og G. Graham (2006). Oxford textbook of philosophy and psychiatry. New York, Oxford University Press.
- Føllesdal, D. (2002). Argumentasjonsteori, språk og vitenskapsfilosofi. Oslo, Universitetsforl.
- Gane, L. og K. Chan (1998). Nietzsche for begynnere. [Oslo], Bracon forl.
- Gibbs, R. W. (1994). The poetics of mind: figurative thought, language, and understanding. Cambridge, Cambridge University Press.
- Goatly, A. (1997). The language of metaphors. London, Routledge.
- Grady, J. og C. Johnson (2003). Converging evidence for the notions of subscene and primary scene. Metaphor and Metonymy in Comparison and Contrast. R. Dirven og R. Pörings. Berlin, Mouton de Gruyter.
- Gregory, R. L. (1998). Eye and brain: the psychology of seeing. Oxford, Oxford University Press.
- Günter Radden, K.-M. K., Thomas Berg, Peter Siemund (2007). The construction of meaning in language. Aspects of Meaning Construction. G. E. K. Radden, Klaus-Michael (Editor); Berg, Thomas (Editor). Amsterdam, John Benjamins Publishing Company.
- Halliday, M. A. K. (2004). An introduction to functional grammar. London, Arnold.

- Hanks, P. (2006). Metaphoricity is gradable. Trends in Linguistics, Studies and Monographs : Corpus-Based Approaches to Metaphor and Metonymy. A. E. G. Stefanowitsch, Stefan Thomas (Editor). Berlin, Mouton de Gruyter (A Division of Walter de Gruyter & Co. KG Publishers).
- Heine, B. (1997). Cognitive foundations of grammar. New York, Oxford University Press.
- Heine, B., U. Claudi og F. Hünemeyer (1991). Grammaticalization: a conceptual framework. Chicago, University of Chicago Press.
- Hemmingsen, R., J. Parnas, T. Sørensen, et al. (1994). Klinisk psykiatri. København, Munksgaard.
- Hergenhahn, B. R. (2001). An introduction to the history of psychology. Belmont, Calif., Wadsworth Thomson Learning.
- Hornblower, S. og A. Spawforth (1997). "The Oxford classical dictionary."
- Johannisson, K. (2010). Melankolske rom: om angst, lede og sårbarhet gjennom tidene. [Oslo], Cappelen Damm.
- Jostmann, N. B., D. Lakens og T. W. Schubert (2009). Weight as an Embodiment of Importance. Psychological Science, SAGE. **20**: 1169–1174.
- Kendell, R. E. (1975). The role of diagnosis in psychiatry. Oxford, Blackwell Scientific Publications ; Philadelphia : distributed by J. B. Lippincott Co.
- Kjos, S. A. (2008). Helt alminnelig galskap: en oppslagsbok over psykiske lidelser. Oslo, Gyldendal akademisk.
- Knudsen, S. (2003). "Scientific metaphors going public." Journal of Pragmatics **35**(8): 1247-1263.
- Kraus, A. (2003). How can the phenomenological–anthropological approach contribute to diagnosis and classification in psychiatry? Nature and narrative. B. Fulford, K. Morris, J. Sadler og G. Stanghellini. Oxford, Oxford University press.
- Kringlen, E. (1997). Psykiatri. Oslo, Universitetsforl.
- Kristeva, J. (1994). Svart sol: depresjon og melankoli. [Oslo], Pax.
- Kövecses (2002). Metaphor A practical introduction, Oxford University Press.
- Kövecses, Z. (2000). Metaphor and emotion: language, culture and body in human feeling. Cambridge, Cambridge University Press.
- Laird, J. D. og W. F. Flack (1998). Emotions in psychopathology: theory and research. New York, Oxford University Press.
- Lakoff, A. (2005). Pharmaceutical reason: knowledge and value in global psychiatry. Cambridge, Cambridge University Press.
- Lakoff, G. (1987). Women, fire, and dangerous things: what categories reveal about the mind. Chicago, Ill., University of Chicago Press.

Lakoff, G., J. Espenson og A. Schwartz (1991) Master Metaphor List second draft copy. **2010**,

Lakoff, G. og M. Johnson (1980). Metaphors we live by. Chicago, University of Chicago Press.

Lakoff, G. og M. Johnson (1999). Philosophy in the flesh: the embodied mind and its challenge to Western thought. New York, Basic Books.

Lakoff, G. og M. Johnson (2003). Hverdagslivets metaforer: fornuft, følelser og menneskehjernen. Oslo, Pax.

Laurance, J. (2010) You don't have to be bipolar to be a genius – but it helps. The Independent.co.uk

Lauveng, A. (2005). I morgen var jeg alltid en løve. Oslo, Cappelen.

Leary, D. E. (1990). Metaphors in the history of psychology. Cambridge, Cambridge University Press.

Levenson, R. W., P. Ekman, K. Heider, et al. (1992). "Emotion and autonomic nervous system activity in the Minangkabau of West Sumatra." Journal of Personality and Social Psychology **62**: 972–988.

Liljenquist, K., C.-B. Zhong og A. D. Galinsky (2010). "The Smell of Virtue: Clean Scents Promote Reciprocity and Charity." Psychological Science **21**(3): 381–383.

Lynn, J. og A. Jay (2005). The complete Yes Prime Minister. London, BBC Books.

Lynn, J. og A. Jay (2006). The complete yes minister. London, BBC Books.

MacCabe, J., M. Lambe, P. C. Sham, et al. (2010). "Excellent school performance at age 16 and risk of adult bipolar disorder: national cohort study." The British Journal of Psychiatry(196): 109–115n.

Malt, U. F. (1994). Depresjon – den vanligste smerten. Den dypeste smerte – En bruksbok om psykiatri. A. A. Dahl, P. Ø. Heradstveit og H. A. Nilsen. Oslo, Universitetsforlaget: 30–39.

Malt, U. F., N. Retterstøl og A. A. Dahl (2003). Lærebok i psykiatri. Oslo, Gyldendal akademisk.  
4. oppl. 2006 med både 10- og 13-sifret ISBN

Matthews, E. (2003). How can a mind be sick? Nature and narrative. B. Fulford, K. Morris, J. Sadler og G. Stanghellini. Oxford, Oxford University Press.

Murray, C. J. L. og A. D. Lopez (1997 a). "Global mortality, disability, and the contribution of risk factors: Global Burden of Disease Study." The Lancet **349**(9063): 1436-1442.

Murray, C. J. L. og A. D. Lopez (1997 b). "Alternative projections of mortality and disability by cause 1990-2020: Global Burden of Disease Study." The Lancet **349**(9064): 1498-1504.

Musalek, M. (2003). Meaning and causes of delusions. Nature and narrative. B. Fulford, K. Morris, J. Sadler og G. Stanghellini. Oxford, Oxford University Press.

- Musil, R. (2001). Mannen uten egenskaper. [Oslo], De norske bokklubbene.
- Nietzsche, F. (2001). Om sannhet og løgn i en utenommoralsk forstand. Hermeneutisk lesebok. S. Lægred og T. Skorgen. Oslo, Spartacus Forlag AS.
- Norman, J., Ed. (2001). Neuros och psykos: småskrifter. Samlade skrifter. Stockholm, Natur och kultur.
- Ortony, A. (1994). Metaphor, language and thought. Metaphor and thought. A. Ortony. Cambridge, Cambridge University Press.
- Popper, K. R. (1979). Objective knowledge: an evolutionary approach. Oxford, Clarendon Press.
- Rainville, P., A. Bechara, N. Naqvi, et al. (2006). "Basic emotions are associated with distinct patterns of cardiorespiratory activity." International Journal of Psychophysiology **61**(1): 5-18.
- Reddy, M. (1993). The conduit metaphor: A case of frame conflict in our language about language. Metaphor and thought. A. Ortony. Cambridge, Cambridge University press.
- Retterstøl, N. (1998). Menneskesinnets irrganger: psykiske lidelser i et moderne samfunn. [Oslo], Millennium.
- Rienecker, L., P. Stray Jørgensen, L. Hedelund, et al. (2006). Den gode oppgaven: håndbok i oppgaveskriving på universitet og høyskole. Bergen, Fagbokforl.
- Rustand, B. (2007). Psykiatriens samfunn. Oslo, Universitetsforl.
- Sáenz, F. S. (2000). "Halliday's grammatical metaphor, conceptualization and linguistic construal." EPOS XVI: 497-511.
- Sanne, B., A. A. Dahl og G. S. Tell (2001). "Depresjon – samfunnsøkonomiske perspektiver." Tidsskrift for den norske legeforening **121**(5): 590–596.
- Schatzberg, A. F., D. J. Stein og D. J. Kupfer (2006). The American Psychiatric Publishing textbook of mood disorders. Washington, DC, American Psychiatric Pub.
- Schnall, S., J. Benton og S. Harvey (2008). "With a Clean Conscience: Cleanliness Reduces the Severity of Moral Judgments." Psychological Science **19**(12): 1219–1222.
- Schwebs, T. (1994). Skjermtekster: skriftkulturen og den elektroniske informasjonsteknologien. Oslo, Universitetsforl.
- Schweder, R. A., J. Haidt, R. Horton, et al. (2008). The Cultural Psychology of the Emotions Handbook of Emotions. M. Lewis, J. M. Haviland-Jones og L. F. Barrett. New York, The Guilford Press.
- Shakespeare, W. Macbeth. The complete works of William Shakespeare. W. J. Craig. London, Henry Pordes.
- Shakespeare, W. Romeo and Juliet. The complete works of William Shakespeare. W. J. Craig. London, Henry Pordes.
- Sherman, G. D. og G. L. Clore (2009). "The Color of Sin: White and Black Are Perceptual Symbols of Moral Purity and Pollution." Psychological Science **20**(8): 1019–1025.

- Solomon, A. (2004). Mørke midt på dagen: en bok om depresjon. [Oslo], Gyldendal.
- Soyland, A. J. (1994). Psychology as metaphor. London, Sage.
- St. Clair, R. N. (2002). The major metaphors of European thought: growth, game, language, drama, machine, time and space. Lewiston, N.Y., Edwin Mellen Press.
- Steen, G. (2007). Finding metaphor in grammar and usage: a methodological analysis of theory and research. Amsterdam, John Benjamins Pub.
- Stefanowitsch, A. (2006). Words and their metaphors: A corpus-based approach. Trends in Linguistics, Studies and Monographs : Corpus-Based Approaches to Metaphor and Metonymy. A. E. G. Stefanowitsch, Stefan Thomas (Editor). Berlin, Mouton de Gruyter (A Division of Walter de Gruyter & Co. KG Publishers).
- Stevenson, A. og C. Soanes (2003). Oxford dictionary of English. Oxford, Oxford University Press.
- Styron, W. (1991). Synlig mørke: erindringer om en depresjon. [Oslo], Aschehoug.
- Szasz, T. (1993). A lexicon of lunacy: metaphoric malady, moral responsibility, and psychiatry. New Brunswick, N.J., Transaction Publishers.
- Talmy, L. (2000). Toward a cognitive semantics. Cambridge, Mass., MIT Press.
- Tunstad, H. J. (2010). "Lærevansker sitter i øyet." Gemini **2010**(2): 7.
- Vinje, E. (1993). Tekst og tolking: innføring i litterær analyse. [Oslo], Ad Notam Gyldendal.
- White, M. (2009). Kart over narrativ praksis. Oslo, Pax.
- Zajonc, R. B., S. T. Murphy og M. Inglehart (1989). "Feeling and Facial Efference: Implications of the Vascular Theory of Emotion." Psychological Review **96**(3): 395–416.
- Zhong, C.-B. og G. J. Leonardelli (2008). "Cold and Lonely: Does Social Exclusion Literally Feel Cold?" Psychological Science **19**(9): 838–842.
- Zhong, C.-B. og K. Liljenquist (2006). "Washing Away Your Sins: Threatened Morality and Physical Cleansing." Science **313**(5792): 1451–1452.

## Vedlegg 1: Dei to store metaforsystema

Dei to store metaforsystema, som skildra i Kövecses (2002, kap. 10).

### The Great Chain of Being ("den store lenkja")

Hierarki av entitetar der entitetane vert forståtte ut frå andre entitetar høgare eller lågare i systemet. Byggjer på den ontologiske metaforen ABSTRAKT EKSISTENS ER KONKRET EKSISTENS.

Gud	
universet	
samfunnet/ abstrakte komplekse system	Ifølgje Kövecses høyrer 'sinnet' til her. Dei sentrale kjelde- og måldomena på dette nivået er: menneskekroppen for 'tilstand' bygning for 'stabilitet' maskin for 'funksjon' plante for 'utvikling'
mennesket	
dyr	
planter	
komplekse objekt	
naturlege fysiske objekt	

### The Event Structure Metaphor ("hendingsstruktursystemet")

Byggjer på omgrepsmetaforen ABSTRAKTE HENDINGAR/TILSTANDESENDINGAR ER KONKRETE HENDINGAR/TILSTANDESENDINGAR. Einvegssystem frå det konkrete til det abstrakte.

KJELDEDOMENE	MÅLDOMENE
reise	aktivitet
store objekt i rørsle	eksterne hendingar
reiserute-/tider	framsteg
hindringar	vanskar
stig/veg	middel/metode
destinasjon/reisemål	mål
sjølvgåande rørsle	handling
kraft	årsak
rørsle	ending
stad/plassering	tilstand



## Vedlegg 2: Analyseutdraget frå nettdiskusjonen

Skriv ut side - Hva er bipolar lidelse?

Side 1 av 7

### Bipolarforeningen

**Bipolar lidelse => Åpen post => Emne startet av: Alv på mars 13, 2010, 15:15**

Tittel: **Hva er bipolar lidelse?**

Skrevet av: **Alv på mars 13, 2010, 15:15**

([http://s1.hubimg.com/u/718772\\_f248.jpg](http://s1.hubimg.com/u/718772_f248.jpg))

